# Årsbudsjett 2024

# Økonomiplan 2024-2027



POLITISK HANDSAMING:

| | | |
|---|---|---|
| Formannskap | 30.11.23 | sak 99/23 |
| Eldreråd | 05.12.23 | sak 14/23 |
| RFUN | 05.12.23 | sak 08/23 |
| Ungdomsråd | 11.12.23 | sak 10/23 |
| | | |
| Offentleg ettersyn | 01.12.23 – 17.12.23 | |
| Kommunestyre | 18.12.23 | sak 87/23 |

## Innhald

**DEL A. Vedtak K.sak 87/23 ... 4**

**DEL B. Årsbudsjett 2024 Økonomiplan 2024-2027 m/vedlegg ... 6**

**1. Lovheimel for budsjett og økonomiplan ... 6**
**2. Innleiing ... 8**
**3. Kommuneplan, handlingdel i samfunnsplan ... 9**
**4. Budsjettarbeidet ... 10**
**5. Finansielle måltal ... 10**
5.1 Netto driftsresultat ... 10
5.2 Disposisjonsfond ... 11
5.3 Netto lånegjeld ... 11
**6. Folketal ... 11**
6.1. Historisk folketal ... 11
6.2. Framskriving folketal ... 12
**7. Frie inntekter ... 12**
7.1. Rammetilskot ... 12
7.2. Skatteinntekter ... 13
7.3. Inntektsutjamning ... 14
7.4. Eigedomskatt ... 14
7.5. Andre generelle driftsinntekter ... 15
7.5.1. Havbrukfond ... 15
7.5.2. Rente- og avdragskompensasjon ... 15
7.5.3. Konsesjonsavgift ... 15
7.5.4. Statlege overføringar ... 16
**8. Finans ... 16**
8.1. Renteinntekter ... 16
8.2. Utbytte ... 16
8.3. Innlån - kostnader ... 17
**9. Konsesjonskraft ... 17**
**10. Deflator – lønns- og prisvekst ... 18**
**11. Pensjon ... 18**

**12. Økonomiske oversikter ... 18**

**12.1. Økonomisk oversikt-drift** ... 19

**12.2. Bevilgningsoversikt drift del 1** ... 20

**12.3. Bevilgningsoversikt drift del 2** ... 21

**12.4. Hovedområda** ... 22

**12.4.1. Sentraladministrasjonen** ... 22

12.4.2. Oppvekst kultur ... 24

12.4.3. Helse pleie omsorg ... 28

12.4.4. Teknisk landbruk miljø ... 32

**13. Næringsfondet ... 35**

**14. Tilskot ... 36**

**15. Investeringar ... 37**

**15.1. Bevilgningsoversikt investering del 1** ... 38

**15.2. Bevilgningsoversikt investering - del 2** ... 39

**15.3. Beskriving av investeringsprosjekt** ... 41

**VEDLEGG - ... 54**

**Budsjettkommentarar frå einingane ... 54**

Hovedområde 1 Sentraladministrasjonen ... 54

Hovedområde 2 Oppvekst kultur ... 58

Hovedområde 3 Helse pleie omsorg ... 73

Hovedområde 4 Teknisk landbruk miljø ... 82

**DEL C. Sakshandsaming Budsjett 2024 Økonomiplan 2024-2027 ... 88**

# DEL A. Vedtak K.sak 87/23

Fjord kommunestyre vedtek budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 i samsvar med vedlagte budsjettdokument med følgjande presiseringar:
1.1
Ta inn att kulturmidlane i budsjettet, kr 300 000. Kommunestyret ber samstundes om ei sak om retningslinene for kulturmidlane med sikte på ei revidering av desse. Formålet med ei slik sak er å spisse retningslinene slik at kulturmidlane når dei som treng det, samt at tildelingane er i samsvar med kommunen sine prioriteringar i dei kommunale planane.

1.2
Ta inn att medlemskap i Utmarkskommunenes Samanslutning (USS) i budsjettet, kr 50 000.

1.3
Kommunestyret vedtek å auke rammetilskot frå staten med 400 000 kr.

Kommunestyret ber og kommunedirektøren om snarleg å setje i gang prosess for omstilling og rasjonaliseringar på alle hovedkapitla. Arbeide aktivt med tiltak med mål om å redusere sjukefråveret med 10% kvart år.

Omstillingskravet i budsjett 2024 på 1,450 mill kroner skal følgjast opp i rapporteringa etter 1. tertial i form av budsjettendring som får fram at dette innsparingskravet er realisert.

Dersom rasjonaliseringane fører til vesentleg endring i tenestenivået ute i einingane skal dette leggast fram for kommunestyret.

1.4
Skulestrukturen med 1-10 skular i Eidsdal, Stordal og Valldal består som i dag for perioden 2024-2027.

1.5
Administrasjonen blir bedt om å utgreie samarbeid med andre kommunar og/eller private tenesteleverandørar for å løyse dei tyngste og mest spesialiserte kommunale oppgåvene innan alle hovudområda.

1.6
Dagens administrative organisering skal evaluerast med formål å spisse og redusere antall administrative og leiande stillingar.

1.7
Med visning til pkt 13 Næringsfond – prosjekt HUS. Kommunedirektøren blir bedt om å utarbeide plan for prosjektet. Prosjektplanen med tilhøyrande budsjett eller retningslinjer for bruk av budsjettmidlane skal godkjennast av kommunestyret.

2. Investeringane vert vedteke i samsvar med vedlagte Bevilgingsskjema investering del 2.
3. Investeringane vert finansiert ved låneopptak, tilskot, bruk av mva kompensasjon og bruk av ubunde investeringsfond i samsvar Bevilgingsskjema investering del 1.
4. For 2024 godkjenner Fjord kommunestyre låneopptak stort kr. kr. 7 125 000,-.
5. Ordførar si godtgjersle vert fastsett til 8,5 G, for tida kr. 1 008 270,- .
6. Kommunestyret i Fjord kommune vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i Fjord kommune i eigedomsskatteåret 2024, jf. eigedomsskattelova § 2. Utskriving av

eigedomsskatt skjer i samsvar med kommunestyret sine fastsette reglar i skattetakstvedtektene, vedteke av kommunestyret 19 november 2019 , jf. eigedomsskattelova § 10.

7. For eigedomsskatteåret 2024 skal Fjord kommune skrive ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, det vil sei «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg, jf. eigedomsskattelova § 4 tredje ledd
8. Skattesatsen for skattepliktige eigedommar i Fjord kommune skal vere 7 promille i 2024.
9. Kommunestyret vedtek at det i eigedomsskatteåret 2024 i gamle Norddal kommune i tillegg skal skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal trappast ned over sju år og i 2025 være lik 7/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er ansett som næringseigedom.
10. Kommunestyret vedtek at det i eigedomsskatteåret 2025 i gamle Norddal kommune skal skrivast ut eigedomsskatt på bygg og tomt for verk og bruk som frå og med 2019 er ansett som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
11. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd. Første termin er 20 mars, 2. termin er 20 juni, 3. termin er 20. september og fjerde termin er 20. desember.
12. Fjord kommunestyre godkjenner opptak av lån stort kr. 10 mill til bruk I startlånordninga I Fjord kommune.
13. Fjord kommunestyre ber administrasjonen legge fram sak om innføring av eigedomsskatt for næring, hus og hytter i Fjord kommune. Ein plan for innføring vert å legge fram for Fjord kommunestyre innan utgangen av februar 2024.
14. Fjord kommunestyre godkjenner vedlagte klimabudsjett for 2024.
15. Fjord kommunestyre godkjenner ramme for driftskreditt på inntil kr. 40 mill. Kommunedirektør får fullmakt til å iverksette bruk av driftskreditt.
16. Budsjettet for 2024 og økonomiplan 2024-2027 med dei endringane som følgjer av dei voteringane og vedtak som er gjort i møtet, vert samrøystes vedteke.
17. Kommunen startar prosess med å evaluere avhending av eigendomar og kommunal eigarskapsmelding som ikkje er naudsynt for kommunens tenesteyting, ref kommunestyresak i førre perioden

# DEL B. Årsbudsjett 2024 Økonomiplan 2024-2027 m/vedlegg

## 1. Lovheimel for budsjett og økonomiplan

Reglar for årsbudsjett og økonomiplan er gitt i Kommuneloven. Årsbudsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruk av desse, og utgjer også første året av den fireårige økonomiplanen. Paragrafane som omhandlar budsjett og økonomiplan, har følgjande ordlyd:

***§ 14-3 Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning***
*Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommende året skal vedtas før årsskiftet.*

*Årsregnskapene og årsberetningene skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt. Hvert årsregnskap skal behandles samtidig med tilhørende årsberetning. Vedtaket om årsregnskap skal angi hvordan et eventuelt merforbruk i driftsregnskapet skal dekkes inn.*

*Formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform innstiller kommunerådet eller fylkesrådet til vedtak.*

*Innstillingen til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som foreligger, skal offentliggjøres minst 14 dager før kommunestyret eller fylkestinget behandler den. Dette gjelder ikke for innstillinger om endring i vedtatt økonomiplan eller årsbudsjett.*

*Økonomiplanen, årsbudsjettet, årsregnskapene, årsberetningene og saksdokumentene fra det innstillende organet skal sendes departementet til orientering. Dette gjelder også revisjonsberetningen og kontrollutvalgets uttalelser til årsregnskapene og årsberetningene. Departementet kan gi forskrift om frister for disse oversendelsene.*

***§ 14-4 Økonomiplan og årsbudsjett***
*Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.*

*Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.*

*Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.*

*Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.*

*Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.*

***§ 14-5 Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring***

*Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret, fylkestinget og underordnete organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i investeringsregnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen har en rettslig plikt til å foreta.*

*Kommunestyret eller fylkestinget skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.*

*Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.*

*Hvis årsregnskapet legges fram med et merforbruk i driftsregnskapet, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årets budsjett. Saken skal behandles av kommunestyret eller fylkestinget senest 30. juni.*

# 2. Innleiing

Budsjett 2024 Økonomiplan 2024-2027 er det femte budsjettet som vert utarbeidd for Fjord kommune. Som dei siste åra er det særs krevjande å få balanse i budsjettet.

Fjord kommune er ikkje ein særeigen posisjon når det gjeld økonomiske utfordringar i kommuneøkonomien. Mange kommunar slit med å få balanse i budsjett og rekneskap. Det som gjer situasjonen meir vanskeleg å forstå er at Fjord kommune har svært store inntekter som kraftkommune. Desse inntektene variera frå år til år. Årsaka til dei økonomiske utfordringane er at Fjord kommune har ein tenestestruktur og eit innhald i tenestene som ein verken greier å rekruttere fagfolk til og heller ikkje finansiere.

Fjord kommune er ei stor kommune i areal. Den er oppdelt av ein fjord, og bygdelag og dalar er fordelt over eit stort område. Difor har ein vald eit desentralisert tenestetilbod innafor både oppvekst og pleie/omsorg. Desentralisert drift kan virke positivt for innbyggarane med forholdsvis korte avstandar, både i tid og veg, for å nå tak i kommunale tenester. Men, forholdsvis små einingar er også krevjande for kommunen å drifte , både økonomisk og det å få tak i kvalifisert arbeidskraft.

Samanlikna med andre har Fjord kommune allereie ein høg del i befolkninga definert som eldre. Denne delen vil auke i komande år, der talet på innbyggarar i arbeidsfør alder vert redusert, samstundes som vi får fleire personar som kan ha behov for omsorgs- og pleietenester. Det må kommunen ta omsyn til i vidare planlegging av tenestetilbod. I tillegg må kommunen legge til rette for tilflytting og nyetableringar.

Gjennom endringar i lovverk og sentrale prioriteringar vert nye og krevjande oppgåver lagt til kommunane. Det er ikkje alltid det følgjer direkte eller fullstendig finansiering med desse endringane og det pressar den kommunale økonomien. I løpet av året kan det skje endringar i behov til tenestemottakarar som kommunen må følgje opp. Dette krev også ekstra ressursar og når det ikkje er ein økonomisk buffer i kommunekassa å regulere mot, må ein til slutt låne pengar til drift. Dette er ikkje berekraftig.

Det er internasjonal uro på mange områder med m.a. krig i Europa. Det kjem mange flyktningar frå Ukraina til Noreg. Fjord kommune har teke ansvar og vil innan utgangen av 2023 ha busett om lag 60 flyktningar. I 2024 er det planlagd å ta mot minst 30 til. Det følgjer statlege midlar med busetting, men det krev også innsats og ressursar for å gje eit godt tilbod til dei som kjem.

Dei siste to åra har det vore ein kraftig auke i renta. Noregs Bank si styringsrente har gått frå 0 % sommaren 2021 til eit forventa nivå på 4,5 % innan utgangen av 2023. Marknadsrenta har hatt ei tilsvarande utvikling. Fjord kommune har høg lånegjeld og rentekostnader er ein betydeleg post. Det er klart at kommunen også nyt godt av høge renter på utlån, men denne porteføljen er berre ein brøkdel av innlåna.

Fleire år med meirforbruk belastar likviditeten til kommunen. Det ligg ingen likviditetsreservar i fond. Kvart år er det store betalingar til pensjonskassene, særleg til KLP. Det er betydeleg større betalingar enn det som verte kostnadsført i rekneskapet. Dette gjev ei kraftig belastning av likviditet og vert over tid krevjande. Difor vil det verte nødvendig med driftskreditt for å handtere periodar med små innbetalingar til kommunen og/eller store utbetalingar.

I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett er det teke inn ei rekke tiltak som er vurdert mogleg å gjennomføre i 2024 for å ha ei forsvarleg og økonomisk balansert drift. Ein del tiltak vil nok ikkje vere so populær og vil skape diskusjon og reaksjonar. Det likevel klart at tiltak, store og små, er heilt

nødvendige. Når ein ser vidare utover i økonomiplanperioden må det arbeidast vidar med og gjennomførast større omstillingar, då rammer til drift vil verte redusert. Når Fjord kommune har fått dekka inn tidlegare års meirforbruk må ambisjonen vere å nå dei finansielle måltala som er politisk vedtekne. Det inneber å sørge for at drifta går med overskot, setje pengar på bok kvart år og redusere lånegjelda.

# 3. Kommuneplan, handlingdel i samfunnsplan

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ha ein handlingsdel som beskriv korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra. Dette er innarbeidd som del av økonomiplanen. Å få til ei raud linje frå samfunnsdel til økonomiplan er ein føresetnad for å at samfunnsdelen skal fungere som styringsverktøy.

Samfunnsdelen i kortversjon:




Handlingsdelen viser korleis einingane vil arbeide i fireårsperioden for å nå måla i kommuneplanen sin samfunnsdel. Tiltaka skal trekkast ned i årsplanane der dei blir knytt til ulike oppgåver. Denne systematikken skal vidareutviklast i tida framover.

I vedlegg til budsjettet er det budsjettkommentarar frå einingane. I desse ligg det mål for einingane og tiltak for å nå måla som er knytt til handlingsdelen.

# 4. Budsjettarbeidet

| BUDSJETT 2024 ØKONOMIPLAN 2024 - 2027 | |
|---|---|
| OPPSTART BUDSJETTARBEID, INFORMASJON TIL EININGSLEIARAR OG KOMMUNALSJEFAR | Veke 36 |
| EININGAR ARBEIDER MED SINE BUDSJETT | Veke 37-38 |
| GJENNOMGANG AV DETALJBUDSJETT MED EININGSLEIARAR OG KOMMUNALSJEFAR | Veke 39-41 |
| AKKUMULERING AV DETALJBUDSJETT TIL TOTALBUDSJETT | Løpande i budsjettarbeidet |
| ARBEID SALDERINGSTILTAK LEIARGRUPPA | Veke 42-43 |
| OFFENTLEGGJERING AV STATSBUDSJETTET FOR 2024 | 6.10.23 |
| ADMINISTRASJONEN PRESENTERAR FØRSTE FORSLAG TIL BUDSJETT ØKONOMIPLAN OG HAR DIALOGMØTE MED FORMANNSKAPET | 26.10.23 |
| ADMINISTRASJONEN PRESENTERAR FØRSTE FORSLAG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN FOR KOMMUNESTYRET | 9.11.23 |
| ADMINISTRASJONEN PRESENTERAR SALDERT BUDSJETT FOR FORMANNSKAPET | 16.11.23 |
| KOMMUNEDIREKTØREN SI INNSTILLING/UTSENDING BUDSJETT ØKONOMIPLAN TIL FORMANNSKAPET | 23.11.2023 |
| DIALOGMØTE KOMMUNESTYRET BUDSJETT ØKONOMIPLAN | 30.11.23 |
| HANDSAMING I FORMANNSKAPET MED INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET | 30.11.23 |
| HANDSAMING I ULIKE UTVAL | Veke 48-49 |
| OFFENTLEG ETTERSYN | 01.12-17.12.23 |
| **HANDSAMING OG VEDTAK KOMMUNESTYRE** | **18.12.23** |

*Etter vedtak i kommunestyret K.sak 87/23 er dokumentet «Budsjett 2024 og Økonomiplan 2024-2027» oppdatert i samsvar med vedtak. Endringar er markert og kommentert i dokumentet*

# 5. Finansielle måltal

Fjord kommune har vedteke finansielle måltal og dette skal vere førande for økonomiforvaltinga i kommunen:

## 5.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter minimum 1,75 %
Teknisk beregningsutval (TBU) har gjeve tilråding om at dette måltalet bør vere 1,75 % over tid.

Netto driftsresultat slik det kjem fram i rapporten «Bevilgningsoversikt-drift» vil ikkje gje eit korrekt bilete av kommunen si drift. Dette vert difor korrigert med fråtrekk av inntekter som ikkje vert brukt i inneverande år og som vert overført til komande år og tillegg for tidlegare års inntekter som vert brukt inneverande år. Desse føringane vert gjort mot bundne driftsfond.

Det er budsjettert med eit tilfredstillande netto driftsresultat i 2024, men dette går til å dekke meirforbruk frå 2022.

Følgjande tabell viser historiske tal for netto driftsresultat og forventa utvikling.

| Netto driftsresultat i % av driftsinntekter | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsinntekter | 341 392,7 | 379 211,4 | 373 347,2 | 403 812,7 | 402 244,0 | 402 020,0 | 402 850,0 |
| Netto driftsresultat | - 6 351,8 | - 6 795,2 | 4 012,7 | 5 570,5 | 4 750,0 | 4 950,0 | 5 150,0 |
| Netto driftsresultat % | -1,9 % | -1,8 % | 1,1 % | 1,4 % | 1,2 % | 1,2 % | 1,3 % |

## 5.2 Disposisjonsfond

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter minimum 10 %

I samsvar med Kommuneloven skal kommunen disponere årets mindreforbruk ved fastsetting av rekneskap. Vanlegvis vert dette sett av på disposisjonsfond. Som tabell over viser har ikkje Fjord kommune hatt eit resultat som har gjort dette muleg. Siste år med midlar i disposisjonsfond var 2020, og dette vart disponert i 2021.

Følgjande tabell viser manglande disposisjonsfond

| Disposisjonsfond i % av driftsinntekter | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsinntekter | 341 392,7 | 379 211,4 | 373 347,2 | 403 812,7 | 402 244,0 | 402 020,0 | 402 850,0 |
| Disposisjonsfond | - | - | - | - | 4 750,0 | 9 700,0 | 14 850,0 |
| Netto driftsresultat % | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % | 1,2 % | 2,4 % | 3,7 % |

Etter dette burde Fjord kommune hatt eit disposisjonsfond på kr 37,3 mill ved inngangen til 2024.

## 5.3 Netto lånegjeld

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter maksimum 85 %

| Netto lånegjeld i % av driftsinntekter | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsinntekter | 341 392,7 | 379 211,4 | 373 347,2 | 403 812,7 | 402 244,0 | 402 020,0 | 402 850,0 |
| Netto lånegjeld | 372 348,0 | 382 318,0 | 387 708,0 | 376 573,0 | 375 203,0 | 374 373,0 | 369 443,0 |
| Netto driftsresultat % | 109,1 % | 100,8 % | 103,8 % | 93,3 % | 93,3 % | 93,1 % | 91,7 % |

Netto lånegjeld er i denne samanhengen definert som innlån, med fråtrekk av ubrukte lånemidlar, saldo utlån/formidlingslån og andre utlån.

Oversikten viser utvikling i netto lånegjeld i samsvar med Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, mv, § 5-7

I økonomiplanperioden må det vere ambisjon om redusere lånegjeld slik at Fjord kommune kan nå måltalet om netto lånegjeld målt mot brutto driftsinntekter.

# 6. Folketal

## 6.1. Historisk folketal

Folketalsutviklinga dei siste 10 åra viser ein klar nedgang i talet på barn og unge, ungdom er ganske stabilt medan yrkesaktive (20-66 år) har gått ned. Talet på personar over 67 år har gått opp.

| | 2013 | 2018 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **0-5 år** | 186 | 133 | 106 | 100 | 107 | 107 |
| **6-15 år** | 392 | 343 | 316 | 302 | 282 | 276 |
| **16-19 år** | 151 | 174 | 166 | 143 | 140 | 144 |
| **20-66 år** | 1565 | 1450 | 1397 | 1385 | 1370 | 1366 |
| **67 år og over** | 496 | 537 | 564 | 572 | 592 | 601 |
| **Sum** | **2790** | **2637** | **2549** | **2502** | **2491** | **2494** |

## 6.2. Framskriving folketal

SSB si folketalsutvikling utifrå ein gjennomsnittleg nasjonal vekst viser at talet for dei yngste gruppene stabilisera seg. Talet på yrkesaktive går ned, medan talet på personar over 67 år held fram å auke. Dette er utvikling som Fjord kommune må ta med vidare i planlegging av tenestetilbodet

| | 2027 | 2030 | 2035 | 2040 |
|---|---|---|---|---|
| **0-5 år** | 121 | 128 | 138 | 139 |
| **6-15 år** | 230 | 217 | 228 | 247 |
| **16-19 år** | 114 | 106 | 88 | 94 |
| **20-66 år** | 1354 | 1327 | 1288 | 1238 |
| **67 år og over** | 650 | 691 | 730 | 767 |
| **Sum** | **2469** | **2469** | **2472** | **2485** |

# 7. Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter omfattar i rammetilskot, skatt på inntekter og formue inkl naturressursskatt, eigedomskatt og generelle driftsinntekter.

## 7.1. Rammetilskot

Rammetilskot er direkte statleg overføring frå staten til kommunane. Tilskotet består av mange ulike element, sjå tabell.

Dei største postane er-

Innbyggartilskot som er tilskot pr innbyggar. For 2024 utgjer dette kr 29.830 med teljetidspunkt 1.7.23.

Utgiftsutjamning består av i alt 24 ulike parameter der kommunar som har eit høgt berekna tenestebehov samanlikna med resten av landet, får kompensert eller utjamna for dette. For Fjord kommune utgjer dette kr 38,225 mill for 2024. Dei parameter som trekker opp for Fjord kommune er talet på personar i gruppa over 67 år inkl ikkje gifte over 67 år, basistillegg på grunnlag av forholdsvis lange avstandar i kommunen og til nærliggande sentra og generelt krevjande kommune å drifte, og landbrukskriterium som viser at kommunen har forholdsvis høgt landbruksareal og fleire jordbruksbedrifter enn resten av landet. Det som trekker utgiftsutjamninga ned, er særleg talet på barn i aldersgruppa 2-15 år, talet på personar i gruppa 23 – 66 år og forholdsvis låg dødlegheit. Andre parameter utgjer forholdsvis mindre.

Saker med særskild fordeling inneheld fleire postar. M.a. er det tilskot til kommunar som har slått seg saman og kompensasjon for reduserte foreldrebetaling i barnehage frå 1.8.24

Inndelingstilskotet skal kompensere samanslåtte kommunar for reduksjon i rammetilskotet som følgje av samanslåinga

Småkommunetilskot er tilskot til kommunar med under 3200 innbyggarar og låge inntekter frå skatt på inntekt og formue, inkl naturressursskatt.

Ordinært skjønn er fordeling frå Statsforvaltaren etter søknad sendt frå kommunen. Skjønnsmidlar vert utbetalt saman med rammetilskot.

| 1000 kr | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Innbyggertilskudd (likt belø | 62 646 | 65 621 | 70 361 | **74 728** | 76 090 | 76 091 | 76 093 |
| Utgiftsutjevningen | 31 814 | 33 306 | 35 023 | **38 225** | 37 992 | 37 992 | 37 993 |
| Overgangsordning - INGAR | 402 | -121 | -103 | **-183** | - | - | - |
| Saker særskilt ford (inkl. trekk konsesjonskraft, per grunnskole, helsestasjon | 651 | 415 | 1 980 | **2 284** | 2 544 | 2 544 | 2 544 |
| Inndelingstilskudd/trekk Na | 21 377 | 21 912 | 22 723 | **23 700** | 23 700 | 23 700 | 23 700 |
| Nord-Norge-tilskudd/Namd | - | - | - | - | - | - | - |
| Storbytilskudd | - | - | - | - | - | - | - |
| Småkommunetillegg | 6 034 | 6 034 | 6 257 | **6 526** | 6 526 | 6 526 | 6 526 |
| Sør-Norge tilskudd (kommu | - | - | - | **-** | - | - | - |
| Regionsentertilskudd | - | - | - | **-** | - | - | - |
| Veksttilskudd | - | - | - | **-** | - | - | - |
| Ordinært skjønn | 930 | 130 | 1 580 | **730** | - | - | - |
| Ekstra skjønn fra KDD - ressu | - | - | - | **-** | - | - | - |
| Koronapandemi - ekstra | - | 135 | - | **-** | - | - | - |
| Koronapandemi - tilleggsbevilgninger gjennom | 5 483 | 2 793 | 51 | **-** | - | - | - |
| Stortinget saldering budsjett 2024, ***sjå merknad*** | - | - | | ***447*** | ***982*** | ***982*** | ***982*** |
| Stortinget saldering budsjett 2023 | - | - | 375 | | - | - | - |
| Tilleggsnummer statsbudsje | - | 875 | - | **-** | - | - | - |
| Stortinget opprinnelig salde | 113 | -41 | - | **-** | - | - | - |
| RNB 2018 - 2023 (utenom ko | 89 | -3 982 | 1 289 | **-** | - | - | - |
| Nysaldering av statsbudsjett 2018 - 202 | | 30 | - | **-** | - | - | - |
| **Sum rammetilsk uten inntektsutj og ekstra skjønn statsforvalter** | **129 539** | **127 107** | **139 536** | **146 457** | **147 834** | **147 835** | **147 838** |

***Merknad: I samband med saldering og vedtak i Stortinget, Budsjett 2024, vart ramme til kommunane auka, for Fjord kommune kr 447.000***

## 7.2. Skatteinntekter

Skatteinntekter omfattar skatt på inntekt og formue og i tillegg naturressursskatt. Innbetalt inntekt- og formueskatt vert fordelt mellom stat, fylke og kommune, med om lag 30 % på kommunen. Naturressurskatt frå kraftproduksjon går i hovudsak til kommunen og ein liten del til fylkeskommunen. Det kan nemnast at selskapskatt går i si heilheit til staten.

| 1000 kr | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skatt på formue og inntekt | 77 334 | 80 488 | 76 551 | **81 792** | 81 846 | 81 846 | 81 846 |

Skatteinntekt i 2023 er budsjettert nivå og endeleg inntekt kan avvike.

## 7.3. Inntektsutjamning

I inntektsmodellen til kommunane ligg det inntektsutjamning. Dette betyr at skatteinntekter pr innbyggar i kommunen vert samanlikna med skatteinntekter pr innbyggar nasjonalt. Kommunar som har lavare skatteinntekter enn landsgjennomsnitt, får delvis kompensert dette gjennom inntektsutjamning. Kommunar med høgare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet får delvis inntrekk av skatteinntekter som er over gjennomsnittet.

| 1000 kr | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto inntektsutjevning | 8 665 | 14 829 | 10 944 | **11 924** | 11 924 | 11 924 | 11 924 |

Inntektsutjamning i 2023 er budsjettert nivå og endeleg tal kan avvike.

For 2024 er det berekna at Fjord kommune vil ha skatteinntekter pr innbyggar på om lag 85 % av landsgjennomsnitt. På grunnlag av dette er rekna at kommunen vil få kr 11,924 mill i inntektsutjamning. Dette vert avrekna og utbetalt pr månad saman med rammetilskot. Totale rammetilskot og inntektsutjamning er i 2024 berekna til kr 157.934 mill

Dersom kommunen sine skatteinntekter vert høgare enn berekna og aukar meir enn landsgjennomsnittet til inntektsutjamning gå ned. Dersom skatteinntekter går ned meir enn landsgjennomsnitt, vil inntektsutjamning gå opp.

Samla er det berekna at Fjord kommune i 2024 får kr 239,8 mill i rammetilskot, skatt og inntektsutjamning. Dette er ein auke på 4,8 % i høve til 2023. Det bør takast omsyn til at det er kome inn fleire oppgåvekorrigerande postar i overføringane som medfører ein ekstra auke. Tilsvarande auke nasjonalt er 4,7 %.

***Vedtak K.sak 87/23, pkt 1.3***
***Kommunetyret vedtek å auke rammestilskot frå staten med 400.000 kroner***

***I samsvar med vedtak er budsjetterte rammeoverføringar kr 146,457 mill. Totale rammeoverføringar, skatteinntekter og inntektsutjamning, kr 240,2 mill***

## 7.4. Eigedomskatt

Det vert lagt til grunn utskriving av eigedomskatt 2024 på same nivå og på same grunnlag som tidlegare, altså eigedomsskatt på «verk og bruk» og ein skattesats på 7 0/00.

| 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Eigedomskatt | 16 945 | 14 449 | 17 420 | **20 898** | 18 000 | 18 000 | 19 000 |
| Kostnad adm eigedomskatt | 28 | 28 | 40 | **50** | 50 | 50 | 50 |
| Netto inntekt eigedomskatt | 16 917 | 14 421 | 17 380 | **20 848** | 17 950 | 17 950 | 18 950 |

Inntekter på eigedomskatt variera ein del frå år til. Årsaka til dette er i hovudsak at grunnlag for eigedomskattetakst på Tafjord Kraftproduksjon AS, er produksjon og inntekter over ein 5 års periode, rekna bakover frå skatteåret. Dette vil gje variasjon i skattegrunnlag/takst. Frå 2025 vil utskriving av eigedomskatt på produksjonsanlegg/industri gå ut som skatteobjekt.

Det vert sett fram forslag om at det skal leggast fram eiga sak til politisk behandling om å utvide utskriving av eigedomskatt til å gjelde næring, hytter og bustader. Ved slik utviding av eigedomskatten, vil det gje inntekter frå 2025. Planlegging må starte i 2024 .

Tabell viser inntekter ved utvida utskriving av eigedomskatt

| 1000 kr | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|
| Eigedomskatt, næring, hytter, bustader | 2 000 | 5 000 | 6 000 |
| Kostnader, taksering mm | 1 500 | 200 | 50 |
| Netto inntekt eigedomskatt | 500 | 4 800 | 5 950 |

Dette er kostnader og inntekter som ikkje er teke med i vidare oppstillingar for budsjett 2024 og økonomiplan 2024-27.

## 7.5. Andre generelle driftsinntekter

Samla budsjett 2024 for andre generelle driftsinntekter er kr 21,595 mill. Dette fordeler seg på dei følgjande postar.

### 7.5.1. Havbrukfond

Fjord kommune har lokalisert fleire oppdrettanlegg for laks og ørret innanfor kommunegrensene. Havbruksfondet fordeler produksjonsavgifter og inntekter frå sal og auksjonar av konsesjonar knytt til oppdrettsnæringa. Utbetalingar vil variere frå år til år p.g.a. varierande inntekter frå auksjonssal på vekst i næringa.

| 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Havbruksfond | 1 133 | 4 623 | 1 100 | **3 212** | 1 500 | 3 212 | 1 700 |

### 7.5.2. Rente- og avdragskompensasjon

Det er opp gjennom åra vore ulike finansieringsordningar for oppføring og utbygging av kommunale bygg. Ei ordning er utbetaling av årleg rente- og avdragskompensasjon til delvis dekking av finanskostnader ved tidlegare utbyggingar. For Fjord kommune gjeld dette for utbygging av omsorgsbustader og sjukeheimar, skule og kyrkjeleg formål. Utbetaling vert gjort gjennom Husbanken

| 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rentekompensasjon Husbanken | 868 | 938 | 1 000 | **1 300** | 1 200 | 1 100 | 1 100 |

### 7.5.3. Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift er vasskraftutbyggar pålagt å betale til vertskommune for ulemper som utbygging påfører. Konsesjonsavgifta skal gå til eit fond til støtte for lokalt næringsliv. For Fjord kommune betyr dette at konsesjonsavgifta går til å finansiere overføringar frå Næringsfondet. I tillegg til Tafjord Kraftproduksjon AS, betalar også Rauma Energi AS eit lite avgiftsbeløp. Avgifta vert ført ei generell driftsinntekt i samsvar med kommunale rekneskapsreglar.

Konsesjonsavgifta skal regulerast 5. kvart år. Neste regulering er i 2025. Det er då forventa ein auke på mellom kr 500.-700.000. Auken er ikkje lagt inn i økonomiplanen, då dette ikkje vil gje meir midlar til drift.

| 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Konsesjonsavgift | 3 400 | 3 457 | 3 428 | **3 450** | 3 450 | 3 450 | 3 450 |

### 7.5.4. Statlege overføringar

For Fjord kommune gjeld dette tilskot frå staten for mottak av flyktningar. Tilskot skal dekke kostnader til flyktningtenesta, men også meirutgifter som kommunen får i barnehage, skule, helsetenester og til å skaffe bustader. Fjord kommune vil ved utgangen av 2023 ha motteke og busett om lag 60 flyktningar frå Ukraina. Det er planlagd mottak av minst 30, kanskje opp mot 50 nye i 2024. Staten yter tilskot i form av ei eingongsutbetaling ved mottak og deretter løpande utbetalingar for busette. Løpande utbetalingar vert gradvis trappa ned for den enkelte.

Det er vanskeleg å fastslå kor mykje tilskot kommunen vil få i 2024 og budsjettpost er difor lagt på eit nøkternt nivå. Vidare i perioden frå 2025 er det forventa mindre busetting og dei som er busett utløyser mindre statleg tilskot.

| 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilskot mottak flyktningar | | 4 170 | 9 250 | **13 633** | 11 500 | 9 500 | 7 000 |

# 8. Finans

## 8.1. Renteinntekter

Fjord kommune har renteinntekter frå bankinnskot og utlån Arena Overøye AS, rente på ansvarleg lån på kr 14,250 mill til Tafjord Kraft og renter på formidlingslån. Formidlingslån er midlar innlånt frå Husbanken og som er vidareutlånt til bustadformål. Fjord kommune har avslutta plassering, definert som finansielle instrument i 2023.

| 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Renteinntekt likviditet og utlån | 526 | 1 336 | 1 250 | **1 500** | 1 000 | 800 | 600 |
| Renteinntekt formidlingslån | 302 | 466 | 700 | **1 500** | 1 200 | 1 000 | 800 |
| Renteinntekt ansvarleg lån | 357 | 535 | 763 | **1 000** | 800 | 700 | 600 |
| Gevinst finansielle instrument | 1 657 | 103 | 350 | | | | |
| **Sum** | **2 842** | **2 440** | **3 063** | **4 000** | **3 000** | **2 500** | **2 000** |

## 8.2. Utbytte

Fjord kommune har eigardelar i Tafjord Kraft AS og Ørskog Energi AS som gjev kommunen utbytte frå desse selskapa. I 2023 er det også betalt utbytte frå Bingsa Gjenvinning AS og Gjensidige.

| 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Utbytte | 1 709 | 5 260 | 6 350 | **6 000** | 5 000 | 5 000 | 5 000 |

## 8.3. Innlån - kostnader

Fjord kommune har høg lånegjeld som generera kostnader i form av renter og avdrag

| 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Renter innlån | 5 413 | 10 339 | 21 050 | **24 800** | 20 500 | 18 000 | 16 700 |
| Avdrag ordinære innlån | 16 885 | 16 711 | 18 200 | **19 400** | 19 400 | 19 400 | 19 400 |
| | | | | | | | |
| Avdrag innlån formidlingslå | 640 | 920 | 600 | **1 945** | 1 945 | 1 945 | 1 945 |

Renter på innlån i økonomiplanperioden er budsjettert i samsvar med prognosemodell frå Kommunalbanken. I beløpet er også utgiftsrenter på innlån frå Husbanken som formidlingslån. Desse rentene vert dekka av renteinntekter formidlingslån

Om lag kr 52 mill av kommunen sine utlån til investeringar gjeld sjølvkostområde og indirekte vert rentekostnader dekka gjennom sjølvkostrekneskapet.

Avdrag i økonomiplanperioden er budsjettert med utrekna minimumsavdrag. Utrekning er gjort i samsvar med modell der ein tek omsyn saldo på lån pr 1.1., verdi av anleggmidlar og avskrivingar.

Avdrag på innlån, formidlingslån vert belasta i investeringsrekneskapet og av tilsvarande årleg innbetalte avdrag frå låntakarar.

# 9. Konsesjonskraft

I samband med utbygging av kraftanlegg i vassdrag som ligg i eller har utspring i Fjord kommune, pliktar vanlegvis utbyggar, i samsvar med konsesjonsvilkår, å levere kraft til vertskommunen; sokalla konsesjonskraft. For Fjord kommune gjeld dette utbyggingar gjort av Tafjord Kraftproduksjon AS med eit konsesjonskraftvolum på 60,679 gWh og Rauma Energi med eit volum 0,335 gWh.

Fjord kommune kan årleg disponere eit kraftvolum tilsvarande det «almenne forbruket» i kommunen. Dette forbruket er utrekna og kontrollert for Fjord kommune og kommunen kan disponere all konsesjonskraft.

For 2024 er konsesjonskrafta seld på årskontrakt til ein pris pr kWh på kr 0,501. Dette er ein særs god pris. Kommunen kjøper krafta til ein pris på om lag 11,7 øre pr kWh fastsett av NVE. I tillegg må kommunen betale innmating på nett og det kjem til eit mindre honorar ved sal

Det er forventa ein nedgang i inntektene utover i økonomiplanperioden med lågare pris, men det er særs vanskeleg å føresjå. Med volumet Fjord kommune disponerer utgjer t.d. lavare pris på 10 øre pr kWh, ein inntektsreduksjon på om lag kr 6 millionar

| 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sal av konsesjonskraft | 11 056 | 18 718 | 26 480 | **30 595** | 25 900 | 25 900 | 25 900 |
| Kjøp og kostnader kons.kraf | 8 210 | 8 597 | 8 623 | **7 861** | 8 000 | 8 000 | 8 000 |
| **Sum** | **2 846** | **10 121** | **17 857** | **22 734** | **17 900** | **17 900** | **17 900** |

# 10. Deflator – lønns- og prisvekst

Deflator er kostnadsauke i og vert rekna ut som eit vekta gjennomsnitt av forventa lønnsauke og forventa prisauka.

Lønnsvekst i 2024 er rekna til 4,9 %, prisvekst varer og tenester er rekna til 3,4 %. Eit vekta gjennomsnitt gjev kommunal deflator på 4,3 % for 2024.

Ein lønnsvekst på 4,9 % for heile 2024 har ein verknad på om lag 3,0 % for 8 månader (1.5-31.12). På grunnlag av dette er det sett av ein sum på kr 5,1 mill som lønnsreserve i 2024.

Fjord kommune er plassert i sone 2 for arbeidsgjevaravgift med ein sats på 10,6 % i 2024. For løner som passerar kr 850.000 er det tilleggsavgift på 5 %.

# 11. Pensjon

Fjord kommune har to pensjonsleverandørar, SPK (Statens pensjonskasse) for undervisningspersonale og KLP (Kommunal Landspensjonskasse) for øvrige tilsette.

Pensjon har etter kvart vorte eit utfordrande område for Fjord kommune. Det er både aukande pensjonskostnader, men kommunen må også innbetale betydeleg høgare beløp enn det som reelt er kostnaden i året. Dette gjeld særleg til KLP og berre i liten grad til SPK. Dette avviket, kalla premieavvik, mellom innbetaling og kostnad gjev likviditetsutfordringar. Premieavviket i KLP vert ført som ei inntekt i året det gjeld, men må deretter tilbakeførast som ein kostnad, eller amortiserast med like delar over dei 7 neste åra. For pensjon i SPK er utslaga mykje mindre.

Tabellar viser innbetalingar og kostnader Fjord kommune kan få når det gjeld pensjon. Oversikt er sett opp på grunnlag av prognoser frå KLP og SPK

| KLP 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Innbetalt premie inkl bruk av premiefond | 13 166,0 | 21 574,6 | 44 743,0 | 31 642,4 | 32 453,6 | 32 434,6 | 35 394,2 |
| Tilbakeføring tidl års premieavvik | 5 250,0 | 3 826,2 | 4 085,3 | 7 026,9 | 8 579,8 | 9 829,0 | 10 736,2 |
| Årets premieavvik | 1 895,0 | - 5 776,0 | - 26 978,1 | - 13 327,6 | - 13 722,7 | - 13 340,8 | - 15 954,9 |
| Pensjonskostnad | 20 311,0 | 19 624,8 | 21 850,2 | 25 341,7 | 27 310,7 | 28 922,8 | 30 175,5 |

| SPK 1000 kr | 2021 | 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Innbetalt premie | 3 582,2 | 3 523,8 | 4 174,4 | 4 060,9 | 4 160,4 | 4 262,4 | |
| Tilbakeføring tidl års premieavvik | - 84,2 | 75,0 | 43,3 | 190,6 | 286,2 | 371,2 | |
| Årets premieavvik | - 390,7 | 8,4 | - 712,9 | - 501,6 | - 504,6 | - 507,3 | |
| Pensjonskostnad | 3 107,3 | 3 607,2 | 3 504,8 | 3 749,9 | 3 942,0 | 4 126,3 | - |

Tilsette dekker 2 % av kostnad gjennom trekk i lønn. Arbeidsgjevars del er i 2024, 14 % av grunnlag i KLP og tilsvarande 10 % i SPK.

# 12. Økonomiske oversikter

Etter «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner», skal kommunen sitt budsjett/økonomiplan ha med obligatoriske oppstillingar

## 12.1. Økonomisk oversikt-drift

Oppstillinga viser inntekter, kostnader og avsetnader i økonomiplanen sin driftsdel

**Økonomisk oversikt drift**

| | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| 1 Rammetilskudd a) | 142 342 197 | 150 086 000 | **158 334 000** | 158 777 000 | 158 778 000 | 158 781 000 |
| 2 Inntekts- og formuesskatt | 70 769 201 | 66 987 000 | **81 792 000** | 81 792 000 | 81 792 000 | 81 792 000 |
| 3 Eiendomsskatt | 14 448 738 | 17 420 000 | **20 898 652** | 18 000 000 | 18 000 000 | 19 000 000 |
| 4 Andre skatteinntekter | 13 176 612 | 12 991 329 | **3 450 000** | 3 450 000 | 3 450 000 | 3 450 000 |
| 5 Andre overføringer og tilskudd fra staten | 15 136 424 | 11 350 000 | **18 145 000** | 17 000 000 | 16 000 000 | 14 750 000 |
| 6 Overføringer og tilskudd fra andre | 58 078 629 | 43 258 850 | **42 138 191** | 43 000 000 | 43 500 000 | 44 077 000 |
| 7 Brukerbetalinger | 13 133 410 | 12 489 100 | **12 775 100** | 13 225 000 | 13 250 000 | 13 500 000 |
| 8 Salgs- og leieinntekter b) | 52 126 212 | 58 765 000 | **66 279 766** | 67 000 000 | 67 250 000 | 67 500 000 |
| **9 Sum driftsinntekter** | **379 211 423** | **373 347 279** | **403 812 709** | **402 244 000** | **402 020 000** | **402 850 000** |
| | | | | | | |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| 10 Lønnsutgifter b) | 200 463 210 | 201 954 527 | **209 965 173** | 213 000 000 | 213 000 000 | 213 000 000 |
| 11 Sosiale utgifter b) | 42 067 850 | 45 863 084 | **50 077 085** | 51 200 000 | 52 000 000 | 53 000 000 |
| 12 Kjøp av varer og tjenester b) | 103 456 506 | 82 440 768 | **87 890 851** | 88 294 000 | 88 870 000 | 89 000 000 |
| 13 Overføringer og tilskudd til andre b) | 28 960 660 | 19 119 200 | **16 109 100** | 13 000 000 | 13 200 000 | 13 500 000 |
| 14 Avskrivninger | 24 386 271 | 24 500 000 | **26 600 000** | 27 000 000 | 27 000 000 | 27 000 000 |
| **15 Sum driftsutgifter** | **399 334 497** | **373 877 579** | **390 642 209** | **392 494 000** | **394 070 000** | **395 500 000** |
| | | | | | | |
| **16 Brutto driftsresultat** | **- 20 123 074** | **- 530 300** | **13 170 500** | **9 750 000** | **7 950 000** | **7 350 000** |
| | | | | | | |
| **Finansinntekter** | | | | | | |
| 17 Renteinntekter | 2 337 991 | 2 712 500 | **4 000 000** | 3 000 000 | 2 500 000 | 2 000 000 |
| 18 Utbytter | 5 259 550 | 6 350 000 | **6 000 000** | 5 000 000 | 5 000 000 | 5 000 000 |
| 19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | - 108 052 | 350 000 | **-** | - | - | - |
| 20 Renteutgifter | 10 340 173 | 21 050 000 | **24 800 000** | 20 500 000 | 18 000 000 | 16 700 000 |
| 21 Avdrag på lån | 17 829 661 | 18 200 000 | **19 400 000** | 19 500 000 | 19 500 000 | 19 500 000 |
| **22 Netto finansutgifter** | **- 20 680 345** | **- 29 837 500** | **- 34 200 000** | **- 32 000 000** | **- 30 000 000** | **- 29 200 000** |
| | | | | | | |
| 23 Motpost avskrivninger | 24 386 271 | 24 500 000 | **26 600 000** | 27 000 000 | 27 000 000 | 27 000 000 |
| | | | | | | |
| **24 Netto driftsresultat** | **- 16 417 148** | **- 5 867 800** | **5 570 500** | **4 750 000** | **4 950 000** | **5 150 000** |
| | | | | | | |
| **Disp. eller dekning av netto driftsresultat:** | | | | | | |
| 25 Overføring til investering | - | - | **-** | - | - | - |
| 26 Avsetninger til bundne driftsfond | 4 646 211 | 3 866 329 | **3 757 329** | - | - | - |
| 27 Bruk av bundne driftsfond | - 13 149 115 | - 4 725 329 | **- 4 982 829** | - | - | - |
| 28 Avsetninger til disposisjonsfond | - | 32 704 | **-** | - | - | - |
| 29 Bruk av disposisjonsfond | - | - | **-** | - | - | - |
| 30 Dekning av tidligere års merforbruk | - | 3 980 000 | **6 796 000** | - | - | - |
| **31 Sum disponeringer eller dekning av netto dri** | **- 8 502 904** | **3 153 704** | **5 570 500** | **-** | **-** | **-** |
| | | | | | | |
| 32 Fremført til inndekning i senere år (merforbr | - 6 795 197 | | | - | - | - |
| 33 Foreslåtte tiltak, saldering budsjett for balanse b) | | - 9 021 504 | **-** | | | |

***a) Endra i samsvar med vedtak i K.sak 87/23***
***b) Endra i samsvar med vedtekne salderingstiltak, K.sak 87/23***

På linje 33 er oppført sum av foreslåtte tiltak, kr 7.985.000, for å få balanse i budsjett. Desse forslaga er forklart under kommunalsjefane sine kommentarar i kap 12.4. I oppstillinga må beløpet takast

omsyn til for å få korrekt netto driftsresultat. I endeleg budsjettoppstilling må økonomisk verknad av tiltak fordelast på auka inntekter og/eller reduserte kostnader

Fleire av postane for inntekter og kostnader i perioden 2025-2027 er stipulert.

## 12.2. Bevilgningsoversikt drift del 1

Oppstillinga viser inntekter som ikkje er knytt til bestemt formål i økonomiplanen sin driftsdel og korleis desse inntektene vert disponert, inkl kor mykje som er bevilga til drift i hovedområde 1-4, og i tillegg næringsfondet og lønnsreserve, linje 6.

**Bevilgningsoversikt - drift (budsjett)**

| | | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 Rammetilskudd | a) | 142 342 197 | 150 086 000 | **158 334 000** | 158 777 000 | 158 778 000 | 158 781 000 |
| 2 Inntekts- og formueskatt | | 70 769 201 | 66 987 000 | **81 792 000** | 81 847 000 | 81 847 000 | 81 847 000 |
| 3 Eiendomsskatt | | 14 448 738 | 17 420 000 | **20 898 652** | 18 000 000 | 18 000 000 | 19 000 000 |
| 4 Andre generelle driftsinntekter | | 15 281 678 | 24 341 329 | **21 595 000** | 17 650 000 | 17 262 000 | 13 250 000 |
| **5 Sum generelle driftsinntekter** | | **242 841 814** | **258 834 329** | **282 619 652** | **276 274 000** | **275 887 000** | **272 878 000** |
| | | | | | | | |
| 6 Sum bevilgninger drift, netto | b) | 238 578 618 | 225 843 125 | **242 849 151** | 239 524 000 | 240 937 000 | 238 528 000 |
| 7 Avskrivninger | | 24 386 271 | 24 500 000 | **26 600 000** | 27 000 000 | 27 000 000 | 27 000 000 |
| **8 Sum netto driftsutgifter** | | **262 964 889** | **250 343 125** | **269 449 151** | **266 524 000** | **267 937 000** | **265 528 000** |
| | | | | | | | |
| **9 Brutto driftsresultat** | | **- 20 123 075** | **8 491 204** | **13 170 501** | **9 750 000** | **7 950 000** | **7 350 000** |
| | | | | | | | |
| 10 Renteinntekter | | 2 337 991 | 2 712 500 | **4 000 000** | 3 000 000 | 2 500 000 | 2 000 000 |
| 11 Utbytter | | 5 259 550 | 6 350 000 | **6 000 000** | 5 000 000 | 5 000 000 | 5 000 000 |
| 12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | | - 108 052 | 350 000 | **-** | - | - | - |
| 13 Renteutgifter | | 10 340 173 | 21 050 000 | **24 800 000** | 20 500 000 | 18 000 000 | 16 700 000 |
| 14 Avdrag på lån | | 16 710 614 | 18 200 000 | **19 400 000** | 19 500 000 | 19 500 000 | 19 500 000 |
| **15 Netto finansutgifter** | | **- 19 561 298** | **- 29 837 500** | **- 34 200 000** | **- 32 000 000** | **- 30 000 000** | **- 29 200 000** |
| | | | | | | | |
| 16 Motpost avskrivninger | | 24 386 271 | 24 500 000 | **26 600 000** | 27 000 000 | 27 000 000 | 27 000 000 |
| | | | | | | | |
| **17 Netto driftsresultat** | | **- 15 298 102** | **3 153 704** | **5 570 501** | **4 750 000** | **4 950 000** | **5 150 000** |
| | | | | | | | |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | | |
| 18 Overføring til investering | | - | - | **-** | - | - | - |
| 19 Avsetninger til bundne driftsfond | | 4 646 211 | 3 866 329 | **3 757 329** | - | - | - |
| 20 Bruk av bundne driftsfond | | - 13 149 115 | - 4 725 329 | **- 4 982 829** | - | - | - |
| 21 Avsetninger til disposisjonsfond | | - | 32 704 | **-** | 4 750 000 | 4 950 000 | 5 150 000 |
| 22 Bruk av disposisjonsfond | | - | - | **-** | - | - | - |
| 23 Dekning av tidligere års merforbruk | | - | 3 980 000 | **6 796 000** | - | - | - |
| **24 Sum disponeringer eller dekning av netto drift** | | **- 8 502 904** | **3 153 704** | **5 570 500** | **4 750 000** | **4 950 000** | **5 150 000** |
| | | | | | | | |
| 25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk | | 6 795 197 | - | **-** | - | - | - |

***a) Endra i samsvar med vedtak i K.sak 87/23***
***b) Endra i samsvar med vedtekne salderingstiltak, K.sak 87/23***

## 12.3. Bevilgningsoversikt drift del 2

Oppstillinga viser fordeling av beløp som er bevilga til hovedområda, jfr linje 6 i Bevilgningsoversikt drift, del 1. Fordeling til dei ulike einingar viser i Vedlegg til budsjett/økonomiplan saman med budsjettkommentarar frå einingane.

Budsjett vert vedteke for hovedområda i samsvar med Bevilgningsoversikt drift – del 1 og 2 Kommunedirektøren/kommunalsjefar har ansvar for fordeling innanfor det enkelte hovedområde og kan gjere endring i fordeling i løpet av budsjettåret.

Kommunedirektøren kan disponere lønnsreserve og fordele denne til hovedområde og einingar i samsvar med verknad av lønnsoppgjer.

Endringar mellom hovedområda, for generelle driftsinntekter, finansområde og avsettingar, kan gjerast etter politisk behandling.

Bevilgingsoversikt drift, del 2

| | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Øk plan 2025 | Øk plan 2026 | Øk plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Hovedområde 1 Sentraladministrasjon** | 24 490 881 | 24 102 958 | **26 570 015** | | | |
| **Hovedområde 2 Oppvekst Kultur a)** | 69 863 744 | 66 795 052 | **73 086 104** | | | |
| **Hovedområde 3 Helse Pleie Omsorg** | 110 044 657 | 114 257 456 | **118 860 387** | | | |
| **Hovedområde 4 Teknisk, landbruk og miljø a)** | 35 786 080 | 33 898 630 | **37 341 145** | | | |
| **Lønnsreserve** | | | **5 100 000** | | | |
| **Næringsfondet** | | 3 500 000 | **3 400 000** | | | |
| **Konsesjonskraft** | - 10 072 107 | - 17 857 300 | **- 22 734 000** | | | |
| **Samla ramme hovedområda** | **230 113 255** | **224 696 796** | **241 623 651** | **239 524 000** | **240 937 000** | **238 528 000** |
| **Netto bruk av fond** | 8 502 904 | 826 296 | **1 225 500** | | | |
| **Sum til disposisjon på hovedområda** | 238 616 159 | 225 523 092 | **242 849 151** | | | |

***a) Endra i samsvar med vedtak i K.sak 87/23***

## 12.4. Hovedområda

Kommunalsjefar har gjeve overordna kommentarar for sine hovedområde. Dette omfattar også kommentarar og vurdering av tiltak for å budsjett i balanse

### 12.4.1. Sentraladministrasjonen

| | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Øk plan 2025 | Øk plan 2026 | Øk plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Hovedområde 1 Sentraladministrasjon** | 24 490 881 | 24 102 958 | **26 570 015** | | | |

**Status for rammeområdet**

Sentraladministrasjonen har ansvar for strategisk leiing og støtteiningane lønn, økonomi, personal, IKT, beredskap, næring og servicetorg/arkiv. I tillegg ligg utgift til politisk styring og kyrkjeleg fellesråd. Støtteeiningane skal ivareta ei samordna og effektiv støtte til heile organisasjonen, dvs. Kommunedirektør, tenesteområda og politisk styringsorgan. Dei skal arbeide inn mot sektorane/einingane slik at dei får god administrativ støtte til å levere tenestar mot innbyggjarane. Pr dato er det 12,95 årsverk fordelt på 14 tilsette. Dette er ein nedgang frå samanslåinga med 3,95 årsverk og 5 tilsette.
I 2023 har det vore gjennomført større rokeringar i organisasjonen med tilsetting av ny kommunedirektør, prosjektleiar for Vekst i Fjord har slutta og det er gjennomført eit kommune- og fylkesval med dei endringane som følger i råd- og utval. Internt i administrasjonen har ein gjennomført interne rokeringar på arbeidsoppgåver som følgje av pensjonering, reduksjon av stilling og oppseiing. Døme på dette er endringar i økonomiavdelinga, skifte av politisk sekretær, Husbanken, starttilskot og saksbehandling næring.

**Utfordringar**

Fjord kommune opplev likt med mange andre kommunar at det er vanskeleg å rekruttere tilsette til enkelte stillingstypar med rett kompetanse. Det er til dømes sjukepleiar, vernepleiar, barnehagelærar og lærarar. Det er lav arbeidsledighet i kommunen og med det vanskeleg å skaffe vikarar eller "lokke" nytilsette til kommunen. Ekstra utfordrande er dette i pleie og omsorg og innanfor barnehage/skule.

Det har over tid vore for høgt sjukefråvær i kommunen. Ein nedgang i sjukefråværet kan gi økonomisk gevinst, vere arbeidssparande og gje meir stabilitet i personalgruppene, med betre tenestekvalitet som resultat. I sentraladministrasjonen er det veldig lavt sjukefråvær med stabil arbeidskraft.

Digitalisering er eit av hovudområde i utviklinga av kommunen. Innovasjon, forbetring og effektivisering av våre tenester for befolkninga og tilsette. Ein har per i dag ikkje kapasitet til å halde tritt med det digitale skiftet. Kompetanseheving er naudsynt og nye- og forbetra system kostar.
Det er store økonomiske utfordringar i kommunen og det gjer at ein i sentraladministrasjonen må fordele fleire oppgåver på færre tilsette. Vidare konsekvens er at ein får mindre tid til å arbeide med konkrete oppgåver og i større grad blir å arbeide med «brannslokking»/ad hoc oppdrag og lite som går på langsiktig strategiarbeid. Kommunen har ikkje spisskompetanse på enkeltområder og alle tilsette har fleire ansvarsområder og ofte aleine i dette arbeidet.

**Mulegheiter**

- Ta i bruk nye digitale system vil fristille manuelle operasjonar i kommunen
- Betre informasjonsflyt med stor grad av openheit og offentligheit
- Utvikle og forbetre kommunens økonomistyring

- Ferdigstille og utvikle planverk og strategiverktøy for kommunen
- Tydeligare oppfølging av sektor- og einingane.
- Effektivisere kommunestrukturen- og organiseringa i kommunen

## Spesifisering av tiltak for sikre balanse i budsjett 2024

**Tiltak som ER lagt inn i budsjett**
Storfjorden kyrkjeleg fellesråd
Fellesrådet har sendt korrigert søknad om driftstilskot 2024 på kr 3.082.000. Dette er ein auke på kr 147.000, eller 5 %, i høve til tilskot i 2023. Det er ikkje lagt inn auke i tilskotet i 2023. Stranda kommune, som også gjev tilskot til fellesrådet, har ikkje forslag om auke.

Stab/fellestenester
Redusert aktivitet med opplæring, gjennomgang av lisensar, andre innkjøp, omfordeling av oppgåver

Stab/fellestenester
Sum trekk OU-fond på tilsette vert godskrive eininga. Det var ikkje med i opprinneleg budsjettforslag. Faktura frå KS for betaling OU-fond vert belasta eininga.

Disponibelt for ordførar
Beløp lagt inn til disposisjon for ordførar/politisk organ

Disponibelt for kommunedirektør
Beløp lagt inn til disposisjon for kommunedirektør.
Næringsutvikling
Avvikling av Vekst i Fjord

**Oppsummering tiltak hovedområde 1, Sentraladministrasjonen**

| | Foreslåtte salderingstiltak i budsjettforslag | Tiltak lagt inn i budsjettforslag | *Tiltak etter K.sak 87/23* |
|---|---|---|---|
| Disponibelt beløp for ordførar/politisk | | - 75 000 | *- 75 000* |
| disponibelt beløp for kommunedirektør | | - 71 000 | *- 71 000* |
| Uendra tilskot Storfjorden kyrkjelege fellesråd | | | |
| Redusert aktivitet stab/fellestenester | | 350 000 | *350 000* |
| OU-fond | | 250 000 | *250 000* |
| Næringsutvikling | | 215 000 | *215 000* |
| **Sum** | **-** | **669 000** | ***669 000*** |

**Langsiktige tiltak**
Innføring av eigedomskatt på næring, hytter og bustader
Vurdere samarbeid på økonomifunksjonen

## 12.4.2. Oppvekst kultur

| | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Øk plan 2025 | Øk plan 2026 | Øk plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Hovedområde 2 Oppvekst Kultur** a) | 69 863 744 | 66 795 052 | **73 086 104** | | | |

***a) Endra i samsvar med vedtak i K.sak 87/23***

**Status for hovedområdet**

Grunnskule/ SFO:

Skulane har dei siste åra redusert stillingsheimlar i tråd med synkande elevtal, og det er lite å hente på reduksjon av fleire stillingar utan å bryte Opplæringsloven. Dette i forhold til krav om lærarnorm, spesialundervisning, særskilt norskopplæring, tidleg innsats og førebyggande arbeid.
Gjennom fleire år har det blitt kutta med «ostehøvelprinsippet» på dei ulike driftspostane, og det er ikkje meir å «høvle» på utan at det går utover kvaliteten på undervisninga. Eksempelvis har budsjettet for faget mat og helse og kunst og handverk hatt den same ramma i fleire år. Med den prisauke som har vore på mat og andre varer, er det ikkje mykje materiell ein kan kjøpe for å utvikle praktiske ferdigheiter blant elevane. Fag som skal vere praktiske vil bli teoretisert, noko som igjen gjer elevane umotiverte for læring og får svakare praktiske ferdigheiter. I 2023 har det også vore innkjøp av berre strengt naudsynt materiell. Dette gjer at dei fleste lager i alle einingar er stort sett tomme for utstyr. Ny læreplan tredde i kraft 01.08.2020, og det er endå mange fag der ein ikkje har fått oppdatert læreverk etter nye kompetansemål. Det vert derfor nytta digitale ressursar, som igjen kan vere utfordrande grunna gamalt og lite eigna digitalt utstyr.
Skulesektoren er kostbar i drift grunna demografien og tre 1-10 skular i kommunen. Derfor vil kartlegging av ei strukturendring med kostnadar, innsparingar og kvalitet bli gjort som ein prosess utover vinteren. Dette kan vere med på å sikre at kvaliteten på skulane ikkje vert endå meir forringa ved at ein må «kutte» jamt på alle einingane, noko som igjen fører til at ingen elevane i Fjord får eit tilfredstillande skuletilbod.
Skulefritidsordningane har dei to siste åra blitt rimelegare for familiar gjennom 12 timar gratis kjernetid for barn i 1-2.klasse. Dette har ført til at det er fleire barn nyttar seg av sfo-tilbod noko som er positivt. Likevel medfører dette til at inntekter frå foreldrebetalinga blir lågare, samtidig må ein auke bemanninga for å stette krava i vedtektene til vaksne i forhold til tal på barn.

Vaksenopplæring:

Vaksenopplæringa har auka kapasiteten grunna mottak av flyktningar som har rett på introduksjonsprogram med norskopplæring. Det er pr. no to grupper som får opplæring i norsk på ulike nivå, samt at ein også har ei gruppe med vaksne utviklingshemma som har spesialundervisning for å vedlikehalde grunnleggande ferdigheiter.

Barnehagar:

Barnehagane er pr. i dag drive akkurat i balanse etter lover og regelverk, når det gjeld pedagognorm, bemanningsnorm og drift elles. Også i barnehagane er det frå regjeringa innført moderasjonsordningar for låginntekstfamiliar, der ein ikkje skal betale meir enn 6% av hushaldet si inntekt pr. barn, samt at ein kan få innvilga 20 timar gratis kjernetid.
Dei aller fleste barn i Fjord kommune har barnehageplass, og behovet for plassar er størst i Syltebøen barnehage. Der er det for tida 4 avdelingar, der ei avdeling er som korttidsløysing plassert på Martin Linge huset. Syltebøen barnehage har i 2023 hatt tilsyn frå arbeidstilsynet der det vart pålagt lukking av ein del avvik. I denne samanheng er det blitt gjort kartleggingar for alternative løysingar til barnehagedrift frå barnehageåret 24/25, og fram til eventuell bygging av ny barnehage.
Ved endringar i skulestrukturen vil det i den samanheng etter kvart bli utgreidd flytting av Dalsbygda barnehage til Eidsdal skule som eit oppvekstsenter.

Kultur:
Frivilligsentralane i kommunen er stort sett drifta av tilskot, og har ulike aktivitetar for innbyggjarane i alle bygdelaga. Det er i 2023 sett på ny og felles organisering av ungdomsklubbane i kommunen. Kulturskulen har eit breitt tilbod av aktivitetar og jamt tal på elevar, sjølv om ein ser ein nedgang. Det vil derfor vere viktig å «spisse» tilboda i kulturskulen om kva tilbod som er ynskjeleg i dialog med barn og unge. Samarbeid med skulane i «prosjektet» Korps i skulen har vore positivt.
Biblioteka har i dag tilbod i Eidsdal, Stordal og Valldal med ulike opningstider og aktivitetar.
Biblioteksjef stillinga er for tida delvis vakant, med løysingar av drifta fordelt mellom ulike tilsette i kommunen frå før. Det vert arbeidd med å få tilsett ny biblioteksjef utpå vinteren.
Stordalshallen og Martin Linge-huset har gode og varierte aktivitetar gjennom heile året.
For meir om status, sjå einingane sine budsjettrapportar.

## Utfordringar

Rekruttering av fagkompetansen som det er behov for i dei ulike einingane er utfordrande. Særleg innanfor skule og barnehage er det få kvalifiserte søkjarar som vi konkurrerer om med andre kommunar, og ikkje minst innad i eiga kommune for å stette behova i tre skular og tre barnehagar. Vi har dei siste åra vore heldige med å ha forhaldsvis god kompetanse i einingane, men vi ser at det no er fleire stillingar som er dekt av ufaglærte.
Det er også stor mangel på tilkallingsvikarar, noko som fører til stor slitasje på dei andre tilsette ved sjukdom eller anna fråvær. Mangel på vikarar vil auke utgifter til overtidsbetaling.
Med tronge budsjett og nedskjeringar er det først og fremst førebyggingsarbeid og styrkingstiltak som vert kutta. Dette er bekymringsfullt med tanke på kva det på lengre sikt kan føre til av td. stort fråvær i skulen, som igjen kan føre til utanforskap, fråfall i vidaregåande opplæring, yrkesliv og store utfordringar innan psykisk helse.
Busetting av flyktningfamiliar frå Ukraina krev auka behov for ressursar til særskilt norskopplæring og tospråkleg opplæring i grunnskulane, og språkstøtte i barnehagane.
Tid og ressursar til utviklingsarbeid og kompetanseheving vil også bli påverka av stramme budsjett. Ressursane held berre til å oppretthalde den daglege drifta så langt som mogleg, og vil ikkje gi rom for å utvikle kvaliteten på opplæringa gjennom kompetanseheving i det profesjonelle læringsfellesskapet

## Mulegheiter

Gjennomføring av ulike tiltak vil forhåpentlegvis etter kvart gi større rom i budsjetta til einingane slik at dei kan gi betre kvalitet på tenestene.
På trass av låge økonomiske rammer står dei tilsette på og yt langt over det ein kan forvente for at barn og unge og innbyggjarane generelt i kommunen skal ha gode opplevingar og vekstvilkår.

## Spesifisering av tiltak for sikre balanse i budsjett 2024

### Tiltak som ER lagt inn i budsjett

Reduksjon av administrasjonsressurs ved Stordal barnehage
Stordal barnehage har ein forholdsvis høg administrasjonsressurs etter tal på barn, og den er derfor redusert frå 90% til 60% stilling tilsvarande Dalsbygda barnehage. Den reduserte stillinga vil gå inn på avdelinga i direkte arbeid med barna, slik at ein dermed ikkje må tilsette andre i denne stillinga. Innsparinga vil utgjere ca. 235 000 kr.

Generell innsparing Valldal skule

Valldal skule skal spare 400 000 kr, og dette kan gjerast gjennom å slå saman to og to klassar i enkelte fag på barneskuletrinnet. På grunn av klassestørrelse i dei klassane dette kan vere aktuelt vil det ikkje vere noko å hente økonomisk på ei totalsamanslåing. Dette grunna lærarnorma som seier to lærarar om klassa er større enn 16 elevar. I fag som kroppsøving, samfunnsfag, KRLE osv kan det vere mogleg å samarbeide to klassar for å redusere ressurs til støttelærar.
Dei andre skulane er pr. i dag fådelt med samanslåing der det er mogleg.

Ramme kulturskulen
Kulturskulen har budsjettert med auka kulturtilbod basert på kjøp av tenester frå andre til dømes til dansegruppe. Administrasjonen meiner at om ein skal auke eller innføre nye tilbod, bør ein redusere på andre mindre populære tilbod slik at rammene totalt ikkje aukar. Det er derfor foreslått å ikkje endre ramme slik det ligg i budsjett, men dette er eit tiltak som kan vurderast. Det vert vurdert å redusere kulturskulerektor frå 60% til 50% stilling.
Konsekvens: Same omfang av tilbod som før.

Kulturmidlar
Utdeling av kulturmidlar på 300 000 kr er foreslått fjerna. Dette er i utgangspunktet eit godt tiltak for kulturtilbodet i kommunen, men er ikkje lovpålagt og dermed foreslått fjerna. Korpsa får støtte gjennom kjøp av dirigentteneste via kulturskulen. Dette med 70% av kostnadane.
Konsekvens vil vere Mindre midlar til lag og organisasjonar for å drifte ulike kulturtilbod.

***Vedtak i K.sak 87/23, pkt 1.1***
***Ta inn att kulturmidlane i budsjettet, kr 300.000***

Stilling biblioteksjef
Sidan biblioteksjefstillinga skal lysast ut er det foreslått å redusere denne til 80% stilling. Ein del av dei administrative oppgåvene kan gjennomførast i opningstidene til biblioteka, samt at ein må sjå på kva tilbod og aktivitetar som kan leggast innanfor opningstidene for å spare ressurs.

**Tiltak for å få balanse i budsjett. Er ført opp som salderingstiltak.**

Endring av skulestruktur
Ei strukturendring vil i første omgang dreie seg om å flytte Eidsdal ungdomsskule til Valldal skule. GSI tal viser at det utgjer ca 4 stillingsheimlar i undervisning ved Eidsdal skule. Noko av dette vil ein måtte nytte til styrking i klasse ved ei eventuell flytting, samt lovkravd spesialundervisning og særskilt språkopplæring. Det vert difor rekna ca 3 årsverk til innsparing, og for 2024 vil det eventuelt gjelde frå 01.08.24.
Ekstra utgifter til skuleskyss må ein også rekne med og er estimert til om lag kr 125.000.
Det er derfor sett ei innsparing på 1 500 000 kr i strukturendring for 2024. Ein heilårseffekt vil vere om lag kr 3.000.000.
Konsekvensar: Personalet som er i dei reduserte stillingane kan gå inn å erstatte ukvalifisert personale eller vakante stillingar i kommunen. Ei mindre eining med elevar frå 1-7.klasse kan føre til endå større vanskar med å rekruttere nytt personale grunna lite fagmiljø. Elevane på ungdsomsteget vil få ein lenger reiseveg, men eit større sosialt og fagleg miljø der dei kan utveksle meiningar og interesser.

***Vedtak i K.sak 87/23, pkt 1.4***
***Skulestrukturen 1-10 skular i Eidsdal, Stordal og Valldal består som i dag for perioden 2024-2027***

Redusere ressurs Stordalshallen
Stordalshallen har ein forholdsvis stor ressurs samanlikna med ressursen for drifta av Martin Linge-huset. Det vert derfor forslått å redusere ressursen med 30%, og nytte denne td. inn mot flyktningarbeidet.

**Oppsummering tiltak hovedområde 2, Oppvekst og kultur**

| | Foreslåtte salderingstiltak i budsjettforslag | Tiltak lagt inn i budsjettforslag | *Tiltak etter K.sak 87/23* |
|---|---|---|---|
| Redusere administrativ ressurs, Stordal Bhg med 30 % | | 235 000 | *235 000* |
| Generell reduksjon av budsjett, Valldal skule | | 400 000 | *400 000* |
| Skulestruktur, flytte u-skule frå Eidsdal til Valldal frå 1.8.24 | 1 500 000 | | |
| Vurdere budsjett i kulturskulen (ikkje talfesta) | | | |
| Ikkje tildele kulturmidlar i 2024 | | 300 000 | - |
| Redusere biblioteksjef til 80 % stilling | | 152 319 | *152 319* |
| Redusere dagleg leiar Stordalshallen frå 60 % til 30 % | 200 000 | | *200 000* |
| Omstillingskrav | | | *1 450 000* |
| **Sum** | **1 700 000** | **1 087 319** | ***2 437 319*** |

***Vedtak i K.sak 87/23, pkt 1.3, 2. avsnitt***
***Omstillingskravet i budsjett 2024 på 1,450 mill kroner skal følgjast opp i rapporteringa etter 1. tertial i form av budsjettendring som får fram at dette innsparingspotensialet er realisert. Dersom rasjonaliseringane fører til vesentleg endring i tenestenivået ute i einingane skal dette leggast fram for kommunestyret***

***Beløpet er rekna ut slik***

| | | |
|---|---|---|
| Auke rammetilskot | | 400 000 |
| Kulturmidlar | - | 300 000 |
| Medlemskap USS | - | 50 000 |
| Uendra skulestruktur | - | 1 500 000 |
| Omstillingskrav | | -1 450 000 |

***Konsekvens av vedtak er teke inn i budsjett på oppvekst-kultur, men kan fordelast på andre hovedområde.***

**Langsiktige tiltak**
Vurdere avtale og tilbod, MOT
Dette er eit førebyggingsarbeid som legg vekt på å skape robust ungdom som inkluderer andre, og som har MOT til å leve, bry seg og seie nei. Konsekvens kan vere at vi får større utgifter om nokre år. Dette med ungdom som ikkje er robuste nok til å takle liva sine, og som har store psykiske vanskar. Jamfør utfordringar ved å kutte førebyggande arbeid.
Oppvekstplan
Utarbeide heilheitleg oppvekstplan for kommunen som også omfattar strukturelle endringar

## 12.4.3. Helse pleie omsorg

| | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Øk plan 2025 | Øk plan 2026 | Øk plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Hovedområde 3 Helse Pleie Omsorg** | 110 044 657 | 114 257 456 | **118 860 387** | | | |

### Status for hovudområdet

Helse omsorg og velferd leverer tenester av god kvalitet. Brukarundersøkinga gjennomført hausten 2023 viser at brukaropplevd kvalitet er høg. Heimebasert omsorg får spesielt høg vurdering av brukarane. Innføringa av Helseplattforma har medført ein betydeleg innsats av mange i helse og omsorgstenestene. Arbeidet har medført god kontakt og samarbeid på tvers av einingane. Dette har vore positivt for samhandlinga internt i kommunen. Det er venta at løysinga vil digitalisere ein del manuelle arbeidsprosessar og dermed frigjere kapasitet og betre kvaliteten i tenesteutøvinga

### Utfordringar

Rekruttering av personell med kompetanse er ei betydeleg utfordring. Det er stadig meir utfordrande å rekruttere fleire typar personell. Området opplever også no at det er vanskeleg å rekruttere ufaglærte som vikarar og ikkje berre personar med helsefagutdanning.
Rekrutteringsutfordringane medfører at ein må rekruttere via rekrutteringsselskap og nytte vikarbyrå. Dette er kostnadsdrivande for tenesteområdet.
Endring av tenestetilbod i andre delar av samfunnet medfører at kommunen får større ansvar for nye brukargrupper som krev kompetanse og ressursar. Spesielt i forhold til personar med psykiske lidingar og/eller rusproblem er det ein betydeleg auke i behovet. Ein del av desse brukarane krev både personalressursar og kompetanse ut over det kommunen kan tilby. Dette medfører at kommunen har måtte kjøpe denne via vikarbyrå/private tilbydarar.

### Mulegheiter

Helse omsorg og velferd har greidd å rekruttere mange dyktige fagfolk som ønskjer å tilby gode tenester til innbyggjarane. Erfaringane frå arbeidet med pandemi og innføringsprosjektet til Helseplattformen viser at organisasjonen er tilpassingsdyktig når situasjonen krev omstilling og ekstrasats for å kome i balanse.

### Spesifisering av tiltak for sikre balanse i budsjett 2024

**Tiltak som ER lagt inn i budsjett**

Helsestasjon
Halde 60 % totale stillingsressursar ved helsestasjonane vakant. Totale ressursar er p.t. 3 årsverk. Dette i påvente av arbeidet med førebyggande oppvekstplan

Statleg tilskot ressurskrevjande brukarar
I tillegg til toppfinansiering frå staten for ressurskrevjande brukarar, vert det forventa eit tilleggsfinansiering. Dette tillegget vert betalt til kommunar med under 3.200 innbyggarar, lave skatteinntekter og høge kostnader til ressurskrevjande brukarar. Tilskot vert inntektsført på psykiatri og habiliteringstenesta.

Ressursar habilitering
Det er gjort ei vurdering for tilpassing av ressursbruk innanfor habiliteringstenesta med forventa nedgang i bruk i 2024.

Konsulentvurdering
Det lagt inn sum til ekstern vurdering av Fjord sin vedtakspraksis innanfor pleie- og omsorgsområdet.

**Tiltak for å få balanse i budsjett. Er ført opp som salderingstiltak.**

Psykolog
Kan vere aktuelt med sal av tenester til Stranda kommune. Bør vurderast i samband med ny avtale for PPT.

Driftsavtalar
Fjord kommune har totalt 3 heimlar med driftsavtalar fysioterapi. Behov og omfang i teneste må vurderast.

Vikarbyrå/vikarbruk
Det må arbeidast vidare med redusert bruk av vikarbyrå i Pleie omsorg, Valldal. Arbeid med rekruttering av helsepersonell er viktig.

Glimt aktivitetssenter
Flytting frå leigde lokale i «Kraftverkbygget» Valldal til ledige lokale i kommunalt eigd Elvetun. Vil gje årsverknad på kr 150.000. Berekna halvparten for 2024

**Valldal/Eidsdal PLO**

**Valldal sjukeheim**
Sjukeavdelinga 19 plassar
8 plassar skjerma eining for personar med demens

**HBO nord**
12 bemanna omsorgsbustadar
Tenester i heimen

**HBO sør**
12 bemanna omsorgsbustadar
Tenester i heimen

**Stordal PLO**
12 sjukeheimsplassar ved Stordalstunet
Tenester i heimen

Utdrag frå demensplan 2025
*Den demografiske utviklingen vil gi en økende mangel på helse- og omsorgspersonell både i og i spesialisthelsetjenesten. Det er allerede i dag særlig mangel på sykepleiere og helsefagarbeidere. Disse utfordringene stiller store krav til ledelse, planlegging, og styring av tjenestene fremover. De økte behovene for helse- og omsorgstjenester i fremtiden kan ikke møtes med en økning i personell alene. Andre virkemidler må tas i bruk. Det vil fremover være nødvendig å utnytte potensialet av tilgjengelige ressurser bedre. Det vil bli større krav til samhandling, og det er behov for innovasjon og nye løsninger. Dette gjelder både den generelle utviklingen av tjenestetilbudene og utviklingen av tilbudene til personer med demens spesielt*

Utkast til budsjett ved innleiande gjennomgang før ei eventuell omstilling

| | | Stillingar | Budsjett lønn 24 | Totale utgifter |
|---|---|---|---|---|
| 3700 | Stordalstunet | 19,27 | 13 873 509 | 19 297 779 |
| 3710 | Heimetenesta Stordal | 3,98 | 2 803 269 | 3 957 269 |
| 3720 | Dagsenter | 1,41 | 1 046 858 | 1 076 191 |
| | | **24,66** | **17 723 636** | **24 331 239** |

| | | Stillingar | Budsjett lønn 24 | Totale utgifter |
|---|---|---|---|---|
| 3800 | Valldal sjukeheim | 35,23 | 26 180 334 | 33 444 314 |
| 3810 | Heimetenesta Nord | 13,93 | 10 488 744 | 13 007 943 |
| 3811 | Heimetenesta Sør | 8,51 | 6 363 923 | 8 339 714 |
| | | **57,67** | **43 033 001** | **54 791 971** |

Alternativ med strukturendring for å styrke omsorgstilbodet i Stordal PLO

**Mål med omstillinga:**
Samla fagmiljø for tilbod til personar med demens som treng skjerming.
Auka bemanningsfaktor og eit fagmiljø i Fjord kommune.
Lettare tilgang til uteområde for brukarane
Betre ressursnytting ved å samle personalressursane på færre einingar
Frigjere ressursar for å styrke heimebasert omsorg i Stordal
Møte omstillingsbehovet til tenesteområdet

**Redusere 8 plassar ved Valldal sjukeheim (Skjerma eining)**
Etablere felles skjerma eining for personar med demens ved Stordalstunet (totalt 12 plassar).
Etablere 8 plassar i 2Etg ved Stordalstunet som bukollektiv organisert som bukollektiv. (heildøgnstilbod) Noko av desse kan nyttast til rehabilitering etter sjukehusopphald.

**Stordal PLO vil ved dette alternativet ha dette tilbodet.**
12 sjukeheimsplassar skjerma eining for personar med demens 1etg
8 plassar bukollektiv med døgnbemanning 2Etg.
Tenester i heimen

**Valldal Eidsdal PLO vil ved dette alternativet ha dette tilbodet**
19 sjukeheimplassar 1Etg
12 plassar bemanna omsorgsbustad ved VSH
12 plassar bemanna omsorgsbustadar Eidsdal
Tenester i heimen

**Føresetnad for strukturendringa:**
Institusjonskjøkken ved Stordalstunet må flytte/avviklast. Institusjonskjøkken Valldal skal ha kapasitet til å levere til Stordal utan å auke ressursbruken.
Tilpassing av 1Etg Stordalstunet for å tilpasse nytt tilbod.

**Planlagt bemanningsplan:**
<u>Stordalstunet sjukeheim skjerma eining</u>:

15,7 stillingsheimlar ( Ikkje endring)
HBO/Bukollektiv Stordal:
3 dag, 3 kveld, 1 natt
10,6 stillingsheimlar ( + 6,62)
Valldal sjukeheim
20.9 stillingsheimlar (- 7,23)
HBO 12,5 (-1,43)

Ved nedlegging av kjøkken ved Stordalstunet og produksjon av mat ved institusjonskjøkken i Valldal (-1,2 stilling dersom ein set av 0,6 stilling til transport)

Endring av stillingsheimlar etter omstillinga

| | I dag | Ny organisering | Endring |
|---|---|---|---|
| **Valldal/Eidsdal PLO** | | | |
| Valldal sjukeheim | 28,13 | 20,90 | -7,23 |
| Heimeteneste Nord | 13,93 | 12,50 | -1,43 |
| Heimeteneste Sør | 8,51 | 8,51 | 0,00 |
| **Stordal PLO** | | | |
| Stordalstunet | 15,70 | 15,70 | 0,00 |
| Stordal heimeteneste | 3,98 | 10,60 | 6,62 |
| Kjøkken Stordalstunet | 1,80 | 0,60 | -1,20 |
| Endring i stillingar tenesteområdet samla | | | **-3,24** |

**Oppsummering tiltak hovedområde 3, Helse pleie omsorg**

| | **Foreslåtte salderingstiltak i budsjettforslag** | **Tiltak lagt inn i budsjettforslag** | ***Tiltak etter K.sak 87/23*** |
|---|---|---|---|
| Vakant 60 % stilling som helsesjukepleier | | 483 313 | *483 313* |
| Vurdere samarbeid/sal av tenester Stranda kommune psykc | 250 000 | | *250 000* |
| Vurdere driftsavtalar/heimlar med fysioterapeutar | 300 000 | | *300 000* |
| Legge ned institusjonskjøkken ved Stordalstunet, samordne med Valldal sjukeheim | 1 200 000 | | *1 200 000* |
| Felles demensavdeling i Stordal, etablere døgnbemanna omsorgstilbod i Stordal | 1 515 000 | | *1 515 000* |
| Redusere vikarbyråbruk / feriebruk / teamleiarar Pleie omsorg Valldal | 350 000 | | *350 000* |
| Tilskot ressurskrevande brukarar | | 4 000 000 | *4 000 000* |
| Ressursar habilitering | | 2 000 000 | *2 000 000* |
| Flytte Glimt aktivitetsenter til Elvetun. Spart husleige | 70 000 | | *70 000* |
| Konsulentvurdering | | - 100 000 | *- 100 000* |
| **Sum** | **3 685 000** | **6 383 313** | ***10 068 313*** |

**Langsiktige tiltak**
Planlegging for helse- og omsorgssenter
Vurdering endra organisering av pleie- og omsorgstilbod

## 12.4.4. Teknisk landbruk miljø

| | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Øk plan 2025 | Øk plan 2026 | Øk plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Hovedområde 4**<br>**Teknisk, landbruk og miljø a)** | 35 786 080 | 33 898 630 | **37 341 145** | | | |

***a) Endra i samsvar med vedtak i K.sak 87/23***

**Status for hovedområdet**

TLM må halde fokus på rekruttering innan alle avdelingane. Det er stadige endringar som gjer at vi må endre samansetting av personalet, og fordeling av oppgåveløysing må gjennomgåast på nytt.

**Vatn, avløp og renovasjon (VAR)**
Kommunen skal levere kvalitetssikra tenester, infrastruktur og vedlikehald innan vatn, avløp og renovasjon til næringsliv og innbyggjarar. Vi har behov for store investeringar knytt til VAR områda. Kommunen driftar miljøstasjon i Djupøyna, hageavfallsmottak på Vinjesanden. Dette er tenester som blir drifta på vegne av ÅRIM.

**Veg og samferdsel**
Kommunens geografi og lange avstandar gjer at vi driftar mange kommunale vegstrekningar. Budsjett for veg er for lavt høve behov for vedlikehald mange stadar. Med eit lite budsjett på vedikehald klarer vi ikkje å oppretthalde standarden på vegar og bruer, og det kan medføre ytterlegare nedklassing spesiellt av bruer i kommunen.

**Bygningsdrift**
Kommunen driftar mange bygg. Med gjeldande budsjett er det fokus på naudsynte og lovpålagde driftsoppgåver.

**Offentlege områder**
Omfattar drift av grøntareal, beplanting og søppeltømming på offentlege områder.

**Reinhald**
I dag blir alt reinhald ved kommunale bygg utført av kommunalt tilsette. Også vaskeritenester ved instutusjonslokaler. Ved ny vaskeriavtale ser er mogelegeit for innsparing ved å sette vekk deler av dette arbeidet.

**Brann og feiing**
Fjord kommune har 3 brannstasjonar. Det er inngått samarbeidsavtale med Stranda om brannsjef, brannmester og branninspektør, og dette har ført til ei styrking av tilsyn og forebyggande arbeid. Det er tilsett feiar i Fjord kommune, og innføring av feiing av fritidsbustader har vore ei stor oppgåve.
Ny brannstasjon i Stordal vart ferdigstilt i 2023 og har gitt eit betydeleg løft for mannskapa sine fasilitetar.

**Plan, byggesak og oppmåling**
Mykje spanande arbeid med private reguleringsplanar og kommunale planar. Særleg må nemnast arbeidet knytt til ny områdeplan for Raudbergvika. Planarbeidet knytt til kommuneplan er ei stor oppgåve som står føre. Dette må løysast dels med innleigd kompetanse, dels med eigne tilsette. Nye krav og forventingar til digitalt tilgjengeleg kartinformasjon set krav til programvare og kunnskap rundt oppdatering av desse.

**Landbruk og miljø**
Landbruk er framleis ei stor næring i Fjord kommune, og oppgåvene her blir ivaretekne av landbrukssjef. Landbruk kjøper skogfagleg teneste frå Stranda. Tømmerprisane har vore gode. Fjord kommune har mykje hogstmoden skog og det har siste tida vore stor aktivitet knytt til hogst.
Jakt, vilt og rovdyrforvaltning er og vil vere ei viktig oppgåve.

**Bygg og kommunalteknikk administrasjon**
Digitalisering har vore fokusområdet til Fjord kommune, og dette er heilt naudsynt i denne avdeling med tanke på framtidig krav til dokumentasjon. Det er utført eit stort arbeid innanfor dette siste åra, men fortsatt mykje igjen
Bygg og kommunalteknisk har fleire prosjekt på gang innan vedlikehald, oppgradering og nybygg.

## Utfordringar
Rekruttering til enkelte stillingar/fagområder har vore vanskeleg. Dette kombinert med auka lovpålagde krav og nye oppgåver, gjer det stadig meir utfordrande å løyse alle oppgåver.
Gjeldande budsjett stort sett berre rom for driftsoppgåver, og lite til vedlikehald og utvikling/oppgradering. Det går bra for ein kort periode, men over tid vil det bety at ein pådreg seg eit betydeleg etterslep på vedlikehald. Dette gjeld både bygningsmasse, vegar og anna infrastruktur.

## Mulegheiter
Pågåande planarbeid knytt til områder for hytter og bustader, samt næringsutvikling i Raudbergvika vil åpne nye mogelegheter for heile kommunen.
Digitalisering vil etterkvart frigje ressursar til meir strategisk arbeid.
Vi er ein kommune med stor gjennomgangstrafikk knytt til reiseliv. Attraktive sentrumsområder kan gje stopp-effekt for gjennomreisande og inntekter for næringsdrivande.

### Spesifisering av tiltak for sikre balanse i budsjett 2024

**Tiltak for å få balanse i budsjett. Er ført opp som salderingstiltak.**

Felles admin TLM, delvis vakant stilling:
Vakanse knytt til stilling kommunalsjef har for 2023 delvis vore lyst ved å bruke personalressurs frå Bygg og kommunalteknikk. Vidareføring av dagens løysing i starten av 2024, vil gje en delvis årseffekt stipulert til kr 300 000.

Plan, byggesak og oppmåling, redusere budsjett:
Kan reduserast kr 300 000 for 2024 ved generelt kutt, minimere bruk av ekstern konsulentbistand og kurs/opplæring. Utsette anskaffing av kartmodul for planarbeid

Melde seg ut av USS:
Fjord kommune er medlem av utmarkkommunenes landssammenslutning. Årsavgift kr 50 000 kan sparast ved å melde seg ut. Administrasjonen tilrår utmelding.

***Vedtak i K.sak 87/23, pkr 1.2***
***Ta inn att medlemskap i Utmarkskommunenes Landsamanslutning (USS) i budsjettet, kr 50.000***

Redusert vedlikehald:
Det er budsjettert med ein del vedlikehaldstiltak knytt til bygningsmasse. Ved å utsetje desse kan ein spare 1 300 000 for 2024. Ikkje ynskjeleg, men mogeleg. Det vil seie at bygningane berre blir drifta.

Reinhald kommunale bygg:
Sette vekk ein del av vaskeritenestene ved institusjonane på anbod. Det er no inngått ny vaskeriavtale i samarbeid med fleire andre kommunar. Kan gje ein årseffekt (netto) tilsvarande eitt årsverk, kr 650 000. Vil gjere at ein unngår investering i nye industrivaskemaskiner. Kan gjennomførast utan at ein får eit vesentleg dårlegare tenestetilbod

**Oppsummering tiltak hovedområde 4, Teknisk landbruk miljø**

| | **Foreslåtte salderingstiltak i budsjettforslag** | **Tiltak lagt inn i budsjettforslag** | ***Tiltak etter K.sak 87/23*** |
|---|---|---|---|
| Delvis vakant stilling kommunalsjef og leiar bygg og kommunalteknikk | 300 000 | | *300 000* |
| Vedlikehaldsbudsjett vegar er vurdert men ikkje foreslått redusert. Det er hjeller ikkje auke i budsjett | | | |
| Budsjett plan, byggesak, oppmåling | 300 000 | | *300 000* |
| Utmelding Utmarkkommunenes landssammenslutning | 50 000 | | |
| Reduksjon reinhald/vaskeritenester | 650 000 | | *650 000* |
| Redusere vedlikehald kommunale bygg | 1 300 000 | | *1 300 000* |
| **Sum** | **2 600 000** | **-** | ***2 550 000*** |

**Langsiktige tiltak**
Sal av bygningsmasse, reduksjon av tal på bygninga/anlegg
Vurdere teknisk samarbeid med Stranda kommune
Vurdere reduksjon av talet på symjebasseng.

# 13. Næringsfondet

| Næringsfond 2023-2024 Fjord kommune | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **Ansvar** | **2023** | **2024** | **Kommentar** |
| **5.1 Satsing på ungdom** | | | | |
| Medlemskap ungt entreprenørskap | Fjord kommune | 10 000 | 10 000 | Vidareførast |
| **5.2 Stimulere til nyetableringar og vekst og nyskaping i eksisterande næringsliv** | | | | |
| Førstelinjeteneste for eksisterande bedrifter | Næringsutvikling | 100 000 | 100 000 | Tilskot til næringsutvikling |
| Førstelinje for nyetableringar - hoppid.no | Næringsutvikling | 210 000 | 210 000 | |
| Til disposisjon for Næringsfondsstyret | | 2 072 499 | 1 722 329 | Til disposisjon for Næringsstyret. Saker /prosjekt må prioriterast av styret . |
| | | | | |
| Prosjekt pilgrimsleia 2029 - 2030 | | 100 000 | 100 000 | Prosjektfinansiering som også utløyser fylkeskommunale midlar tilsvarande |
| Pilgrimsleia forskottering | | | | |
| **5.3 Identitet og omdømme** | | | | |
| Ingen prosjekt | | | | |
| | | | | |
| **5.4 Levedyktige lokalsamfunn** | | | | |
| Prosjekt HUS | | | 500 000 | Prosjekt for utvikling av bustadmarkanden. Kommunedirektør utformar plan |
| | | | | |
| **5.5 Organisering av næringsutviklingsarbeidet** | | | | |
| Grunnarbeid næringsutvikling | Nær.utvikling | 475 000 | 475 000 | Basistilskot Næringsutvikling |
| Administrasjon av næringsfondet | Fjord kommune | 349 830 | 200 000 | Administrasjon av næringsfondet |
| Vertskapsfunksjon og elektronisk turistinformasjon | Nær.utvikling | 110 000 | 110 000 | Drift av nettportal mm. |
| Sal og marknadsføring gjennom DÅS | Fjord kommune | | | Ført på næringsutvikling |
| Grunnfinansieringsstøtte Stiftinga Geirangerfjord verdsarv | Fjord kommune | | | |
| **SUM TILTAK** | | **3 427 329** | **3 427 329** | |

Tiltak i Næringsfondet er finansiert med konsesjonsavgifter. Denne avgifta skal regulerast kvart 5. år og neste regulering vil vere i 2025. Det er forventa at konsesjonsavgifta då vil auke med mellom kr 500-700.000

# 14. Tilskot

Det er ikkje lagt inn bevilgning til medfinansiering av spelemiddelsøknader i økonomiplanperioden. Dette har tidlegare vore praksis i kommunen. Valldal skyttarlag får i 2023 utbetalt kr 175.000 i samband med utbygging av skytebane. Dette er rest for oppfølging av tidlegare vedtak/bevilgning.

Tabell gjev oversikt over innkomne søknader frå eksterne organisasjonar og vurdering av desse

| OVERSIKT SØKNADER FOR TILSKOT 2024 | | Søkt | Budsjett | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Kirkens SOS | Søknad støtte til krisetenesta 5 000,- for 2023 og 5 000 for 2023 | 10 000 | | Til vurdering frå administrativ pott |
| NKS veiledningssenter for pårørande i Midt-Norge | | 20 000 | | Til vurdering frå administrativ pott |
| Norsk Landbruksrådgivning Nordvest | | 125 000 | - | Avslag |
| Litteraturhus i Møre og Romsdal | Vidareføring av litteraturhus i Møre og Romsdald | 20 000 | 20 000 | Budsjettert opppvekst |
| Stiftinga Geirangerfjord Verdsarv | Søknad om støtte for 2024 | 250 000 | - | Oversendt til Næringsfondet |
| NOK Møre og Romsdal | Tidl. SMISO 6,20 pr. innbyggjar | 15 500 | | Til vurdering frå administrativ pott |
| | **Sum søknader** | **440 500** | **20 000** | |

# 15. Investeringar

Økonomiplanen skal i følgje Kommunelova innehalde dei fire neste budsjettåra. Det er ein rullerande plan, der første budsjettår er bindande, og dei tre neste år skal vurderast årleg.

Fjord har mange store investeringsplanar. Også utover dei prosjekta som allereie er vedtekne og delvis sett i gong. For 2024 er det prioritert nokre prosjekt som samla i liten grad skal påverke driftsøkonomien.

Dette er:

- IKT – oppgradering av utstyr
- Systemutvikling
- Fortsatt investere i kyrkja sine ansvarsoppgåver
- Varslings- signalanlegg på Stordalstunet
- Vegar og bruer
- VAR investeringar
- Brannbil/beredskapsbil for tunell i Indreeidsdalen, Eidsdal. Fullfinansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Fornying av bilpark med elbil.

Prosjekt skal finansierast hovudsakleg ved tilskot, låneopptak, mva-kompensasjon og bruk av fondsmidlar og ev sal av eigedommar.

Når det gjeld sal av eigedommar: I KS sak 019/23 gjorde Fjord kommunestyre følgjande vedtak:

1. Fjord kommunestyre bed administrasjonen om å gå i dialog og eventuelt framforhandle avtale knytt til avhending av brannstasjon med leilegheit i Stordalsvegen 531. Primært med eigar av øvrig bygningsmasse på same adresse. Endeleg avtale skal godkjennast av formannskapet.

2. Fjord kommunestyre bed administrasjonen om å gå i dialog og eventuelt framforhandle avtale knytt til avhending av museumsbygg med aktørar som kan vere interessert i å ta vare på desse. Endeleg avtale skal godkjennast av formannskapet.

3. Saka blir tatt opp igjen i samband med budsjettprosessen hausten 2023.

Kommenar til kvart punkt i vedtaket:

1. Dette er gjennomført og gamle brannstasjon i Stordal er solgt.
2. Her er det dialog med Fortidsminneforeninga og Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv om å ta ansvar for m.a. Løsetstova og kommunale bygningar i Fundergata i Tafjord.
3. Her er det i utgangspunktet 2 byggningar som var aktuelle for salg. Kommunehuset i Eidsdal og Fjordhagen. Dette er utleigebygg som kvar for seg går med overskot. Kommunehuset i Eidsdal er fortsatt i bruk som bibliotek. Fjordhagen er viktig i næringsutviklingsarbeidet. Kommunedirektøren vuderer det også slik at eigedommane kan stige i verdi ved ei eventuell utbygging i Raudbergvika. Ein bør derfor vente med å eventuelt vurdere sal av desse bygga.

Alle investeringane er samla i eit felles oppsett for Fjord kommune. Administrasjon har kartlagt og prioritert prosjekt som Fjord kommune har behov for å gjere noko med i økonomiplanperioden. Med utgangspunkt i den økonomiske situasjon må ein etter 2024 fortsatt vurdere kor mykje ein skal gjennomføre av investeringsprosjekt i økonomiplanperioden.

For enkelte prosjekt har ein og sett utover økonomiplanperioden. Administrasjon har presentert innhald i investeringsplan for formannskap før endeleg investeringsbudsjett vert ferdigstilt. Endeleg framlegg til investeringsbudsjett er vist under.

## 15.1. Bevilgningsoversikt investering del 1

Denne viser kostnader til ulike investeringar og finansiering av desse

| BEVILGINGSOVERSIKT INVESTERING - DEL 1 | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **BEVILGINGSOVERSIKT INVESTERING** | **Budsjett** | **Økonomiplan** | | | |
| | **Del 1** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** |
| 1 | Investeringar i varige driftsmidlar | 29 350 000 | 18 612 500 | 21 650 000 | 21 050 000 | 31 050 000 |
| 2 | Tilskot til andre sine investeringar | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 |
| 3 | Tilskot til aksjer og andelar i selskap | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| 4 | Utlån av eigne midlar | | | | | |
| 5 | Avdrag på lån | | | | | |
| **6** | **SUM INVESTERINGSUTGIFTER** | **30 750 000** | **20 012 500** | **23 050 000** | **22 450 000** | **32 450 000** |
| 7 | Kompensasjon for merverdiavgift | -4 510 000 | -2 522 500 | -2 720 000 | -2 580 000 | -4 390 000 |
| 8 | Tilskot frå andre | -3 500 000 | -8 865 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 |
| 9 | Sal av varige driftsmidlar | | -500 000 | -300 000 | -300 000 | -300 000 |
| 10 | Sal av finansielle anleggsmidlar | | | | | |
| 11 | Utdeling frå selskap | | | | | |
| 12 | Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar | | | | | |
| 13 | Bruk av lån | -21 740 000 | -7 125 000 | -17 030 000 | -16 570 000 | -24 760 000 |
| **14** | **SUM INVESTERINGSINNTEKTER** | **-29 750 000** | **-19 012 500** | **-22 050 000** | **-21 450 000** | **-31 450 000** |
| 15 | Vidareutlån | 7 500 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 |
| 16 | Bruk av lån til vidareutlån | -7 500 000 | -10 000 000 | -10 000 000 | -10 000 000 | -10 000 000 |
| 17 | Avdrag på lån til vidareutlån | 600 000 | 650 000 | 700 000 | 750 000 | 750 000 |
| 18 | Mottekne avdrag på vidareutlån | -600 000 | -650 000 | -700 000 | -750 000 | -750 000 |
| **19** | **NETTO UTGIFTER VIDAREUTLÅN** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| 20 | Overføring frå drift | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 21 | Netto avsetningar til eller bruk av bundne invest.fond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 22 | Netto avsetningar til eller bruk av ubundne invest.fond | -1 000 000 | -1 000 000 | -1 000 000 | -1 000 000 | -1 000 000 |
| 23 | Dekning av udekka beløp tidlegare år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 24 | Sum overføring frå drifta og netto avsetningar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 25 | Framført til inndekning i seinare år udekka beløp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Oppsummert er administrasjon si vurdering slik:
Nivå på investeringar må vere slik at det er forsvarleg både for dei som skal gjennomføre vedtekne prosjekt samt at økonomien er berekraftig framover

- Fjord kommune bør berre vedta investeringar som er heilt naudsynte. I tillegg til det er det berre investering i VAR områda som er med i budsjett. VAR investeringar vert finansiert via sjølvkostrekneskap og kommunalt avgiftsnivå.

- Nivå på låneopptak bør i gjennomsnitt i økonomiplanperioden vere på eit nivå som ikkje overstige minsteavdrag på om lag ca. 19 mill pr. år. For 2024 er budsjettert låneopptak kr. 7 125 000,-.
- Administrasjon vurderer framlagte investeringsbudsjett som maksimalt investeringsnivå for Fjord kommune. Samla vil det påverke i liten grad påverke driftsøkonomien når 6 mill av investeringane er innanfor VAR områda, samt at ein får mange tilskot/refusjonar inn i investering.
- For 2024 vert investeringar også finansiert av:
  - Sal av tomter, eiendommer mm. Vurdert til 500 000,-
  - Spelemidlar til Martin Linge huset 3 250 000,-
  - Tilskot til brannbil Møre og Romsdal Fylkeskommune 3 690 000,-
  - Husbanken, tilskot til signalanlegg 1 925 000,-

  SUM 8 865 000,-

- Tidlegare vedtekne investeringar bør i liten grad gjennomførast. Berre det som er heilt naudsynt.
- Eventuelle investeringstiltak i Syltebøen barnehage vert lagt fram i eiga sak.

Tilskot til andre sine investeringar (linje 2) gjeld omsøkt beløp frå Storfjorden kyrkjeleg fellesråd til investering i kyrkjelege formål.

Tilskot til aksjar og andelar i selskap gjeld eigenkapitaltilskot til KLP. Beløpet kan ikkje finansierast med lån.

## 15.2. Bevilgningsoversikt investering - del 2

| Prosj.nr. | BEVILGNINGSSKJEMA investering Del 2 | Samla budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| I130101 | Avslutte arkiv Fjord kommune og Norddal Elverk | 514 737 | 0 | 500 000 | 500 000 | 426 000 |
| I130102 | IKT - oppgradering til felles plattform | 750 000 | 800 000 | 750 000 | 500 000 | 400 000 |
| I130203 | Systemutvikling | 100 000 | 500 000 | | | |
| | **SUM ADMINISTRASJON** | **1 364 737** | **1 300 000** | **1 250 000** | **1 000 000** | **826 000** |
| I133002 | Investering Storfjorden kyrkjelege fellesråd | 573 197 | 400 000 | | | |
| | **SUM KYRKJE** | **573 197** | **400 000** | **400 000** | **400 000** | **400 000** |
| I300001 | Velferdsteknologi | 0 | 0 | 300 000 | 300 000 | 300 000 |
| NY-2024 | Signalanlegg Stordalstunet | | 3 500 000 | | | |
| I300010 | Helseplattforma vedtak 12.05.2022 | 8 025 133 | | | | |
| | **SUM HELSE** | **8 025 133** | **3 500 000** | **300 000** | **300 000** | **300 000** |
| | **OPPVEKST OG KULTUR** | | | | | |
| I241001 | Nytt biblioteksystem | 100 000 | | | | |
| I200001 | Digitale læremidler | 73 623 | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 |
| | Stordal Barnehage, inventar | 0 | | | | |
| | **VEGAR OG BRUER** | | | | | |
| I421008 | Oppgradering vegar inkl. asfaltering. | 1 000 000 | 0 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 500 000 |
| I421009 | Skibru Kvitlane( Utbyggingsmidlar ) | 2 000 000 | | | | |
| I421002 | Parkeringsplassar Ytterli | 198 900 | | | | |
| I421003 | Vegar og bruer Fjord (inklusiv Pusken bru ) | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 3 000 000 |
| I421004 | Veg Øvre Dyrkorn | 2 492 827 | | | | |
| I421005 | Griggåsrøbbane, veg og teknisk anlegg | 595 054 | | | | |
| I421006 | Avslutte grunnerverv tidlegare prosjekt. | 155 348 | | | | |
| I421007 | Investering rekkverk | 150 000 | | 150 000 | 150 000 | 150 000 |
| | **REGULERINGSPLANAR - AREALUTVIKLING** | | | | | |
| I430001 | Planarbeid Muribugen | 500 000 | 0 | | | |
| I430002 | Planarbeid og opparbeiding Omenås bustadfelt | 1 150 000 | 0 | 500 000 | | |
| I430004 | Oppgradering og sikring av leikeplassar | 200 000 | 200 000 | 200 000 | 200 000 | 200 000 |
| I430005 | Planarbeid Sjøareal (felles m/Stranda & Sykkylven) | 0 | 0 | | | |
| I430006 | Sentrumsutvikling i ulike bygder | 250 000 | 0 | | 250 000 | |
| I430007 | Kartlegging og sikring mot skredfare i Fjord | 671 906 | 0 | | | |
| I430008 | Fjord kommune rullering arealplan | 1 000 000 | 0 | 1 000 000 | | |
| I143009 | Planarbeid Eidsdal sentrum | 150 000 | 0 | | | |
| | **BRANN** | | | | | |
| 2026-1 | Brann jfr. Eige oppsett | 150 000 | | 1 150 000 | 750 000 | 7 250 000 |
| | Brannbil til beredskap Eidsdal i samband med tunell Indreeidsdalen. Fullfinansiert med tilskot frå Fylket | | 4 612 500 | | | |
| | **VAR-Investeringar** | | | | | |
| I470101 | Vassverkutbygging i Fjord kommune | 5 586 906 | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 000 000 | 4 000 000 |
| i470103 | Avløpsanlegg i Fjord kommune | 4 488 818 | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 000 000 | 4 000 000 |
| | **TEKNISK** | | | | | |
| I492003 | Oppgradering Eidsdal Skule | 14 402 602 | 0 | 4 000 000 | | |
| I492006 | Syltebøen bHG - ombygging/tilpassing inkl.uteområde | 11 703 414 | 0 | | | |
| Økplan | Syltebøen barnehage inventar | 0 | 0 | 700 000 | 100 000 | |
| I492007 | Dalsbygda barnehage, rassikring uteområde, | 0 | 0 | 350 000 | | |
| I492008 | Stordal skule oppgradering for behov i kulturskulen | 132 077 | 0 | | | |
| 2-økplan | Stordal skule behov for oppgradering av mellombygget | 0 | 0 | | | 5 000 000 |
| I492101 | Naudstraumsaggregat Stordalshallen | 0 | 0 | | | |
| I492102 | Inventar Stordalshallen | 0 | 0 | | | |
| I492301 | Valldal Fjernvarme nødvendig utvikling av anlegget | 500 000 | 0 | 250 000 | 250 000 | 250 000 |
| I492302 | Brannstasjon Stordal | 11 289 088 | 0 | | | |
| | Stordal Brannstasjon, Tilleggsløyving | 0 | 0 | | | |
| I492404 | Helsehus Stordal, kartlegging og planlegging | 256 838 | 0 | | | |
| I492406 | Elvetun ombygging | 200 000 | 0 | | | |
| I420501 | Overgang til bilar som går på el. eller anna fornyb.energi | 400 000 | 500 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 |
| 3-økplan | Oppgradering teknisk rom og basseng Valldal skule | 0 | 0 | | 5 000 000 | |
| 4-økplan | Elektronisk låsesystem kommunale bygg | 0 | 0 | 250 000 | 250 000 | 500 000 |
| 6-økplan | Roa - bygg med 4 utleigeeiningar i Valldal | 0 | 0 | | 750 000 | 1 500 000 |
| I430010 | Industriområder, nye areal Fjord | 750 000 | 0 | 750 000 | 100 000 | 100 000 |
| 9-økplan | Stordal kai | 0 | 0 | | | 2 700 000 |
| 10-økplan | Digitalisering av teikningar + tilstandsanalyse komm.bygg | 0 | 0 | 300 000 | 300 000 | 300 000 |
| 11-økplan | Tafjord friluftsbad stort behov for kartl/gj.føring av tiltak | 0 | 0 | | 250 000 | |
| 12-økplan | Stordal kommunehus, stort behov | 0 | 0 | | 300 000 | |
| 13-økplan | Eidsdal omsorgsbustader, Renovasjonsskur | 0 | 0 | | 200 000 | |
| 14-økplan | Oppgr. av kjøkken Eidsdal omsorgsbustader leilegheiter | 0 | 0 | | 400 000 | |
| 15-økplan | Dalsbygda barnehage nytt tak | 0 | 0 | | . | |
| I430011 | Rassikring hyttefelt og bustadområde | 565 208 | 0 | | | |
| 16- øk-plan | Stordalstunet diverse | 0 | 0 | | | |
| 17- øk-plan | Kirkebøe stadion Led lys | 0 | 0 | | | |
| 18-økplan | Heiser VTS | 0 | 0 | | | |
| 19-økplan | Elvetun mm. Uteeområde | 0 | 0 | | | |
| 20-økplan | Led lys kommunale bygg | 0 | 200 000 | 400 000 | 400 000 | |
| | **SUM teknisk næring og miljø** | **63 112 609** | **13 812 500** | **19 700 000** | **19 350 000** | **31 150 000** |
| | **TOTAL** | **73 075 676** | **19 012 500** | **21 650 000** | **21 050 000** | **32 676 000** |

D

## 15.3. Beskriving av investeringsprosjekt

| Prosjekt nr. | Prosjekt namn | Beskriving (bakgrunn, behov, konsekvens) | Prosjekteigar |
|---|---|---|---|
| **I130101** | Digitalisering av gamle arkiv | **Bakgrunn:**<br>Frå 2022 og framoverer det inngått avtale med IKA M&R om innlevering av papirarkiv frå Norddal og Stordal kommune. For 2022 og 2023 er det vurdert som nok med overførte midlar. Det er i avtalen frå IKA ein totaltkostnad frå 2022 på ca. 2 300 000,-.<br>**Behov:**<br>Digitalisering av papirarkiv er viktig for å ivareta oppslag i kommunen og sikre ivaretaking av dokument i samsvar med arkivlova og GDPR.<br>**Vurdering:**<br>Prosjektet bør fortsette som planlagt etter inngått avtale med IKA. Det er imidlertid ikkje budsjettert med ytterlegare midlar til dette i 2024. | Stab |
| **I130202** | Digitalisering/IKT felles plattform | **Bakgrunn:**<br>Digitaliseringa i samfunnet krev jamn utskifting av utstyr for å følgje opp digitaliseringsstrategi og arbeide smartare. Norddal og Stordal var på ulikt nivå når ein slo seg saman til Fjord kommune. Her er enno eit etterslep for å kome på ønska nivå, for så å ta det over på drift.<br>**Behov**:<br>For å utvikle kommunen må nødvendig infrastruktur og utstyr på plass.<br>**Vurdering:**<br>Må gjennomførast | Stab |
| **I130203** | Systemutvikling | **Bakgrunn**<br>Systemutvikling Visma Busines/økonomisystem og lønn HRM. Alle kommuner er på veg inn i skyløsning. Fjord kommune er med i innkjøpssamarbeid med Sykkylven, Stranda, Sula, Giske og Ålesund( Innkjøpssamarbeidet i Ålesund. Desse saman med ROR IKT og ORKIDE kommunen må ut på anbud med alle system økonomi, lønn/ HRM.<br>Acos har behov for oppgradering. Dette vert gjort i felleskap med andre komuner i innkjøpssamarbeidet.<br>Vidare er det behov for system for å handtere flyktningar.<br>**Behov:**<br>Alle system tilknytt økonomi, HRM -lønn, e-handel- mm. I Visma Business pakken skal ut i skyløsysing. Noverande løysing vil om kort tid miste support oppfølging. Det er og lenge sidan det har vore gjennomført innkjøp av denne programpakken. Det er derfor heilt nødvendig at | Økonomi |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Fjord kommune er med på denne anskaffelsen.<br>**Vurdering**:<br>Gjennomførast ved behov. | |
| **I133001** | Kyrkja | **Bakgrunn:**<br>Fjord kommune får kvart år søkand frå Storfjorden kyrkjelege fellesråd om Fjord kommune sitt bidrag inn i nødvendige investeringsprosjekt i Kyrkjene i Fjord kommune<br>**Behov:**<br>Fjord kommune bevilger kvart år kr. 400 000 til investering i kyrkjene i Fjord kommune kvart år. Utviding av gravplass i Valldal vil kome som eiga sak.<br>**Vurdering:**<br>Bør fortsette | |
| **I300001 Vurdering: Vidare budsjettering når plan er utarbeid** | Velferdsteknologi | **Bakgrunn:**<br>Sette av kr. 300 000 pr. år. Viktig å få utarbeid plan for dette, samt å synleggjere kva investeringane medfører i sparte kostnader. Samarbeidsprosjekt i MISU om innføring av velferdsteknologi. Strategi i forhold til velferdsteknologi bør omhandlast i plan for Helse omsorg og velferd.<br>**Vurdering:**<br>Prosjekt som gir god rasjonaliseringseffekt bør prioriterast. | HOV |
| **I241001** | Biblioteksystem | **Bakgrunn:**<br>Krav om innføring av nytt biblioteksystem i 2022. Utsatt til 2023.<br>**Behov**:<br>Krav, må gjennomførast. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **I200001** | Digitale læremiddel | **Bakgrunn:**<br>Skulekvardagen i stor endring. Digitaliseringa pregar skulekvardagen.<br>**Behov:**<br>Digitale tavler etc må kome på plass i klasserom som ikkje har. Også behov for utskifting. Tilpasning til ei digital undervisning, digital tid.<br>**Vurdering:**<br>Utarbeide plan for dette og gjennomføre når nødvendig | |
| **I421008** | Oppgradering vegar inkl. asfaltering. | **Bakgrunn:**<br>Det er stort behov og etterslep på asfaltering av kommunale vegar. Ein del kommunale vegar har fortsatt grusdekke.<br>**Behov:**<br>Det er lite rom for asfaltering i driftsbudsjett, og må settast av årleg sum for å oppretthalde standard.<br>**Vurdering:**<br>Kan ikkje kuttast ut, men kan utsettast. Utsett ein for lenge, kan dette medføre at ein må gjere større tiltak. | |
| **I421009** | Skibru Kvitlane( Utbyggingsmidllar ) | **Bakgrunn:**<br>Reguleringplan for hyttefelt H60 på Langsætrane stiller krav om opparbeiding av skibru i samband med utbygging av hyttefeltet pga auka trafikk. Dette gjeld forskottering av bygging. Forutsetning at dette vert finansiert via utbyggingsavtalar i H60.<br>**Behov:**<br>Estimert til kr 2 mill. Vil vere avhengig av oppstart frå utbyggar.<br>**Vurdering:**<br>Tekniske anlegg i feltet H60 er under prosjektering frå utbygger. Tekniske anlegg truleg utbygd i 2024. Bygging av skibru kan utsettast til bygging av hytter i H60 tek til. | |
| **I421002** | Parkeringsplassar Ytterli og Rønneberg | **Bakgrunn:**<br>Stort behov for parkeringplassar på Rønneberg og Ytterli.<br>**Behov:** Rønneberg ferdig. Utfordringar med arkeologi på Ytterli vil truleg gjere prosjektet dyrare. Ny eigar på Ytterli har lansert alternativ parkeringsplass med samarbeid kommune/grunneigar.<br>**Vurdering:**<br>Fortsatt behov for parkeringsplassar på Ytterli, men kan og bør utsetjast inntil det er klarheit i om ny eigar vil bygge ny parkering. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **I421003** | Vegar og bruer Fjord (inklusiv Pusken bru ) | **Bakgrunn:**<br>Stort behov for tiltak på vegar/bruer. Særleg knytt til oppgradering av stikkrenner, bekkeinntak og bruer. Tidlegare fremja tiltak både ved Raudebrua og Remsbrua. Kalkyle utført av safecontroll desember 2020 viser rehabiliteringsbehov for 1,8 mill på Raudebrua, men stor usikkerheit og prisstigning knytt til slik rehabilitering. Dagens bru er kun brei nok til personbilar og har 5 tonn totalvekt. Ny bru 4 m breidde og 50 tonn totalvekt er kalkulert til 6 mill. Klar tilråding frå brukontroll: Ny bru innan 1-2 år eller stenge brua. Remsbrua krev tiltak: Enten nedklassifisering med oppgradering for kr. 1,5 mill eller ny bru kr. 9,4 mill. Puskebrua låg tidlegare med eiga løyving for gjennomføring i 2024. Ligg no i samlepott her. Kan ikkje gjennomførast i 24. Hovedkontroll på bruer utført i 23, fleire avvik som må rettast. Behov for sikring fjellskjeringar Tafjord og Dyrkorn etter rashendingar<br>**Behov:**<br>Må vere årlege løyvingar som tek høgde for desse tiltaka.<br>**Vurdering:**<br>Med gjeldande løyving må Raudebrua stengast/avviklast seinast etter sommaren 2024. Kun viktigaste tiltak kan prioriterast. | |
| **I421004** | Veg Øvre Dyrkorn | **Bakgrunn:**<br>Dårleg vegstrekning på Øvre Dyrkorn. Må få prioritet frå adm no når Hjellevegen er ferdig. Delar av strekket mot Lien har fått autovern hausten 2022 + utbetring av stikkrenne. Avsette midlar dekker tiltak til Alleen.<br>**Behov:**<br>Gjennomførast innanfor tidlegare løyve midlar.<br>**Vurdering:**<br>Vegstrekning som har vore nedprioritert i mange år. Kan utsetjast, men ikkje kuttast ut. | |
| **I421005** | Griggåsrøbbane, veg og teknisk anlegg | **Bakgrunn:**<br>Veglys til barnehage + straumtilførsel tomter. Reguleringsendring skal gjennomførast før tomter vert tildelt.<br>**Behov:**<br>Gjennomførast innanfor tidlegare løyve midlar.<br>**Vurdering:**<br>Reguleringsendring no fullført. Veglys til barnehage gjennomført, vil komme på rekneskap 23. Straumtilførsel til tomter gjennomførast innanfor avsett ramme i 23. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **I421006** | Avslutte grunnerverv tidlegare prosjekt. | **Bakgrunn:**<br>Gamle saker med grunnerverv som ikkje er fullførte. Blant anna Rønnebergvegen, håp om å ferdig i 23.<br><br>**Vurdering:**<br>Må gå vidare | |
| **I421007** | Investering rekkverk | **Bakgrunn:**<br>Vegstrekningar med manglande eller behov for utskifting av rekkverk. Kun mindre skader/utbetringar blir teke på drift.<br>**Behov:**<br>Nødvendig trafikksikringstiltak, må vere årlege løyvingar eller auke drifta.<br>**Vurdering:**<br>Dette er nødvendige tiltak. | |
| **I430001** | Planarbeid Muribugen | **Bakgrunn:**<br>Populært og mykje brukt badeplass og friluftsområde.<br>**Behov:**<br>Offentleg toalett, utbetring av parkeringsforhold, skilting, tursti aust-vest og generell tilrettelegging/opprydding. Prosjekt som administrasjonen meiner ikkje kan prioriterast.<br>**Vurdering:**<br>Bør utsettast | |
| **I430002** | Planarbeid og opparbeiding Omenås bustadfelt | **Bakgrunn:**<br>Treng fleire bustadtomter i dette området. Primært gjennom fortetting av eksisterande bustadfelt.<br>Vurdering:<br>**Behov:**<br>Ny reguleringplan, deretter opparbeiding.<br>**Vurdering:**<br>Viktig å ha attraktive bustadtomter. Planinitiativ frå privat aktør på Omenås kan avlaste dette behovet, og kommunen sitt vidare planarbeid kan vente til dette er meir avklara. | |
| **I430004** | Oppgradering og sikring av leikeplassar | **Bakgrunn:**<br>Har gjennomført ekstern kontroll av leikeplassar. Må rive eindel utstyr og over tid etablere nye leikeapparat.<br>**Behov:**<br>Må vere avsett årlege midlar til dette.<br>**Vurdering:**<br>Må gå vidare, hvis ikkje må tiltaka gjerast over drift. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **I430005** | Planarbeid Sjøareal (felles m/Stranda & Sykkylven) | **Bakgrunn:**<br>Treng ein samla plan for bruk av sjøareal. Fjord kommune sin andel i prosjektet som er felles med Stranda og Sykkylven. Oppdraget er tildelt Rambøll.<br>**Behov:**<br>Vidareførast i 2024<br>**Vurdering:**<br>Pågåande arbeid i samarbeid med Stranda/Sykkylven. Må vidareførast | |
| **I430006** | Sentrumsutvikling i ulike bygder | **Bakgrunn:**<br>Ynskje om å tilrettelegge for attraktive sentrumsareal i bygdene. Initiativ frå Norddal idrettslag om opparbeiding av aktivitetspark i Norddal. Idrettslaget har engasjert landskapsarkitekt, og legg opp til ei finansiering dels med gåvemidlar, tippemidlar, dugnad og kommunal stønad.<br>**Behov:**<br>Kommunal andel for at prosjektet skal gjennomførast.<br>**Vurdering:**<br>Kan utsettast | |
| **I430007** | Kartlegging og sikring mot skredfare i Fjord | **Bakgrunn:**<br>Utreding og gjennomføre skredsikring for bustadområder i kommunen.<br>**Behov:**<br>I første omgang vidareføre sikring av tomteområde i Norddal.<br>**Vurdering:**<br>Må vidareførast for å sikre kommunale bustadtomter | |
| **I430008** | Fjord kommune rullering arealplan | **Bakgrunn:**<br>Gjeldande kommuneplanar er gamle og utdaterte. Desse må rullerast for å kunne imøtekomme dagnes krav for planlegging knytt til bustader, hytter og næringsutvikling. **Behov:** ved rullering av arealplan for Fjord kommune er det behov for innleige av ekstern kompetanse.<br>**Vurdering:** Rullering kommuneplan er eit stort arbeid som vil gå over eit par år. Vil også krevje mykje ressursbruk internt, men viktig at arbeidet blir oppstarta. | |
| **I430010** | Eidsdal Sentrum, reguleringsplan | **Bakgrunn:**<br>Ny reguleringsplan for Eidsdal sentrum saman med Hofseth International AS og Møre og Romsdal fylkeskommune.<br>**Behov:**<br>Løyving til kommunal andel vidareførast.<br>**Vurdering:** | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Bør vidareførast, men framdrift avhengig av øvrige aktørar. | |
| **I450003** | Eidsdal Redningsbil/teknisk utstyr brannvern | **Bakgrunn:**<br>Ny redningsbil må innkjøpast i samband med ny tunell i Indreeidsdalen. Delfinansiering, Resten betalt av Møre og Romsdal Fylkeskommune. Redningsbil med 5 pers pluss tank.<br>**Vurdering:**<br>Må vidareførast | |
| **2026-1** | Brann jfr. Eige oppsett | Behov for ny redningsbil med plass til 5 (7) personar. Ikkje vurdert at det er rom for dette i økonomiplanperioden | |
| **I470101** | Vassverkutbygging i Fjord kommune | **Bakgrunn:**<br>I Fjord kommune er det stort behov for investering innanfor vassforsyning. Gjeld særleg reservevasskjelder + mykje gammalt ledningsnett. I tillegg kjem utvidingar knytt til nye hytteområder. Det er plan å innhente ekstern kompetanse for å rullere hovedplan for vatn.<br>**Behov:**<br>Det må budsjetterast for større tiltak i dei kommande åra.<br>**Vurdering:**<br>Må vidareførast. Dette er sjølvkost, og påverkar ikkje driftsbudsjett | |
| **I470103** | Avløpsanlegg i Fjord kommune | **Bakgrunn**:<br>I Fjord kommune er det stort behov for investering innanfor avløp. Gjeld særleg reinseanlegg + mykje gammalt ledningsnett. I tillegg kjem utvidingar knytt til nye hytteområder. Det er plan å innhente ekstern kompetanse for å lage ny hovedplan for avløp.<br>**Behov:**<br>Det må budsjetterast for større tiltak i dei kommande åra.<br>**Vurdering:**<br>Må vidareførast. Dette er sjølvkost, og påverkar ikkje driftsbudsjett | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **I492003** | Oppgradering Eidsdal Skule | **Bakgrunn:**<br>Eidsdal skule har eit større behov for renovering. Planlegginga er starta, og det er utarbeidd teikningsgrunnlag mtp oppgradering til 1-10 skule + areal til folkebibliotek.<br>**Behov:** Stort. Sanitæranlegg, ventilasjon og elektrisk anlegg må oppgraderast. Det same gjeld bygningsmessige overflater. Vurdere om bygget også skal renoverast utvendig. Behov for utvida budsjett ved gjennomføring.<br>**Vurdering:**<br>Prosjektet bør utsetjast mtp. økonomisk omfang | |
| **I492006** | Syltebøen barnehage - ombygging/tilpassing inkl. uteområde som nærmiljøanlegg | **Bakgrunn:**<br>Det er behov for kapasitetsauke samt oppgradering m.a. med tanke på universiell utforming og betre fasilitetar for personalet. Pålegg frå arbeidstilsynet. 10 pkt knytt opp mot bygningsmessige tiltak. Kortsiktige tiltak iverksett. Midlertidig avdeling etablert ved ML-huset.<br>**Behov:** Må ta stilling til langsiktige tiltak evt. nybygg. Evt mellombelse tiltak i form av brakke/modulløysingar.<br>**Vurdering:** Må prioriterast i 2024. | |
| **Økplan** | Syltebøen barnehage inventar | **Bakgrunn:**<br>Ombygging av barnehagen/nybygg.<br>**Behov**:<br>Stort sett utslite, gamalt inventar.<br>**Vurdering:** Heng ihop med prosjekt I492006 | |
| **I492007** | Dalsbygda barnehage, rassikring og uteområde, | **Bakgrunn:**<br>Tiltak jfr skredrapport etter stein kom ned på uteområdet. Utført i 2022 gjennom fanggjerde.<br>**Behov:**<br>Avslutta innanfor gjeldande løyving.<br>**Vurdering:**<br>Rasikring fullført i 2022, uteområde står att. | |
| **I492008** | Stordal skule oppgradering for behov i kulturskulen | **Bakgrunn:**<br>Kulturskulen treng nye lokaler. Øvingslokaler er utført. Opprusting av lærerrom kulturskulen + musikkrom står igjen. Det er søkt om eksterne midlar for fullfinansiering.<br>**Behov:**<br>Kan utsettast<br>**Vurdering:**<br>Utsettast | |
| **2-økplan** | Stordal skule behov for oppgradering av mellombygget | **Bakgrunn:**<br>Mellombygget ved Stordal skule treng oppgradering.<br>**Behov:**<br>Kledning, vindu, asbestsanering samt øvrig | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | oppgradering. Ikkje prioritert i økonomiplanperioden. | |
| **I492301** | Valldal Fjernvarme nødvendig utvikling av anlegget | **Bakgrunn:**<br>Større kundegrunnlag trengs for Valldal fjernvarme.<br>**Behov:**<br>For å få kobla på nye kundar trengs grøfter med rør + undersentralar inne i bygg.<br>**Vurdering:**<br>Kan utsetjast | |
| **I492302** | Brannstasjon Stordal | **Bakgrunn:**<br>Bygg ferdigstillt 2023<br>**Behov:**<br>Gjennomførast innanfor løyvd buddsjettramme.<br>**Vurdering:**<br>Div. inventar og utstyr blir kjøpt innafor avsett ramme. Avsluttast i 2023. | |
| **I492402** | Sagatun, omsorgsbustader | **Bakgrunn:**<br>Bygningsmessig oppgradering av leilegheiter. Det meste gjennomført.<br>**Behov:**<br>Fullførast innanfor gjeldande løyving.<br>**Vurdering:** Kan avsluttast i 2023 | |
| **I492404** | Helsehus Stordal, kartlegging og planlegging | **Bakgrunn:** Vedtak om å vurdere naudsynte tiltak i eksisterande helsebygg samt vurdere alterantiv i nye/leigde lokaler. Anbodsdokument i stor grad klart.<br>**Behov:**<br>Universell utforming og betre bygningsmessige fasilitetar for helsestasjon. **Vurdering:**<br>Utsetje mtp økonomisk omfang | |
| **I420501** | Overgang til bilar som går på el. eller anna fornyb.energi | **Bakgrunn:**<br>Stort behov for fornying av maskinpark bilar mm. Spesielt også som klimatiltak.<br>**Behov:**<br>Det må budsjettarast for kjøp av nye bilar i åra som kjem. Alternativt kan dette takast som leasing over driftsbudsjett.<br>**Vurdering:**<br>Vidareføre. Ny bil for transport av hjelpemiddel må kjøpast. Alternativt leasast. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **3-økplan** | Oppgradering teknisk rom og basseng Valldal skule | **Bakgrunn:**<br>Tilstandsanalyse frå Norconsult i 2020 konkluderer med eit renoveringsbehov på kr 5 mill for teknisk rom og basseng ved Valldal skule. Det kan søkjast om spelemidlar til dette tiltaket Mtp økonomi bør dette sjåast i samanheng med bassenget ved Stordal skule, då begge bassenga har relativt kort driftstid pr år samt at der kjem stadig nye krav til drift av symjeanlegg.<br>**Behov:**<br>Tiltak må gjennomførast i løpet av få år. Kommunedirektør ser ikkje rom for dette i innverande økonomiplanperiode | |
| **4-økplan** | Elektronisk låsesystem kommunale bygg | **Bakgrunn:**<br>Fjord kommune har fortsatt mange kommunale bygg som ikkje er tilknytta elektroniske låsesystem.<br>**Behov:**<br>Dette vil ver foreskjelleg, frå skall-sikring til enkle elektroniske låssylinderar. Det bør køyrast eit kartlegging av dagens låsesystem, lagast ein plan for framtidige løysingar, og over nokre år skifte låsar/nøklar. Dette har betydning for både sikkerheit, tilgangsstyring og arbeidet med nøkkeladministrasjon. | |
| **5-økplan** | Valldal sjukeheim, dement avdeling ombygging av kjøkken, vinterhage, bad. | **Bakgrunn:**<br>Behov for bygningsmessig oppgradering.<br>**Behov:**<br>Administrasjon vil ha vurdert om dette er rett plassering av avdeling for personar med demens. Samtidig bør ein vurdere organisering av tenesta for heile kommunen. Budsjettering vert gjennomført når struktur er avklart | |
| **6-økplan** | Roa - bygg med 4 utleigeeiningar i Valldal | **Bakgrunn:**<br>Renoveringsbehov.<br>**Behov:**<br>Ei leilegheit har vore totalrenovert over drift i 2023. Ei leilegheit delivs renovert. Dei to siste leilegheitene må renoverast i løpet av få år. | |
| **7-økplan** | Valldal skule, diverse utenomhusanlegg | **Bakgrunn:**<br>Utviding av eksisterande naturklatrepark og uteområdet ved Valldal skule<br>**Behov:**<br>vert å vurdere gjennomføring seinare i økonomiplanperioden. | |
| **8 økplan** | Stordalhallen, rehabilitering | **Bakgrunn:**<br>Bygningsmessige tiltak. Golv, skifte av kledning og vindu med roteskader.<br>**Behov:** Vert å vurdere gjennomføring seinare i økonmiplanperioden | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **I430010** | Industriområder, nye areal Fjord | **Bakgrunn:**<br>Fjord kommune har igjen lite næringsareal som er byggklart. Vurdere kjøp av areal mellom anna på Vinjesanden. Opparbeiding i neste omgang.<br>**Behov:**<br>Treng byggeklare tomter for å tilrettelegge for utvikling<br>**Vurdering:**<br>Utsettast | |
| **9-økplan** | Stordal kai | **Bakgrunn:**<br>Rapport frå Safecontroll utført i desember 2020 beskriv naudsynte tiltak for 2,7 mill innan 2-5 år for å kunne opretthalde kaia med dagens klassifisering<br>**Behov:**<br>Tiltak må gjennomførast innan rimeleg tid for å unngå nedklassifisering av kaia. | |
| **10-økplan** | Digitalisering av teikningar og tilstandsanalyse av kommunale bygg | **Bakgrunn:**<br>Fjord kommune har stort behov for å digitalisere teikningar mm. knytt til kommuale bygg og anlegg. Det er også behov for å gjennomføre ei tilstandsanalysering av desse. Dette vil igjen gje betre grunnlag for langtidsbudsjettering og utarbeiding av vedlikehaldsplanar.<br>**Behov:**<br>Må setjast av årlege løyvingar for å gjennomføre dette arbeidet. | |
| **11-økplan** | Tafjord friluftsbad stort behov for kartlegging og gjennomføring av tiltak som HC toalett mm. | **Bakgrunn:**<br>Tafjordbadet er over 30 år gammalt. Tidlegare i brudjettpreosessar fremja tiltak til HC/UU. Pr ei dag er ikkje badet tilrettelagt for dette, samtidig er der eit generelt behov for oppgradering.<br>**Behov:**<br>Om badet skal drivast vidare i åra som kjem, må der gjerast noko. Det vil ver hensiktsmessig å gjennomføre eit forprosjekt for å vurdere ulike tiltak kan vere ei løysing. | |
| **12-økplan** | Stordal kommunehus, vanskeleg å vurdere nivå med det er eit stort behov. | **Bakgrunn:**<br>Tak, takrenner, Varmestyring, Asbestsikring, generell oppgradering, tak og fasader.<br>**Behov:**<br>Må gjerast tiltak i løpet av får år, bør setje av midlar til eit forprosjekt som tek meir stilling til framtidig behov. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **I492406** | Elvetun, ombygging og oppgradering, tilpassing | **Bakgrunn:**<br>Tidlegare bemanna omsogsbustad med eit behov for oppgradering. Har siste året delvis vore nytta til mellombels avdeling for Syltebøen barnehage.<br>**Behov:**<br>Generellt behov for oppgradering.<br>**Vurdering:**<br>Bruke 2 leilegheiter for utleige. 2 leilegheiter kombinert avlastning/aktivitetssenter. Avvente ytterlagare oppgradering. | |
| **13-økplan** | Eidsdal omsorgsbustader, Renovasjonsskur | Vert å vurdere  i økonomiplanperioden | |
| **14-økplan** | Oppgr. av kjøkken Eidsdal omsorgsbustader leilegheiter | Leilegheitene ved Eidsdal omsorgsbustader har behov for oppgradering til høgare standard | |
| **15-økplan** | Dalsbygda barnehage nytt tak | Ikkje prioritert i økonomiplanperioden. | |
| **I430011** | Rassikring hyttefelt og bustadområde | Slå sammen med I430007?? | |
| **16-økplan** | Stordalstunet diverse | Avvente struktur | |
| **17-økplan** | Kirkebøe stadion Led lys | **Bakgrunn**:<br>Lysanlegget ved Kirkebøe stdion er gammalt, og fleire av armaturane blir vanskelgare å få delar til.<br>**Behov:**<br>Bør oppgraderast til LED- lys. Bør søkjast om spelemidlar, og ansavrsforhold mellom FK og SIL bør avklarast. | |
| **18-økplan** | Heiser VTS | **Bakgrunn:**<br>Sengeheis ved VTS må gjennom større oppgradering. Noko blir teke i drift, men skifte av hydraulikksentral er større sum. Personheis ved open omsorg stettar ikkje dagens krav og må stengast eller skiftast ut.<br>**Behov:**<br>meste naudsynte tiltak sengeheis utført 2023. Personheis kan avvente litt. | |
| **19-økplan** | Elvetun mm. uteområde | | |
| **20-øk.plan** | Oppgradering til led-lys | **Bakgrunn**:<br>Nye krav set forbod mot produksjon fluoriserande lyskjleder, bla tradisjonelle lysrør gjeldande frå 2023.<br>**Behov:**<br>Ein del lyskilder blir etterkvart vanskelig å få tak i, samt prisane går opp. Gamle armaturar bør utskiftast til led. Gjeld mange kommunale bygg. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Kan køyre dette som investering for å sleppe å ta det over driftsbudsjett | |
| | Stordalstunet: Utskiftiing av varslingsanlegg | **Bakgrunn:**<br>Varslingsanlegget ved Stordalstunet er i dårleg teknisk stand.<br>**Behov:**<br>Anlegget bør skiftast ut.<br>**Vurdering:**<br>Anlegget er gammalt og er vanskeleg å reparere. Problematisk å skaffe reservedeler. Bør skiftast snarast. | |

# VEDLEGG -

# Budsjettkommentarar frå einingane

## Hovedområde 1 Sentraladministrasjonen

| Sentraladministrasjon | Rekneskap 2022 | Regulert budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Endring 2023-2024 | Endring 2023-2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Politisk organisasjon | 2 096 496 | 1 919 844 | 2 057 503 | 137 659 | 7,2 % |
| Politiske råd,utval | 109 660 | 97 237 | 112 240 | 15 003 | 15,4 % |
| Kommunerevisjonen | 853 738 | 825 000 | 920 000 | 95 000 | 11,5 % |
| Kontrollutval/Sunnm.Kontr.utv.Sekr. | 408 685 | 508 886 | 519 000 | 10 114 | 2,0 % |
| Kommunedirektøren | 1 610 074 | 1 585 970 | 1 728 751 | 142 781 | 9,0 % |
| Stab/Fellestenester | 13 899 335 | 13 672 174 | 13 119 216 | -552 958 | -4,0 % |
| Storfjorden Kyrkjelege fellesråd | 2 890 000 | 2 935 000 | 2 935 000 | 0 | 0,0 % |
| Økonomiavdeling | 4 008 915 | 4 107 020 | 4 866 305 | 759 285 | 18,5 % |
| Næringsutvikling | 493 727 | 306 827 | 90 000 | -216 827 | -70,7 % |
| Forsikringar | 185 215 | 295 000 | 230 000 | -65 000 | -22,0 % |
| Omstilling | | -2 150 000 | **0** | 2 150 000 | |
| Premieavvik | -2 064 964 | | | | |
| **Sum rammeområde 1** | **24 490 881** | **24 102 958** | **26 578 015** | **2 475 057** | 10,3 % |

| Eining | STAB/fellestenesta |
|---|---|

### Kort skildring av eininga

STAB er bygd opp med ei felleseneste, personal, IT/IKT og plan/beredskap. I dette ligg det arbeidsoppgåver som skal støtte kommunen internt, arbeid opp imot politikk og yte service ut til innbyggjarane. I tillegg er det samhandling på tvers av andre eksterne.

Sentrale oppgåver er:

- Beredskap, planarbeid, IT/IKT-støtte
  - IT-bistand ut i einingane
  - Overordna planarbeid, herunder samfunnsdelen
  - Overordna beredskapsarbeid
    - Frikjøpt 25% ÅTB
  - Drift av heimeside, intranett og støtte til opplevfjord.com
  - Systemoppfølging og koordinator mot ekommune
- Fellestenesta
  - Servicefunksjonar/førstelinjeteneste for kommunen, publikumsretta tenester og interne tenester.
  - Ansvar for politisk sekretariat med alt det inneber, samt ansvar for planlegging og gjennomføring av stortings- og kommuneval.
  - Ansvar for samordning/innhenting av dokumentfangst, informasjon og arkivering.

    - Saksbehandling
- Personal
    - Rekruttering
    - HMS, GDPR, intern/ekstern-kommunikasjon/informasjon
    - Veiledning og opplæring av tilsette og leiarar på alle nivå
    - Systemoppfølging og ansvar (webcruiter, Visma, compilo, office 365 mm.).
    - Sjukefrårversoppfølging
    - Personaloppfølging
    - Saksbehandling næring og startlån husbanken.

Alle områda må halde seg oppdatert i lover, forskrift, særavtaler, tariff, lokale reglement med meir.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 11 | 9 | 9 | 8 |
| Tal årsverk | 9,8 | 8,8 | 8 | 7,15 |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Betre flyt mellom innbyggar – administrasjon (skjema og informasjon) |
| Mål 2 | Heve kompetansen i bruk av digitale verktøy; websak, office, fagsystem |
| Mål 3 | Utarbeide ein overordna kompetanseplan |

**Tiltak for å nå måla:**

Måla over er ikkje prioritert rekkjefølge og berre nokon av måla til STAB der ein tar høgde for dei fire hovudområda i samfunnsdelen. *Vidareutvikle det gode liv, arbeide saman om ei balansert forvalting av naturen, skape gode vekstvilkår for ei berekraftig næringsliv- miljømessig, sosialt og økonomisk. Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester.*

For å nå måla må ein fortsette med å ha god informasjon ut til innbyggjarane og lage skjema så intuitive som muleg. Vi må arbeide med å få heimesida vår til vere attraktiv og enkel. Ved å ha gode skjema, vil ein betre flyten og tilsette vil få færre manuelle operasjonar og forhåpentlegvis raskare saksbehandling. Ved å heve kompetansen internt vil vi kunne utnytte systema betre og drifte enda meir effektivt. Vi må sette av meir tid til opplæring for å klare dette. Det gjeld administrasjonen og organisasjonen generelt. Oppgåvene skal gjerast rett første gongen med minst muleg kontaktpunkt undervegs slik at det ikkje går vekk tid på at saka ligg i ro.

Kommunen er i stadig utvikling og det kjem heile tida nye krav på kva som skal løysast. Kommunen må oppdatere seg på kva type kompetanse

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**

1. Utvikle og oppgradere systema i kommunen
    a. Integrasjon med eksterne tenester (landbruksdirektoratet)
2. Skifte ut systema på skrivarane (sikkerheitsoppdatering).
3. Skifte ut gammelt IT-utstyr i kommunen

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

1. Ønskeleg med lærling i IT og administrasjonsfaget, men har ikkje ressursar økonomisk eller på personellsida til å klare dette i dag.
2. Digitalisering av personalarkivet i kjellaren til Valldal
3.

**Utfordringar:**
STAB har sidan januar 2020 redusert bemanninga med 2,65 årsverk og har i same periode auka oppdragsmengda. Det gjer at ein får mindre tid til strategisk utvikling og mykje av tida går vekk på generell drift. Endringar av oppgåver og ressursar tilgjengeleg gjer at ein er veldig sårbar ved fråvær i form av kurs/opplæring, møter og ferie/permisjon/sjukdom. Vi driftar to innbyggjartorg, og det ser som vanskeleg framover med 3,4 årsverk der det å sitte på sentralbord/ i skranke berre er ein liten del av dei daglegdagse oppgåvene.
Eit anna område ein skulle brukt meir tid på er rekruttering av tilsette og få desse prosessane til å bli enda betre. Ein brukar for lite tid i rekrutteringsprosessen på å «selje» kommunen og ein i større grad må bli flinkare i si annonsering (bilde, film, screening etc.) og i tillegg gå på personar som kan vere aktuelle søkjarar og eventuelle tilflyttarar.

| | |
|---|---|
| Eining | Økonomiavdelinga |

**Kort skildring av eininga**
Sentrale oppgåver for økonomiavdelinga er :

- Rekneskap
  - Daglege rekneskapsøring
  - Mottak, fordeling og betaling inngåande faktura
  - Mva oppgjer
  - Oppfølging og rekneskap sjølvkostområde
  - Periodisk rekneskapsoppfølging og –rapportering
  - Avstemming og kontrollar
  - Rekneskapsavslutning med framlegging av årsrekneskap og årsrapport
- Fakturering
  - Periodisk fakturering for kommunale tenester
  - Oppfølging KOMTEK, grunnlag for kommunale eigedomsgebyr
  - Fakturering kommunale eigedomsgebyr
  - Oppfølging manglande betaling, purring
  - Oversending til inkasso
- Lønn
  - Månadleg lønnskøyring
  - Rapportering
  - Oppgjør avgifter og trekk
  - Oppfølging medlemskap KLP og SPK
  - Refusjonar sjukelønn og foreldrepengar
- Anna
  - Budsjett
  - Likviditet - finansiering
  - Formidlingslån
  - Innkjøp
  - Eigedomskatt
  - Konsesjonskraft

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 6 | 5 | 4 | 5 |
| Tal årsverk | 6 | 4,8 | 3,8 | 4,8 |

I ein periode vart det innleigd kapasitet frå Visma for å løyse alle oppgåvene i avdelinga. Dette vert no avvikla og ein har nok kapasitet til å løyse oppgåvene framover.

Økonomisjef er dagleg leiar i Storfjord Helsesenter AS. Dette medfører at 20% av løn til økonomisjef vert refundert av Storfjord Helsesenter AS.

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Overgang til skybasert Økonomisystem |
| Mål 2 | Betre kompetansen på økonomiområdet |
| Mål 3 | Utvikle rutiner for oppfølging og rapportering |

**Tiltak for å nå måla:**

Økonomiavdelinga har ansvar for system knytt til økonomi og løn. Det vart etablert heilt nye system i samband med etablering av Fjord kommune. I den prosessen vart det ikkje gjennomført anbud. Gjennom innkjøpssamarbeidet med Ålesund er no Fjord kommune med i anbudsprosess rundt nytt økonomisystem. Der er også alle kommune i ROR samarbeidet og Orkide med. Prisane her er basert på folketal og i samarbeid med andre bør vi no oppnå rette pris for system. Befolkningsgrunnlaget i anskaffelsen er om lag kr 270 000. Så langt har Fjord kommune handtert sine avtalar sjølv. Nye system vil verte skybasert. Prosessen med nytt system vert avslutta før jul og Fjord kommune har då opsjon på å tiltre denne avtalen saman med andre kommune i e-kommunesamarbeidet. ( Fjord, Sula, Ålesund og Giske).

Avdelinga må lage ein plan og strategi for kompetanseheving. Det er mange tilbydarar for ekstern opplæring, men mykje av dette er kostbart. Det er difor viktig å ha ei tilnærming som både dekker prioriterte behov for kompetanse og er muleg innanfor økonomiske rammer.

I samarbeid med m.a. kommunerevisjon har det vore gjennomgangar av ulike rutiner. Ein del av desse må oppdaterast for å ha sikre og kontrollerbare arbeidsmåtar.

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**

I investeringsbudsjettet er det lagt inn prosjekt for nytt skybasert økonomisystem
Personalressurs er auka etter å ha vorte sterkt redusert gjennom fleire år etter etablering av Fjord kommune. Dette for å ha kapasitet til å utføre dei oppgåvene som ligg til avdelinga utan å bruke ekstern innleige og å vere budd på endring i personale dei komande åra.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

Auka økonomiske ressursar til opplæring for å vere ajour i lov- og regelverk på økonomiområdet og sikre gode og effektive arbeidsmåtar

**Utfordringar:**

Avdelinga har ein høg snittalder. Dei tilsette har god kompetanse og erfaring innan kommunal økonomi. Det er viktig å rekruttere god kompetanse framover når det skjer endringar i organisasjonen. Avdelinga er kompetansemessig sårbar ved fråvær. Dette er no styrka med tanke på justert kapasitet i avdelinga.

# Hovedområde 2 Oppvekst kultur

| Oppvekst, kultur og næring | Budsjett 2022 | Rekneskap 2022 | Regulert budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Endring 2023-2024 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Felles admin.oppvekst/kultur*) | 3 395 000 | 4 100 439 | 3 018 589 | 3 231 163 | 212 574 | 7,0 % |
| Stordal barnehage | 4 581 515 | 4 605 191 | 4 431 665 | 4 706 192 | 274 527 | 6,2 % |
| Syltebøen barnehage | 6 375 312 | 6 675 549 | 7 210 382 | 8 530 316 | 1 319 934 | 18,3 % |
| Dalsbygda barnehage | 3 071 774 | 2 928 850 | 3 223 476 | 3 602 187 | 378 711 | 11,7 % |
| Stordal skule | 17 090 400 | 17 134 185 | 16 842 326 | 16 329 159 | -513 167 | -3,0 % |
| Stordal SFO | 993 189 | 1 028 785 | 792 822 | 770 607 | -22 215 | -2,8 % |
| Valldal skule | 19 626 704 | 18 374 419 | 19 010 240 | 20 400 946 | 1 390 706 | 7,3 % |
| Valldal SFO | 914 912 | 918 378 | 751 113 | 950 613 | 199 500 | 26,6 % |
| Fjord vaksenopplæring | -279 733 | -284 | -554 759 | -187 054 | 367 705 | 98,7 % |
| Eidsdal skule | 9 071 418 | 9 119 555 | 9 529 867 | 10 271 817 | 741 950 | 7,8 % |
| Eidsdal SFO | 167 397 | 218 782 | 178 557 | 193 300 | 14 743 | 8,3 % |
| Fjord musikk-/kulturskule | 1 940 366 | 1 753 728 | 1 746 104 | 1 948 194 | 202 090 | 11,6 % |
| Kulturadministrasjon * ) | 653 345 | 675 818 | 675 040 | 689 913 | 14 873 | 2,2 % |
| Tilskot drift/anlegg | 185 000 | 160 000 | 175 000 | 0 | -175 000 | -100,0 % |
| Fjord bibliotek | 1 509 650 | 1 488 248 | 1 430 660 | 1 340 934 | -89 726 | -6,3 % |
| Fjord frivilligsentral | 351 808 | 318 464 | 210 245 | 555 425 | 345 180 | 164,2 % |
| Ungdomsarbeid Fjord | 40 000 | 63 588 | 70 550 | 66 900 | -3 650 | -5,2 % |
| Stordalshallen *) | -7 688 | 47 075 | -6 085 | -183 239 | -177 154 | 2911,3 % |
| Martin Linge huset | -79 299 | 36 956 | -77 829 | -16 769 | 61 060 | -78,5 % |
| Folkehelsearbeid | 26 408 | 216 018 | 237 089 | -114 500 | -351 589 | -148,3 % |
| Kortsiktige tiltak | -1 700 000 | | -2 100 000 | | 2 100 000 | -100,0 % |
| **Sum rammeområde 2** | **67 927 478** | **69 863 744** | **66 795 052** | **73 086 104** | **6 291 052** | 9,4 % |

*) Korrigert etter vedtak K.sak 87/23

| Eining | Stordal Barnehage |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**

Stordal barnehage er ein ny barnehage som blei åpna 20.09.19. Den er bygd med tre avdelingar, men grunna få barn er det kun ei storbarn (avd. Rådyrskogen) og ei småbarnsavdeling avd. Eplehagen) i drift. Ei avdeling (Blåklokka) står med andre ord klar, men tom.
Vi er ein barnehage som gjennom fleire år no har hatt mange barn med ulike utfordringar og mykje spesialpedagogikk i nært samarbeid med PPT. Dette ser ut til å forsette, så sjølv om vi ikkje er så mange barn har vi ganske store utfordringar i barnegruppa. Det er med andre ord ikkje alltid ein kan telje hovud når ein skal få personalkabalen til å gå opp.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | Vår 8 /haust 8 + Lærling | Vår 8 + lærling / Haust 7 + lærling | Vår 7+ lærling / Haust 9 | Vår 7 / hauast |
| Tal årsverk | 7,9 /7,5 +lærling | 7,5 + lærling / haust6,5 + lærling | Vår 6,5 + lærling / Haust 7,9 | Vår 7,9 / haust 6,9? |

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (forventa) |
|---|---|---|---|---|
| Tal elevar | Vår:18 / haust 24 | Vår 26 / haust 20 | Vår 22/ haust 23 | Vår 23 / |
| Tal på SFO | | | | |
| Tal plassar barnehage | Vår 26 / Haust 36 | Vår 33 / haust 27 | Vår 33 / haust 31 | Vår 31/ haust ? |
| Minioritetsspråklege | | | Vår 5 / haust 6 | Vår 6 / |
| Ant.timar spes.undervisn. | | | 782 årstimer+ logoped og foreldrerådgivning+ ekstra ass. på ett barn | Vår 782 (sjå 2023) + 2 barn til under utredning |
| Norskopplæring | | | | |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| Mål 1 | Korleis kan personalet inspirere til allsidig og inkluderande leik. Rekomp. |
|---|---|
| Mål 2 | Arbeide for å rekruttere pedagogisk personale i barnehagen. Målet må være å få inn begge kjønn (altså minst ein mann). |
| Mål 3 | Vi har mange barn med ulike språkutfordringar og ønskjer derfor å jobbe målretta med tilpassa språkutvikling. |

**Tiltak for å nå måla:**
1) Ha fokus på å utvikle oss gjennom ReKomp over to år, barnehagen får litt midlar til utviklingsarbeidet. Vi må jobbe systematisk , lage ein plan og ta imot innspel frå borna og bruke det til evaluering av aksjonar. Vi må og kjøpe inn litt leiker og utstyr som inspirerer og passer til tema dei har valt på avdelingane
2) Vere tidleg ute med utlysing av ledig stilling. Framsnakke barnehagen og jobbe kontinuerleg med eit godt arbeidsmiljø. Være gode of villige til å ta imot studentar som på sikt kanskje vil ta jobb i kommunen.
3) Småbarnsavdelinga skal jobbe systematisk med tema "Babblarne" som er eit godt språkverktøy i tidleg alder. Vi må derfor kjøpe inn rekvisita til dette. Storbarnsavdelinga vil jobbe mykje med spes.ped og tilpassa språkutvikling til gode for alle.

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**
Dei oppgåvene som er vanskeleg å gjennomføre slik det er i dag er spesialundervisninga. Vi har verken utdanninga til det, eller tid og personale til det. Dette er lovpålagt og vi må på eit aller anna vis finne plass til det. Dette vil det naturlegvis gå ut over resten av personale og barnegruppa.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**
Nye trehjulssykler

**Utfordringar:**
Meget stramt budsjett og nye krav til innsparingar.
Vanskeleg å få vikarer. Når ein går mykje underbemanna vil det over tid slite på dei som er til stede.
Styrar må være brannslukker på begge avdelinger (ofte på samme dag også)

| Eining | Syltebøen barnehage |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**

Syltebøen er i dag ein 4 avdelings barnehage. Den 4. avdelinga er i drift på andre året, men er i år flytta frå Elvetun til Martin Linge-huset. Mykje tid og arbeid går med til å flytte, å starte opp i nye lokaler og utarbeide nye rutiner. Det medfører også mykje unødvendig flytting av barn mellom avdelingar og er ikkje i tråd med «Det gode liv». Vi satsar på at vi får ei meir stabil ordning frå hausten 2024.
Vi har no 55 born og 80 plassar. 25 barn er under 3 år.
Opningstida er 07.00 – 16.30
Som innsparingstiltak hadde vi første året med 3 veker feriestenging i sommar. Dette fungerte greit.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 15 | 26 | 27 | ? |
| Tal årsverk | 12,6 | 13 | 15,2 | 15,2 |

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (forventa) |
|---|---|---|---|---|
| Tal elevar | | | | |
| Tal på SFO | | | | |
| Tal plassar barnehage | 47 | 52 | 55barn/80 plassar | 55barn/80 plassar |
| Minoritetsspråklege | | 6 | 9 | 9 |
| Ant.timar spes.undervisn. | | 152t | 370t | 920t |
| Norskopplæring | | | | |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Å få stabilisere det fysiske miljøet i barnehagen, slik at vi har dei rammene vi treng for å drive barnehagen på ein god måte. Dette gjeld både midlertidige og langsiktige ordningar. |
| Mål 2 | Gjennomføre utviklingsarbeidet «Barnehagens arbeid med å førebygge, avdekke, stoppe og følgje opp mobbing og utestenging» som vi er med på gjennom Udir si satsing for kompetanseheving i barnehagane. |
| Mål 3 | Å forbetre planar, evaluering og dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet |

**Tiltak for å nå måla:**

- Medvirke til å skape gode løysingar i prosessen med barnehagebygget
- Systematisk arbeid felles og på kvar avdeling med utviklingsarbeidet i REKOMP
- Gjennomgang av innhaldet i rammeplanen for alle tilsette.
- Arbeide vidare med å utvikle planar og måtar å evaluere det pedagogiske arbeidet vårt på.

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**

- Bruke prosjektmidlane i frå REKOMP til innkjøp av utstyr og materiell som vi også har nytte av seinare.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

- Vanskeleg å seie før vi veit meir om kva som skjer med barnehageprosjektet i framtida, men vi vil nok trenge ein del inventar om vi skal ha avdelingar i modul framover.

**Utfordringar:**

- I budsjettet har vi akkurat nok til å dekkje utgiftene til dagleg drift. Dette året har vi nesten ikkje gjort innkjøp av anna enn dagleg forbruksmateriell. Med ytterlegare nedskjæringar vil vi få utfordringar.

| Eining | Dalsbygda barnehage |
|---|---|

## Kort skildring av eininga

Barnehagen vert definert som ein avdelings barnehage, men er oppdelt i to grupper: Storbarn- og småbarnsgruppe. Samarbeid mellom gruppene ettermiddag der gruppene er ilag for å utnytte personalressurs best mogleg.
Eine barnegruppa nyttar eit klasserom i skuledelen av bygget som base. Denne delen er tiltenkt skuleborn og ikkje barnehageborn.
Det er SFO på barnehagen kvar onsdag og partals torsdag, heile dagar.
Barnehagen har ei stabil personalgruppe, men manglar utdanna pedagogisk leiar i eine barnegruppa. Stillinga skal lysast ut til sommaren. No er det ein barne og ungdomsarbeider som har pedleiar stillinga på disp. Dette året har vi tilgang på vikarar.

## Faktagrunnlag for budsjettet 2024

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 6 | 6 | 6 | Vår 7 Haust |
| Tal årsverk | 5,4 | 4,9 | 5,1 | 5,6 |

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (forventa) |
|---|---|---|---|---|
| Tal elevar | 17 | 17 | Vår 17<br>Haust 14 | Vår 15<br>Haust 18 |
| Tal på SFO | 2 | 6 | Vår 5<br>Haust 5 | Vår 5<br>Haust 6 |
| Tal plassar barnehage | 23 | 24 | Vår 24<br>Haust 20 | Vår 22<br>Haust 24 |
| Minioritetsspråklege | 2 | 1 | Vår 1<br>Haust 3 | Vår 3<br>Haust 3 |
| Ant.timar spes.undervisn. | | | Haust 5 t i veka | Vår 5 t i veka<br>Haust 5t i veka + 1 barn med 80% ein til ein ressurs. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Norskopplæring | | | | |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Vi skal vere ein leikande barnehage med fokus på vaksenrolla. Her skal vere godt å vere for store og små. Vere i stadig utvikling med tanke på kvalitet i tilbodet. |
| Mål 2 | Arbeide for å rekruttere pedagogisk personale i barnehagen. Få unge folk inn i barnehagen som og har digital kompetanse. |
| Mål 3 | Oppgradering av uteområdet. Få skifta ut leikeapperat tiltenkt skuleborn og få på plass eit innbydande uteområde tilpassa born i barnehagealder. |

**Tiltak for å nå måla:**
1) Ha fokus på å utvikle oss gjennom ReKomp over to år, barnehagen får midler til utviklingsarbeidet. Jobbe systematisk med fastsette aksjonar, ta imot innspel frå borna og bruke til på evaluering av aksjonar.
2)Vere tidleg ute med utlysing av ledig stilling. Oppfordre tilsette til å ta barnehagelærar utdanninga. Framsnakke barnehagen og det gode arbeidsmiljøet vi har her.
3)Barnehageborna har fått medverka til å planlegge uteområdet. Foreldre har fått kome med tips og ønsker. Planlegge dugnad til våren-24. Tett samarbeid med driftstekninkar for å sikre at alt vert gjort etter bestemmingar om sikkerheit. Gjennomføre vernerunde.

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**

Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:
Barnehagen treng eit vognskur oppe på barnehagedelen. Vi har utfordringar med plassering av vogner inne, hinder for vasker og tar opp stor plass i garderobe, gang og på bad. Då vi ikkje har nokon plass å plassere vogner ute i sovetida må ein personalressurs vere sovevakt inne.
Oppgraderingar inne, både oppe på barnehagedelen og nede på klasserommet som vert nytta som base for dei eldste. Det meste er gammalt og slitt. Nytt inventar.

**Utfordringar:**
Meget stramt budsjett og nye krav til innsparingar.
På grunn av innsparing må styrar ofte gå på avdeling, pedleiarar må forskyve plantida si.

| Eining | Stordal skule |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**
Stordal skule er 1.- 10. skule som ligg på Kirkebøen i Stordal. Skulen har elevar frå bygdene Stordal og Dyrkorn.
Skulen har rektor i 100% stilling, inspektør 60% stilling, samt ei merkantil stilling på 20%

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 26 | 27 | 27/24 | 24 |
| Tal årsverk | 25,55 | 26,44 | 24,27/21,22 | 21,22 |

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (forventa) |
|---|---|---|---|---|
| Tal elevar | 109 | 97 | 94 | 95 |
| Tal på SFO | 24 | 21 | 23 | 23 |
| Tal plassar barnehage | | | | |
| Minoritetsspråklege | 0 | 0 | 5 | 6 |
| Ant.timar spes.undervisn. | 3212 | 2422 | 2460 | 2460 |
| Særskilt norskopplæring | 8 | 4 | 12 | 13 |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Spesialpedagogikk og inkluderande praksis |
| Mål 2 | Tilpassa opplæring |
| Mål 3 | Alle skal ha ei god psykisk helse |

**Tiltak for å nå måla:**
Satsingsområdet for skulane i Fjord til og med skuleåret 2024- 2025 er kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis og tilpassa opplæring. I tillegg har vi fokus på at alle skal ha ei god psykisk helse. Alle desse områda støtter opp om arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø, og omhandlar dermed også det å vidareutvikle det gode livet.

Mål 1
Målet med Kompetanseløftet, er at alle barn og unge skal få mogelegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel ut ifrå sine forutsetningar. I klasserommet betyr dette at lærarar legg til rette for ein samarbeidskultur mellom lærar og elevar, og mellom elevane, og eit trygt og forutsigbart klassemiljø. Lærar modellerer toleranse for mangfald og ser på ulikheit som normalt.
Det blir også arbeide med rutinar som støttar opp om gode undervisningsøkter- inspeksjon, læringsstrategiar/undervisningsmetodar, ordensreglar/klassereglar, språkbruk

Mål 2
Tilpassa opplæring omhandlar at barn og unge som har behov for det får hjelp tidleg slik at dei kan utvikle sitt potensiale.
Ved fokus på tidleg innsats vil elevane utvikle eit godt fundament som vi auke sannsynet for god utvikling seinare. Dei yngste elevane skal ha eit godt læringsmiljø der dei får respons på innspela sine og har mogelegheit til å utvikle seg sosialt, motorisk, språkleg og kognitivt.
Målet med tilpassa opplæring er å heve kvaliteten på undervisninga. Tilpassinga skal skje gjennom variasjon og tilpassingar til mangfaldet i elevgruppa innanfor fellesskapet. God tilpassa opplæring vil sannsynlegvis medføre at fleire/ alle lykkast med opplæring og utdanning. I praksis betyr dette at lærarane utarbeider undervisningsopplegg med variasjon og tilpassingar til elevgruppa innanfor klassefellesskapet/ steget.

Målet med arbeidet er også å fange opp elevar som strevar fagleg og sosialt, og sette inn nødvendige tiltak.

For å nå desse måla deltek alle tilsette i utviklingsarbeidet og får auka kompetanse gjennom aksjonslæring og dialog med HIV.

Mål 3
- Livet og sånn, er eit opplæringsmateriell for folkehelse og livsmeistring, utarbeida av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Leikepatrulje, elevane organiserer leik/ aktivitet for elevane på barneskulen
- MOT- øktene

Vi har også anna opplæring/ tiltak som støtter opp om arbeidet med ei god psykisk helse.

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester**
Reduksjon av barne- og ungdomsarbeidar skule/ SFO på 50%.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**
- På grunn av nedskjering på budsjetta for skulane i Fjord vil tilbodet til elevane når det gjeld oppfølging både fagleg, pedagogisk og sosialt bli dårlegare
- Større innkjøp av læreverk etter LK20
- Renovering/ oppussing av musikkrom

**Utfordringar:**
- Utfordringane vil vere å gi elevane eit godt nok tilbod utifrå dei rammene vi har. Det vil også medføre slitasje på tilsette som stekkje seg lagt for å fylle krav som kjem fram i opplæringslova, LK20 og kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Færre tilsette gjer det utfordrande å dekke vikarbehov ved sjukdom og fråver.
- Auka bruk av ressursar til særskilt språkopplæring

| Eining | Valldal skule / SFO / Vaksenopplæring |
|---|---|

## Kort skildring av eininga

Valldal skule har elevar frå 1-10. klasse, med gjennomsnittleg 13 elevar pr. klassetrinn. Skulen har pr. i dag 10 elevar frå Liabygda og 5 elevar frå Ukraina.
Skulen sitt samfunnsmandat er heimla i Opplæringslova, og skal i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong, samt lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.
Fjord vaksenopplæring er lagt under ansvar Valldal skule. Den gir norskopplæring og prøve i samfunnskunnskap til innvandrarar med rett og plikt, og arbeidsinnvandrarar. Fjord vaksenopplæring har no ei gruppe som har opplæring i norsk og samfunnsfag ved Valldal skule og ei gruppe som har base på Stordal skule. Vaksenopplæringa har også elevar for dei vaksne som har rett til spesialundervisning for å halde ved like grunnleggande ferdigheiter.

## Faktagrunnlag for budsjettet 2024

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 35 | 33 | 34 (inkl. lærling) | 32 (inkl. lærling) |
| Tal årsverk | 30,4 | 29,2 | 29,4 | 29,5 |

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (forventa) |
|---|---|---|---|---|
| Tal elevar | 147 | 140 | 130 | 131 |
| Tal på SFO | 20 | 22 | 25 | 39 |
| Tal plassar barnehage | | | | |
| Minioritetsspråklege | 19 | 19 | 16 | 20 |
| Ant.timar spes.undervisn. | 3183 | 3525 | 3649 | 3119 |
| Norskopplæring | 16 | 19 | 19 | 20 |
| Vaksenoppl. spes.undervisning | 6 | 4 | 5 | 5 |

## Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)

| Mål 1 | Auke kompetansen innan inkludering og tilpassa opplæring etter LK20 |
|---|---|
| Mål 2 | Auke kompetansen innan psykisk helse for både tilsette og elevar |
| Mål 3 | Vidare utvikling av digital kompetanse, inkludert bruk av kunstig intelligens |

## Tiltak for å nå måla:

- Påfyll av kompetanse utanfrå, bruk av aksjonslæring, refleksjon, teamarbeid og kollegarettleiing.

- Nytte kompetansepakkar frå Udir:
    - Inkluderande praksis
    - Elevar med stort læringspotensiale.
- Bruk av programma MOT og Livet&Sånn for elevane. Samarbeid med PPT for å auke kompetansen til dei tilsette. Bruk av LP-modellen, bruk av reflekterande team, programmet «Snakke med barn», arbeid i grupper, refleksjon og erfaringsdeling.

### Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:

- Skulen er med på samarbeid med høgskulen i Volda om tilpassa opplæring. Innanfor dette samarbeidet blir det ulike dialogseminar med påfølgjande utprøvingar.

### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

- Større innkjøp av nye læreverk
- Høve til å setje inn meir ressursar i klassar som treng ekstra hjelp/ elevar som ikkje har vedtak, men som treng ekstra tilpassing/støtte jamfør inkluderande praksis
- Projektor på amfiet nærmar seg enden på si levetid og tilhøyrande lydanlegg er ueigna. Der trengst ei investering i nytt anlegg som alle kan klare å bruke (anslagsvis 60 000kr)

### Utfordringar:

- Svært utfordrande å få på plass nok personale og personale med rett kompetanse
- Mangel på vikarar for permisjonar, sjukdom, sjukmeldingar og tilrettelegging av sjukmelde på arbeidsplassen. Dette gir stor slitasje på øvrige tilsette og kan i neste vende gi nye utfordringar med fråvær. Administrasjonen brukar mykje tid til dette.
- Utgifter og ressursar grunna auke av timar til spesialundervisning og særskilt norskopplæring
- IKT: Digital kompetanse er ei av dei fem grunnleggande ferdigheitene i LK20, noko som set krav til god tilgang til digitalt utstyr. Slikt utstyr varer ikkje evig, noko som betyr at ein må ha ein plan for innkjøp og rullering av datamaskiner, nettbrett, smartskjermar (tavler), programmeringsutstyr og andre hjelpemiddel. Har mange gamle datamaskiner som snart må skiftast ut både på elev- og personalsida. Ønskeleg med innkjøp av iPad til 1-4.klasse for å dekke behovet ein til ein. Har eit sett Ipadar no, men desse er blitt gamle.
  Mål om 2 nye smartskjermar til klasserom. Nærmar seg at ein har fått smarttavler inn i alle klasserom, men da må ein samstundes snart rekne med å starte på ein ny runde.
- Reduksjon i foreldrebetaling på SFO. Born som går i 1. og 2. klasse får no 12 timar gratis SFO kvar veke, noko som gjer at fleire vil ha plass i SFO. Dette gjer at inntektene går ned og utgiftene til bemanning går opp. Ein elev har også neste skuleår utvida rett til SFO 5-7.klasse.
- Driftsbudsjett har over år blir redusert, prisane har gått opp. Der er ikkje lengre rom for å hente meir på driftsbudsjettet.
- Der ligg ei usikkerheit både for grunnskule og vaksenopplæring i høve til kor mange ukrainske flyktningar som kjem det komande året. Ein må rekne med å starte opp 1-2 nye grupper med norskkurs i vaksenopplæringa og ein må sjå føre seg at det kjem fleire ukrainske elevar inn i grunnskulen. Den store utfordringa er å få på plass tilstrekkeleg og korrekt kompetanse når elevane dukkar opp. Nye elevar i grunnskulen som ikkje kan norsk, krev meir personale til tospråkleg- og/eller særskilt norskopplæring.
- Skulen har etter ny læreplan (haust 2020) framleis ikkje fått oppdatert læreverk i alle fag og årstrinn grunna dei store kostnadane som krevst til slik oppgradering. Noko av dette blir dekt gjennom at skulen har nett-lisensar på Aunivers (8.-10.) og Skolestudio (1.-7.).
- Delar av skulen må tilpassast slik at dører blir breie nok og får døropnarar. Det er også stort behov for vedlikehald av bygningsmassen (ute og inne).

| Eining | Eidsdal skule/SFO |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**

Barne- og ungdomsskule. Elevtal 2023/2024 er 51 elevar. Skulen er fådelt slik at dei ulike trinna delvis går saman. 1 - 2 klasse og 3 - 4 klasse går saman. Mellomtrinnet går saman i mange timar og ungdomstrinnet går saman i mange timar. Dette gir ein kostnadseffektiv drift.
Skulen har 11 fast tilsette lærarar der fleire har redusert stilling. Ein lærar er langtidssjukemeldt dette skuleåret.
Rektor og ein inspektør (rådgjevar/sosiallærar) utgjer totalt 100% (70%/30%) leiar ressurs.
Skulen har ikkje merkantilt personale tilsett. Rektor har og overordna oppgåver (30%) innan IKT innan oppvekstsektoren og sentraladministrator for det skuleadministrative systemet IST på vegne av Fjord kommune.
Skulen er medlem i UNESCO sitt ASPnet (Associated School project) og er FN skule som medlem av FN-sambandets skolenettverk.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 13 | 16 | 14 | 14 |
| Tal årsverk | 1204 | 1127 | 1104 | 1104 |

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (forventa) |
|---|---|---|---|---|
| Tal elevar | 49 | 54 | 51 | 51 |
| Tal på SFO | 6 | 6 | 6 | 6 |
| Tal plassar barnehage | | | | |
| Minioritetsspråklege | | 2 | 2 | 2 |
| Ant.timar spes.undervisn. | | 1805 årstimar á 60min | 1805 årstimar á 60min (Våren)<br>1235 årstimar á 60min (Hausten) | 1235 årstimar á 60min |
| Særskilt norskopplæring | | 1 | 1 | 2 |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Spesialpedagogikk og inkluderande praksis |
| Mål 2 | Tilpassa opplæring |
| Mål 3 | Alle skal ha eit trygt og godt skulemiljø (psykisk helse) |

**Tiltak for å nå måla:**

Satsingsområdet for skulane i Fjord til og med skuleåret 2024- 2025 er kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis og tilpassa opplæring. I tillegg har vi fokus på at alle skal ha ei god psykisk helse. Alle desse områda støtter opp om arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø, og omhandlar dermed også det å vidareutvikle det gode livet.

Mål 1 Spesialpedagogikk og inkluderande praksis
Overordna mål med Kompetanseløftet, er at alle barn og unge skal få mogelegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel ut ifrå sine forutsetningar. Dette betyr blant anna at lærarane har fokus på relasjonsbygging på alle nivå – lærar/elev, elev/elev, foresette/skule. Lærarane legg til rette for ein samarbeidskultur og eit trygt og godt skolemiljø. Lærarane modellerer toleranse for mangfald og fokuserar på likeverd uavhengig av at kvar elev er unik.

Mål 2 Tilpassa opplæring
Tilpassa opplæring omhandlar at barn og unge som har behov for det får hjelp tidleg slik at dei kan utvikle sitt potensiale.
Ved fokus på tidleg innsats vil elevane utvikle eit godt fundament som vi auke sannsynet for god utvikling seinare. Alle elevane skal ha eit godt læringsmiljø der dei får respons på innspela sine og har mogelegheit til å utvikle seg sosialt, motorisk, språkleg og kognitivt.
Målet med tilpassa opplæring er å heve kvaliteten på undervisninga. Tilpassinga skal skje gjennom variasjon og tilpassingar til mangfaldet i elevgruppa innanfor fellesskapet. God tilpassa opplæring vil sannsynlegvis medføre at fleire/ alle lykkast med opplæring og utdanning. I praksis betyr dette at lærarane utarbeider undervisningsopplegg med variasjon og tilpassingar til elevgruppa innanfor klassefellesskapet/ steget.
Målet med arbeidet er å fange opp elevar som strevar fagleg og sosialt, og sette inn nødvendige tiltak.
For å nå desse måla deltek alle tilsette i utviklingsarbeidet og får auka kompetanse gjennom aksjonslæring og dialog med HiVolda.

Mål 3 Alle skal ha eit trygt og godt skulemiljø (psykisk helse)
Skulen har jobba mykje med Utdanningsdirektoratets kompetansepakkar; «Innføring av nytt læreplanverk (fagfornyinga)» med særleg vekt på overordna del, «Inkluderande praksis» med vekt på blant anna tilpassing og tilrettelegging og kompetansepakken «Trygt og godt skulemiljø»
«Livet og sånn», er eit opplæringsmateriell for folkehelse og livsmeistring, utarbeidd av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
Leikepatrulje, elevane organiserer leik/ aktivitet for elevane på barneskulen
Mot- øktene

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**
Mogleg å slå samman meir på trinn med mindre årskull (1 klasse) enn normalt.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**
Smartskjermar/prosjektorar på alle klasserom er gamle og utdaterte, burde skiftast ut.
Tiltak i skulegarden/elevane sitt fysiske miljø.
Rehabilitering/vedlikehald av skulen.

**Utfordringar:**
Oppdatering av alle læreverk etter fagfornyinga.
Utfordringane vil vere å gi elevane eit godt nok tilbod utifrå dei rammene vi har. Det vil også medføre slitasje på tilsette som strekje seg lagt for å fylle krav som kjem fram i opplæringslova, læreplan og kommunedelplanen sin samfunnsdel.
Færre tilsette/mindre kollegium gjer det utfordrande å dekke vikarbehov ved sjukdom og fråver.

| Eining | Fjord bibliotek |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**

Fjord bibliotek har avdelingar i Eidsdal og Stordal i samband med skulebiblioteka.
I Valldal er det hovudbibliotek med eige skulebibliotek ved Valldal skule.

Biblioteka skal sikre kunnskap og informasjon for alle, formidle og forvalte norsk skriftkultur og litteratur, formidle kunnskap om kultur og ulike samfunnstilhøve, medverke til leselyst og lesedugleik, gje tilgang til teknologi og vere ein møtestad og sosial arena for mange ulike grupper.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Tal årsverk | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1,2 |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Innføre nytt biblioteksystem |
| Mål 2 | Vere ein inkluderande møteplass på tvers av generasjonar og etnisitet |
| Mål 3 | Utvikle bibliotektenesta sine aktivitetar |

**Tiltak for å nå måla:**

1. I samarbeid med fylket innføre biblioteksystemet Cicero i løpet av hausten 2024
2. Gjennomføre arrangement og aktivitetar tilpassa ulike aldersgrupper og på tvers av alder som forfattarbesøk, miniteater, poesikveldar, seniornett, leksehjelp, språkkafe osv.
3. Gjennom prosjektmidlar starte opp "Datakultur" og gamingrom, og eventuelt eit LAN i samarbeid med Stranda

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**

Reduksjon av bibliotekarsjefstillinga frå 100% til 80% stilling. Kortare åpningstid, men høve for sjølvbetjening med nytt biblioteksystem.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

Innkjøp av fleire sett bøker som er populære ved utlån

**Utfordringar:**

Ha nok ressursar til å koordinere den aktiviteten som er ønska på biblioteket

| Eining | Kultur |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**

Eininga består av:

**Fjord frivilligsentralar**

Frivilligsentralane skal stimulere til auka frivillig innsats, gjennom å informere, vere støtte og pådrivar for frivillige tiltak og utvikle samarbeid mellom frivillige og det offentlege. Valldal frivilligsentral er samlokalisert med biblioteket i Valldal, Stordal frivilligsentral er samlokalisert med Stordal ungdomsklubb. Sentralane skal vere ein møteplass for innbyggjarane og koordinerer ulike tiltak og samarbeider med andre kommunale einingar, frivillige aktørar, næringsliv og andre. Via sentralane blir det i tillegg til faste aktivitetar drifta utstyrsbase (gratis utlån av friluftsutstyr), Supersommar (aktivitetar for barn i sommarferien), Naturmøteplassen, Den kulturelle spaserstokk og Givarglede til jul og påske. Gratisbutikk for kle og sko var starta i november 2023. Sentralane mottar statstilskot jf. forskrift for frivilligsentralar.

**Folkehelse**

Folkehelsearbeidet i Fjord bygg på samarbeidsavtalen om God Helse med Møre og Romsdal fylkeskommune. Avtalen medfører tilskot og føreset arbeid med folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune. Folkehelsearbeidet inneheld mellom anna tverrfagleg, førebyggjande arbeid, planarbeid, tiltak og saksbehandling innan idrett og friluftsliv, nettside og sosiale media og utvikling og koordinering av tiltak mellom det offentleg og det frivillige.

**Stordalshallen**

Stordalshallen vart opna i 1997 og består av idrettshall med klatrevegg, garderobeanlegg, miniatyrskytebane, kjøkken, fellesareal, lager og grendasal med scene. I tillegg til faste treningar/øvingar gjennom året, blir lokala leigd ut til store og små arrangement. Ein av dei viktigaste oppgåvene til dagleg leiar er å skaffe inntekter til drifta. Den viktigaste inntektskjelda er profileringskonseptet, som på det meste har gitt over kr 500 000 i årleg inntekt. I tillegg har også utleige i form av besøk frå grupper utanfrå vore viktig og då sjølvsagt også ringverknadane dette får for lokalsamfunnet. Det er ein klar samanheng mellom størrelse på stillingsprosent og kor mykje det er mulig å tjene inn/kor høgt aktivitetsnivået blir. Stillingsprosenten har vore på 60% i over 20 år.

**Martin Linge-huset**

Martin Linge-huset i Valldal vart opna i 2016 og består av idrettshall, garderobeanlegg og symjehall. Kulturdelen rommar kultursal, rom som til mindre arrangement og undervisningsrom for kulturskulen, fellesareal, kjøkken, lager og lokale til ungdomsklubb. I tillegg til faste treningar/øvingar gjennom året, blir lokala leigd ut til store og små arrangement. Reklameskilt i hallen gir inntekter til drifta. Frå 01.08.23 nyttar Syltebøen barnehage lokale i andre etasje.

**Kulturkonsulent**

Stillinga er 40 prosent. Arbeidet femnar om ulike oppgåver knytt til kultur, som til dømes spelemiddelordninga (inkludert rullering av delplan) og sjølvsagt hjelp og støtte til søkjarane, kulturmiljøplan (lov om kulturminne), hjelp og støtte til dei som søkjer midlar til å ta vare på kulturminne, stiftingar/museum, Stikk UT!, Plan for friluftslivets ferdselsårer, skilting/merking/rydding, bindeledd til idrettsrådet, fordeling av kulturmidlane, kulturpris/kulturstipend, UKM. I tillegg kjem ei rad andre oppgåver det vil bli for omfattande å ta med her.

**Ungdomsråd**

Ungdomsrådet er lovpålagt og skal vere ungdommane sitt talerøyr og høyringsorgan i Fjord kommune. Det skal bidra til gode oppvekstvilkår auka engasjement blant barn og unge.

**Ungdomsarbeid**

Det er tre ungdomsklubbar i kommunen. Eidsdal ungdomsklubb er drifta av foreldre og kommunen betaler husleige for lokale i Røde Kors-huset. Stordal ungdomsklubb er drifta av kommunen i samarbeid med foreldre. Sylte ungdomsklubb i Valldal er ein frivillig organisasjon og kommunen stiller med lokale i Martin Linge-huset. Det er ein pågåande prosess i forhold til organisering av

klubbane. Kommunen har samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om UNG kunst og kultur.

### Faktagrunnlag for budsjettet 2024

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 5 | 4 | 4 | 4 |
| Tal årsverk | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 |

*50% stilling på Frivilligsentralen i Norddal var vakant frå april-november 2021

### Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Gode møteplassar |
| Mål 2 | Skysstilbod |
| Mål 3 | Auke inntekter |

### Tiltak for å nå måla:

**Mål 1.**
Oppretthalde eksisterande møteplassar og medverke til ny aktivitet og nye møteplassar i alle bygder og for alle innbyggjarar. Møteplassar skaper trivsel og bulyst og er med på å førebygge utanforskap. Halde fram det gode samarbeidet med frivillige aktørar og andre.

**Mål 2.**
Arbeide for å få på plass betre skysstilbod i kommunen. Dette må skje gjennom samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune.

**Mål 3.**
Auke inntekter til idrettshallane via utleige og reklame. Behalde eksisterande samarbeidspartnarar og få nye på plass.
Kultureininga generelt søker om tilskot frå eksterne kjelder.

### Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:

Tilsette frå denne eininga bidreg 40 prosent inn mot flyktningtenesta (frå 15.10.23).
Frivilligsentralane bidreg 20 prosent inn mot bibliotek (frå 01.11.23).

### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

- Utbetre kjøkkenbenk ved biblioteket i Valldal (frivilligsentralen)
- Meir lagerplass og enkle utbetringar på Martin Linge-huset
- Rehabiliteringsarbeid i Stordalshallen (lakkering parkettgolv)

### Utfordringar:

Den samla stillingsprosenten i eininga er ikkje nok til å få utført alle arbeidsoppgåver som blir pålagt og forventa.

# Hovedområde 3 Helse pleie omsorg

| Helse, pleie og omsorg | Budsjett 2022 | Rekneskap 2022 | Regulert budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Endring 2023-2024 | Endring 2023-2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Felles admin. helse, pleie og omsorg | 890 601 | 807 341 | 849 399 | 1 021 846 | 172 447 | 20,3 % |
| Tenestekontor og koordinering | 1 573 273 | 1 601 995 | 1 858 489 | 2 053 733 | 195 244 | 10,5 % |
| Kommuneoverlege | 577 038 | 695 931 | 619 799 | 593 565 | -26 234 | -4,2 % |
| Fjord legekontor | 6 913 590 | 7 746 072 | 4 825 704 | 5 629 367 | 803 663 | 16,7 % |
| Legevakt, ØHD,nødnett | 3 560 000 | 3 467 470 | 3 545 690 | 4 150 000 | 604 310 | 17,0 % |
| Fjord helsestasjon | 1 831 307 | 1 369 688 | 2 111 881 | 1 871 234 | -240 647 | -11,4 % |
| Psykiatritenesta | 4 451 526 | 4 418 247 | 5 026 870 | 4 005 813 | -1 021 057 | -20,3 % |
| Psykolog *) | 279 291 | 4 995 | 848 021 | 1 052 158 | 204 137 | 24,1 % |
| Jordmortenesta | 312 861 | 304 428 | 415 100 | 410 128 | -4 972 | -1,2 % |
| Fysio-/Ergoterapitenesta *) | 2 609 887 | 2 627 128 | 2 668 633 | 2 406 942 | -261 691 | -9,8 % |
| Barnevern | 2 940 000 | 3 865 829 | 4 490 000 | 6 430 000 | 1 940 000 | 43,2 % |
| Sosialtenesta/NAV | 2 550 000 | 2 070 258 | 2 667 000 | 2 420 000 | -247 000 | -9,3 % |
| Flyktningetenesta | | -3 293 799 | 3 254 790 | 4 818 277 | 1 563 487 | 48,0 % |
| Stordalstunet *) | 14 697 445 | 15 161 721 | 15 222 717 | 14 932 776 | -289 941 | -1,9 % |
| | | | | | | |
| Heimetenesta i Stordal | 2 655 474 | 2 762 598 | 2 879 219 | 2 773 269 | -105 950 | -3,7 % |
| Dagtilbod demente | 322 416 | 31 511 | 849 536 | 1 036 191 | 186 655 | 22,0 % |
| Valldal sjukeheim *) | 23 871 772 | 23 665 355 | 25 087 737 | 25 547 945 | 460 208 | 1,8 % |
| Heimetenesta Nord | 9 655 337 | 11 338 349 | 10 574 546 | 10 607 943 | 33 397 | 0,3 % |
| Heimetenesta Sør | 6 175 241 | 6 374 371 | 6 402 513 | 6 919 176 | 516 663 | 8,1 % |
| Habilitering Stordal | 9 050 460 | 12 341 129 | 12 424 353 | 9 997 943 | -2 426 410 | -19,5 % |
| Habilitering Valldal | 9 918 680 | 11 687 362 | 10 550 419 | 9 565 013 | -985 406 | -9,3 % |
| Glimt aktivitetssenter *) | 791 327 | 996 678 | 885 040 | 617 068 | -267 972 | -30,3 % |
| Omstilling | -3 765 000 | | -3 800 000 | | 3 800 000 | |
| **Sum rammeområde 3** | **101 862 526** | **110 044 657** | **114 257 456** | **118 860 387** | **4 602 931** | 4,0 % |

*) Korrigert etter vedtak K.sak 87/23

| Eining | Fjord helse |
|---|---|

### Kort skildring av eininga
Helsetenesta skal gi innbyggarane i kommunen nødvendig helsehjelp, både førebyggande og kurativt.
Eininga omfattar helsestasjon og skulehelseteneste, jordmorteneste, legeteneste, psykisk helseteam og kommunepsykolog.
Tenestene dekker heile Fjord kommune. Legane deltek også i interkommunal legevakt.

### Faktagrunnlag for budsjettet 2024

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 12 | 20 | 18 | 17 |
| Tal årsverk | 10,8 | 17,3 | 15,7/14,9 | 15,7/14,9 |

### Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Fortsette å yte gode helsetenester i heile Fjord kommune |
| Mål 2 | Fortsette å bygge team Fjord helse |
| Mål 3 | Behalde kvalifisert helsepersonell i stillingane |

**Tiltak for å nå måla:**
1. Ha nok helsepersonell til å drifte tenestene og oppgåvene som ligg til dei ulike fagområda.
2. Felles møtepunkt. Forståing for kvarandre sine oppgåver og utfordringar. Dra lasset i lag mot felles mål med pasienten i sentrum.
3. Gi forutsigbare arbeidsforhold. Lytte til eining og fagressursar om behov, pågang og oppgåver som ligg til tenestene.

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**
Kommunepsykolog tilsett 01.01.2023.
Alle stillingar er tilsett med kvalifisert helsepersonell innan dei ulike fagområda.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**
Helsehus Stordal, nytt eller utbetring av eksisterande lokale.

**Utfordringar:**
Få som dekker mange ulike fagområder, sårbart ved sjukdom og fråvær. Ikkje muleg med vikarar på kort varsel innan dei fleste faggrupper.
Jamnt over stor arbeidsbelastning, lite rom for forefallande arbeid som kvalitetssystem, prosedyrer. Ferieavvikling.

| Eining | Flyktningtenesta |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**

Fjord kommune hadde ikkje tilsette i flyktningtenste utanom vaksenopplæringtilbod ved krigsutbrotet i Ukraina. I løpet av dei første vekene kom fleire personar frå Ukraina til kommunen og det vart behov for å etablere eit kommunalt integreringstilbod til nykomne flyktningar. Det vart tilsett flyktningskonsulent i deltidsstilling og etter kvart som behovet auka har ein utvida tilbodet. Hittil har det kome 45 flyktningar til kommunen. Det er venta fleire og IMDI har kome med anmodning om mottak på 50 flyktningar i 2024.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | | | 3 | 6 |
| Tal årsverk | | | 2 | 3,20 |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Tilby integrering av god kvalitet til nykomne flyktningar i kommunen. (Måles mot krav i lov og forskrift) |
| Mål 2 | |
| Mål 3 | |

| Eining | Pleie og omsorg, Stordal |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**
Under Pleie og omsorg – Stordal ligg Stordalstunet med institusjonskjøkken, Heimetenesta med Heimesjukepleie, praktisk bistand heimehjelp og Dagsenter.

Stordalstunet har fom 01.04.2023 12 institusjonsplassar for eldre med svekka helse, redusert førlegheit og eit omfattande hjelpebehov med tilbod om korttidsopphald og langtidsopphald der 6 av plassane er tilrettelagt for personar med demens. Institusjonskjøkkenet gjer i stand mat til pasientane ved institusjonen som sikrar tilrettelagt næringsrik kost og middag til heimebuande som har fått innvilga fullkost, middags bringing og måltid ved Dagsenteret. Heimetenesta gir eit særskilt behov for helse og omsorgstenester og praktisk hjelp i heimen slik den enkelte kan bu heime lengst mogleg. Dagsenter gir eit tilbod til personar som bur heime og har behov for tilrettelegging eller hjelp for å kome seg ut og treffe andre og der det er behov for avlastning i heimen. Dagsenteret er opent 2 dagar i veka.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Antall tilsette | 41 (fast tilsett) | 39 (fast tilsett) | 39 (fast tilsett) | 39 (faste tilsett) |
| Antall årsverk | 24,03 | 22,96 | 23,83 | 24,66 |

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (forventa) |
|---|---|---|---|---|
| Antal brukarar | 44 | 70 | 60 | 70 |
| Antal vedtak/saker | 66 | 60 | 120 aktive vedtak | 140 aktive vedtak |

**Mål for einინga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Yte tenester slik at pasientane i pleie og omsorg, Stordal kan bo lengst muleg heime i eigen bolig, og gi gi den omsorga og støtta som de har behov for i kvardagen slik at både pasientane og pårørande opplever behovet og pasientflyten for dei ulike tenestenivåa som er vedteke er forsvarleg og godt tilrettelagt. |
| Mål 2 | Ivareta personal og opprettholde eit godt arbeidsmiljø. Ha kontinuerlig fokus på organisering arbeidsoppgåver og fordeling av kompetanse. |
| Mål 3 | Fleksibel drift og holde forbruk innen rammene som er satt opp i budsjett. |

**Tiltak for å nå måla:**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Ha ein lav terskel for å tildele tenester i heimen, katlegging og tildeling av behov i samarbeid med forvaltningskontor. Tett og tverrfagleg samarbeid i tenesta med pleiepersonell, ergoterapeut, fysioterapeut, psykolog og administrasjon. |
| Mål 2 | Fokus på arbeidsmiljø, ivareta tilsette og forebygge sjukefravær. Fortsatt fokus på HMS og jevnlige samarbeidsmøter med verneombud og tilletsvalgte. Evaluering av turnus, fordeling av kompetanse i turnus og organisering av arbeidsoppgåver med rett kompetanse til rett tid. |
| Mål 3 | Kontinuerlig kartlegging av behov for innkjøp, innleige av personal ved fråver og fokus på bruk av overtid og behov i tenesta. |

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**

- Bakvakt på natt i Heimetenesta
- Leige inn ekstra personal ved "overbooking" på Stordalstunet

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

- Fast bemanning på natt i Heimetenesta.
- Bemanna omsorgsbolig
- Dagtilbud for eldre

**Utfordringar:**

- Auka arbeidsmengde i Heimetenesta, behov for bemanning på natt og behov for eit lavare omsorgsnivå enn institusjon som bemanna omsorgsboligar i Stordal. Det er fleire ensomme eldre som bor heime aleine i eigen bolig som har behov for å treffe andre.
- Behovet for institusjonsplassar er større enn 12 rom, det er på jamna leie på belegg på 15 rom sidan reduksjon på plassar og behov for å leige inn ekstra personal.
- Lite tilgjengelege vikarar i tenesta. Utfordrande å dekke opp ledige vakter ved ferieavvikling og fråver og avsluttning i faste stillingar . Det blir fort bruk av overtid og kan bli behov for bruk av vikarbyrå for å dekke fagkompetanse.

| Eining | Valldal sjukeheim, Heimetenesta Nord og sør |
|---|---|

**Kort skildring av einingа**
Valldal sjukeheim har i dag 2 avdelingar. Skjerma eining med 8 plassar og Somatisk avdeling med 27 rom, det skulle vere 24 plassar noko som ikkje har blitt gjennomført grunna stor pågang. (Vi har 18 LTP, 1 Avlastningsplass og 8 kortidsplassar pr d.d ) Institusjonsplassane er for eldre med svekka helse og redusert førligheit og omfattande hjelpebehov. Det er dei som får KTP og LTP i vår kommune. Vi har eige kjøkken som lagar mat kvardag til om lag 75 personar. Vi har 12 bemanna boligar i Valldal og 12 plassar i Eidsdal med døgntilsyn , men ikkje bemanna 100 % på natt. Vi nyttar 6 omsorgsboligar som ikkje er bemanna. Vi fremmar sosial tryggleik ved hjelp av velferdsteknologi som tryggleiksalarmar og tilsyn i heimen. Vi sikrar tenesttilbodet sin kvalitet og at det er eit likeverdig tenestetilbod i heile kommunen vår. Vi er med på samhandling og at tenestetilbodet vert tilgjengeleg for pasient og brukar. Vi gir nødvendig opplæring til pasient, brukar ,pårørande og personell. Vi gjev tilbod tilpassa den enkelte sitt behov så langt som mogleg. Vi tek i vare respekten for den enkelte sin integritet og verdighet og vi bidreg til at dei tildelte ressursane vert utnytta best mogleg måte.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Antall tilsette | Faste tilsette : | 97 | 81 | 81 |
| Antall årsverk | 55,85 | 57 | 55,90 | 55,90 |

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (forventa) |
|---|---|---|---|---|
| Antal brukarar | | 108 | 111 | 120 |
| Antal vedtak/saker | 292 | 334 | 299 pr d.d | 300 |

**Mål for einingа 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| Mål 1 | Alle skal få bo lengst mogleg i eigen heim. Ivareta dei sjukaste i institusjon og gi lik tilgang på tenester. |
|---|---|
| Mål 2 | Utnytte tildelte ressurser på ein best mogleg måte. Auke Velferdsteknologi |
| Mål 3 | Behalde kvalifisert personell og rekruttere nye slik ein unngår overtid |

**Tiltak for å nå måla:**
Lavterskel og kort behandlingstid for kartlegging av pasientane og fokus på tildeling av tenester i heimen. Gi god oppfølging av pårørande avlastning.
Tilsette vikarar i faste stillingar – fordele fagfolk i kommunen vår
**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**
Nedskalering av LTP i kommunen vår - gjere om sjukeheimsplassar til bukollektiv?
**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**
Lik teneste med fysioterapi same kvar ein bur i kommuna. Aktivitør som kan vere lavterskeltilbod til dei som bur heime. Innkjøp av velferdsteknologi til å kunne bruke i HBO
**Utfordringar:**
Behalde fagfolk og få inn nye er ei utfordring. Ferieavvikling.
Lang tid for å få ut hjelpemiddlar i heimane.
Nye pasientar som kjem og treng mykje bemanning og høg fagkompetanse.

| Eining | Glimt Aktivitetssenter |
|---|---|

**Kort skildring av einінga**

Glimt Aktivitetssenter er eit aktivitetstilbod til menneske med nedsett funksjonsevne i Fjord kommune. Her skal brukarane gjennom ulike aktivitetar oppleve ein meiningsfylt kvardag som byr på både samhald, opplevingar og dei gode stundene. Innhaldsrike dagar der ein får kjenne meistring og sjølvstendigheit gjennom trygge og kjende oppgåver. Fokusområde er samhald, meistring, fysisk aktivitet og likestilling.
Opningstida er måndag til fredag kl 9-14. Aktivitetar er m.a postrunde, stall, fisking, kosting/måking, makuleringsarbeid for lokale bedrifter, lage tennbrikettar, matlaging og baking, spel, musikk, diverse hobbyoppgåver, lagar ulike produkt for sal, finmotoriske oppgåver, marsvinhald og turar.
Vidare jobbar vi med uteområdet ved sjukeheimen som skal gje endå fleire gode aktivitetar i form av sansehage, vedkløyving, spelesone, drivhus, grønnsaksdyrking, dyrehald m.fl. Her skal mange fleire brukargrupper inkluderast i aktivitetane.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Antall tilsette | 2 | 2 | 2 | 1 |
| Antall årsverk | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1 |

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (forventa) |
|---|---|---|---|---|
| Antal brukarar | 5 | 6 | 8 | 9 |
| Antal vedtak/saker | 5 | 6 | 8 | 9 |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Eit godt aktivitetstilbod til brukarane våre med individuell tilrettelegging, auka livskvalitet og brukarmedverknad |
| Mål 2 | Sal av eigne produkt for å bli mest muleg sjølvgåande |
| Mål 3 | Fleksibel drift og fokus på budsjett med samarbeid på tvers av avdelingane, ha fokus på bruken av ressursar på personal, oppgåvefordeling og å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø |

**Tiltak for å nå måla:**

- Godt samarbeid med Fjord Habilitering ifht ressursar
- Utvida aktivitetstilbod med fleire produkt for sal
- Fokus på HMS og kvalitetsarbeid

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**

- Utvida aktivitetstilbod med fleire produkt for sal

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

- Utvide aktivitetstilbodet til å gjelde fleire brukargrupper, for eksempel kafe og bingo ein dag i veka for dei som bur på institusjonane. Med å flytte i lokala på Elvetun vil vi ha mulegheit til å starte opp dette.

**Utfordringar/kommentarar:**
Glimt aktivitetssenter har no vore to år i drift og kome seg godt inn i gode rutiner, og er ein viktig stad for mange! Vi vel å ta 0,4 årsverk ut frå Glimt og inn i Habilitering, som vil gjere at vi med litt annleis organisering har meir friheit og fleksibilitet ifht ressursar. Sal av produkt har vorte ei bra inntektskjelde. Utfordring at vi ikkje har nok plass til å ta imot fleire brukargrupper pr i dag, men håper å få flytte inn i lokala på Elvetun i 2024. Det vil gje oss meir plass og mulegheiter, og skape ein møteplass for fleire brukargrupper som er eit av måla i kommuna sin samfunnsplan. Vi vil også spare inn husleige og andre kostnader som vi i dag har knytta til lokala vi leiger.

| Eining | Fjord Habilitering |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**
Fjord Habilitering i Fjord kommune gir praktisk hjelp, personleg hjelp og målretta miljøarbeid i heimen for menneske med psykisk og fysisk funksjonsnedsetting. Vi ivaretek den enkelte sitt behov for heilheitleg omsorg, ernæring, behandling og miljøarbeid. Vi sikrar tenestetilbodet sin kvalitet med fokus på trivsel og tryggleik for menneske som treng oppfølging og hjelp, tilrettelegg for ein aktiv og sosial kvardag, førebyggande og behandlande tiltak, samt bruk av tilgjengeleg velferdsteknologi. Førebygge einsemd, bidra til at brukarane kan føle meistring i kvardagen og legge til rette for eit meir aktivt liv. Brukarmedverknad og samarbeid med pårørande. Vi har pr i dag 12 brukarar som får heildøgnstilbod, 1 som har BPA, samt 12 andre som mottek ei form for teneste frå oss.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Antall tilsette | 52 | 55 | 56 | 59 |
| Antall årsverk | 31,92 | 35,2 | 38,81 | 42,18 |

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (forventa) |
|---|---|---|---|---|
| Antal brukarar | 20 | 22 | 25 | 28 |
| Antal vedtak/saker | 47 | 51 | 54 | 62 |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Individuell tilrettelegging, auka livskvalitet og brukarmedverknad |
| Mål 2 | Utnytte tildelte ressursar på best mogleg måte, unngå overtid så langt det er råd |
| Mål 3 | Fleksibel drift og fokus på budsjett med samarbeid på tvers av avdelingane, ha fokus på bruken av ressursar på personal, oppgåvefordeling og å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø |

**Tiltak for å nå måla:**

- Fortsette arbeidsmiljøfokus og tett oppfølging sjukefråver
- Fokus på HMS og kvalitetsarbeid med jamne samarbeidsmøte med verneombud og tillitsvalde
- Godt samarbeid mellom avdelingane

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**

- Bruk av tilsett sjukepleiar på begge avdelingane
- Ekspertbistand for fleire tilsette. Økonomisk støtte frå NAV til kartlegging av arbeidsevne på fleire arbeidstakarar med svært høgt sjukefråvær

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

- Meir kurs og kompetanseheving
- Eit tilbod for ungdom med nedsett funksjonsevne

**Utfordringar:**

Svært sjuke og krevjande brukarar som krev 2:1 og 1:1 bemanning, høgt sjukefråvær

# Hovedområde 4 Teknisk landbruk miljø

| **Teknisk, landbruk og miljø** | **Budsjett 2022** | **Rekneskap 2022** | **Regulert budsjett 2023** | **Budsjett 2024** | **Endring 2023-2024** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Felles admin.TLM *) | 1 121 434 | 400 081 | 681 395 | 834 893 | 153 498 | 22,5 % |
| Bygg- og komm.teknikk | 2 281 971 | 1 160 889 | 2 243 752 | 2 006 666 | -237 086 | -10,6 % |
| Felles ansvar teknisk drift, vedlikehald | 4 815 103 | 6 654 393 | 6 117 721 | 6 739 275 | 621 554 | 10,2 % |
| Felles ansvar maskinpark | 1 048 000 | 412 019 | 1 230 000 | 1 400 000 | 170 000 | 13,8 % |
| | | | | | 0 | |
| Vegar, gatelys, | 4 738 400 | 7 286 464 | 6 300 400 | 6 301 500 | 1 100 | 0,0 % |
| Off områder park kai | 147 000 | 49 789 | 150 000 | 175 000 | 25 000 | 16,7 % |
| Plan,byggesak,oppmåling *) | 2 361 564 | 1 595 816 | 1 855 135 | 2 399 644 | 544 509 | 29,4 % |
| Landbruk,skog,miljø *) | 1 614 595 | 797 562 | 1 102 686 | 1 203 067 | 100 381 | 9,1 % |
| Jakt og vilt | 30 750 | 31 400 | 36 180 | 25 673 | -10 507 | -29,0 % |
| Brannvern | 5 396 276 | 6 243 491 | 5 797 490 | 6 658 671 | 861 181 | 14,9 % |
| Renovasjon | -198 000 | 165 278 | 211 007 | -330 163 | -541 170 | -256,5 % |
| Vatn | -2 062 000 | -2 201 489 | -2 582 068 | -2 809 610 | -227 542 | 8,8 % |
| Avløp | -1 839 000 | -1 777 381 | -2 231 324 | -2 407 623 | -176 299 | 7,9 % |
| Slam | -51 000 | -78 389 | -66 933 | -96 373 | -29 440 | 44,0 % |
| Feiing | -83 001 | -68 005 | -76 983 | -145 400 | -68 417 | 88,9 % |
| Mynd.utøving Forurens.lova | -148 000 | -71 414 | -114 945 | -92 941 | 22 004 | -19,1 % |
| Fjernvarme/distr.nett | -690 000 | -725 364 | -760 000 | -900 000 | -140 000 | 18,4 % |
| Reinhald komm.bygningar *) | 7 660 020 | 8 029 696 | 7 565 578 | 7 632 301 | 66 723 | 0,9 % |
| Skulebygg, barnehagar *) | 2 649 000 | 2 412 467 | 2 630 000 | 3 207 050 | 577 050 | 21,9 % |
| Idrettshallar, kulturbygg *) | 876 000 | 916 583 | 955 000 | 996 200 | 41 200 | 4,3 % |
| Adm.bygg/Forr.bygg *) | 1 389 500 | 1 626 020 | 1 530 500 | 1 645 600 | 115 100 | 7,5 % |
| Lager-/service-/oa.bygg *) | -1 048 100 | -563 504 | -687 861 | -931 685 | -243 824 | 35,4 % |
| Sjukeheimar,omsorgsbustadar *) | 3 220 400 | 3 489 678 | 3 011 900 | 3 829 400 | 817 500 | 27,1 % |
| | | | | | 0 | |
| Omstilling | -4 000 000 | | -1 000 000 | | 1 000 000 | |
| **Sum rammeområde 4** | **29 230 912** | **35 786 080** | **33 898 630** | **37 341 145** | **3 442 515** | 10,2 % |

*) Korrigert etter vedtak K.sak 87/23

| Eining | Fjord brann- og redning |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**
Tre brannstasjonar, Stordal, Eidsdal og Valldal som har operativ leiing i oppgåvefellesskapet med Stranda kommune. Personalleiing, administrasjon ligg til teknisk Fjord kommune. Brannkonstablar er tilsette i svært små stillingar, men med utrykning utgjer volumet meir enn tal på utført årsverk. Brannførebygge/feiar for Fjord kommune er praksiskandidat med læretid og oppfølging på Stranda. Fagprøve/svennebrev er venta i juni 24 og brannførebyggar har då to års binding etter fullført fagprøve.

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | | | 48 | 50 |
| Tal årsverk | | | 0,6 | 0,6 |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Gjennomføre planlagde øvingar og vere i beredskap |
| Mål 2 | Behalde/klare å rekruttere rett kompetanse |
| Mål 3 | Oppdatere utstyr og bilar jamfør lovkrav |

**Tiltak for å nå måla:**
-Gjere gode prioriteringar og verer ei tydeleg leiargruppe i oppgåvefellesskapet
-lyse ut og rekruttere tilsette
-ha god kontroll og vedlikehaldsrutinar på utstyr vi brukar

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**
-behov er synliggjort i investeringsbudsjett

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**
-nye bilar

**Utfordringar:**
-utfordringar å rekruttere personell spesielt i Stordal
-Vanskeleg og umulig å få plass på vidareutdanning knytt til brann og redning grunna omlegging av utdanningstilbodet frå dsb
-kurs og kompetanse er blitt svært kostbart

| Eining | Plan og miljø |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**

- Rådgjeving, forvaltning og handsaming av saker etter plan- og bygningslova og anna lovverk
- Landbruksrelaterte oppgåver og tenester
- Oppmåling, kart og matrikkel
- Jakt og viltforvaltning
- Oppgåver knytt til utmark og viltforvaltning

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 6 | 6 | 6 | 6 |
| Tal årsverk | 5,9 | 5,7 | 5,2 | 5,2 |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Tilby Fjord kommune grunnleggjande tenester på byggesak, landbruk, reguleringsplan og kart og oppmåling. |
| Mål 2 | Bidra med relevant kompetanse til samfunnsutviklinga i kommunen. |
| Mål 3 | Sikre god informasjon til innbyggarar og andre aktørar om saksbehandling og anna lovverk. |

**Tiltak for å nå måla:**
Avdelinga har saksbehandlarar som dekker fleire fagområder, og pågang av saker er stor slik at det dessverre i liten grad er rom for utviklingsarbeid. Avdelinga sin prioritet er å sikre dei viktigaste tenestene som kommunen skal ivareta. Tenestene som blir levert er svært sårbart for sjukdom eller ved jobbskifte, i slike situasjonar vil det mest sannsynleg verte ein del saker som får lang saksbehandlingstid.
Tiltak som må til for å nå måla:

- Ha fokus på kjerneoppgaver til avdelinga, andre oppgaver må nedprioriteres.
- Vere sørvisinnstilt, tilby god informasjon og rettleiing, men vi må også vere tydlege på kunde/søkjar sitt ansvar for å avklare saker.
- Behalde og ved behov rekruttere tilsette med god kompetanse på fagfelta.
- Kompetanseheving på dei tilsette

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**
Ny kommuneplan har stått på ønskelista sidan samanslåinga til Fjord kommune. Til gjennomføring av ein kommuneplan er det behov for å leige inn konsulentar til å utarbeide planen. Det er forventa at ein slik plan vil krevje 2-3 årsverk totalt for å gjennomføre. Det må difor leggast inn tilstrekkelege midlar i budsjettet som sikrar gjennomføring av planen.
Sjølv om det blir leigd inn ressursar til gjennomføring av planen, vil det krevje ein del oppfølging frå administrasjonen.
Det er i liten grad rom for å nedskalere, då ein i dag opplever at ein held seg på eit minimum, der ein del saker blir liggande lengre enn ønska før dei blir tatt tak i.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**
Kartprogram som kan forenkle den daglege drifta på plansida.

**Utfordringar:**

- Stor turnover i avdelinga (over 100% på tre år)
- Tid og kapasitet
- Rekruttere nye medarbeidarar med den rette fagkompetansen
- Halde på medarbeidarar som har opparbeidd seg erfaring
- Sårbart fagmiljø

| Eining | Bygg- og kommunalteknikk |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**
Avdelinga har slikt hovedansvarsområde:
- Drift/vedlikehald kommunale bygningar
- Kommunale vegar (inkl. brøyting, strøing, bruer, gatelys og stikkrenner)
- Offentlege plassar og grøntområde
- Vatn og avløp (renseanlegg, pumpestasjonar og leidningsnett)
- Kaier
- Leidningskart
- Slamtømming
- Renovasjonstenester i samarbeid med ÅRIM/Attvin
- Utsleppsaker
- Kommunale køyretøy
- Oppfølging av investeringsprosjekt

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 18 | 18 | 18 | 17 |
| Tal årsverk | 17,5 | 17,5 | 17,5 | 16,5 |

* Ei stilling i administrasjon for tida er vakant, besatt med ein tilsett på pensjonistvilkår.

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Vidareføring av prioriterte investeringsprosjekt |
| Mål 2 | Behalde/klare å rekruttere rett kompetanse |
| Mål 3 | Fokus på helse, miljø og sikkerheit på arbeidsplassen |

**Tiltak for å nå måla:**

- Målretta arbeid mot dei prioriterte prosjekta.
- Arbeid med oppdatering av arbeidsrutiner, verneutstyr og naudsynt opplæring for dei tilsette.

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**

- Fremma i investeringsbudsjett.

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

1. Vedlikehaldsbehovet knytt til bygningsmasse, vegar og anlegg er langt større enn det ein har totale ressursar til.

**Utfordringar:**

- Tid til å gjennomføre dei oppgåvene vi skal gjennomføre med dei ressursane vi har i avdelinga.
- Utfordringar med nok kompetanse på driftsteknikkarområdet, byggdrift i både Valldal og Stordal.
- Rekrutering av ingeniør som skal jobbe med kommunaltekniske prosjekt.

| Eining | Reinhald |
|---|---|

**Kort skildring av eininga**

Dagleg reinhald av kommunale bygg samt vaskeri på institusjon i Valldal og Stordal

**Faktagrunnlag for budsjettet 2024**

| Personale | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 (planlagt) |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 16 | 17 | 16 | 16 |
| Tal årsverk | 12,23 | 14,59 | 12,39 | 12,48 |

**Mål for eininga 2024 (må henge saman med samfunnsdelen og bør vere målbare)**

| | |
|---|---|
| Mål 1 | Redusere sjukefråværet / arbeide med eit godt arbeidsmiljø |
| Mål 2 | Benytte oss av ekspertbistand via NAV på dei med gjentakande fråvær |
| Mål 3 | Bruk av ekstern avtale til vaskeriteneste på institusjonane |

**Tiltak for å nå måla:**

Det gjennomførast ei god kartlegging på kva som vaskast på dei enkelte vaskeria i dag og kor mykje tid som går med. Den jobben er ein snart ferdig med å ferdigstille. Vaskeria vil i hovudsak fokusere på vask av kleda til bebuarane og ein slipp å investere i ny maskinpark på vaskeria (spesielt i Valldal). Ny vaskeriavtale er ute på anbod og ein venter til denne er klar før ein går vidare. Ser for seg å spare 1 årsverk når dette er gjennomført
Reinhald er ein fysisk tung jobb med store areal som skal vaskast. Vi har no gjennomført samtale med alle reinhaldarane og det er sendt inn søknad til NAV om støtte til ekspertbistand for å ta tak i det gjentakande høge sjukefråveret. Det saman med ein bra dag på jobb skal styrke arbeidsmiljøet på avdelinga og redusere sjukefråveret.

**Nye tiltak innafor ramme, og ev nedskalering av oppgåver/tenester:**

- Inngå avtale om vaskeriteneste i Valldal og Stordal
- Vurdere bruk av robot i større grad på store overflater
- Innhente pris på

**Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**
- ingen spesielle tiltak som er aktuelle

**Utfordringar:**
Drift av reinhaldsavdelinga har det siste åra hatt ei mellombels løysing og ein har ikkje landa heilt korleis dette skal organiserast. Har med det ikkje klart å hatt god nok oppfølging i avdelinga, men den løysinga ein har per. Fungera bra. Det er eit høgt sjukefråvær i avdelinga som gjer at ein heile tida må finne tak i vikarar og med det ikkje klarer å få god kontinuitet og samhald i avdelinga. Vikarane vi har fått inn fungera kjempebra.

# DEL C. Sakshandsaming Budsjett 2024 Økonomiplan 2024-2027

Fjord kommune

| | |
|---|---|
| Arkiv: | FE-151 |
| JournalpostID: | 23/12157 |
| Saksbehandlar: | Arne Krohn |
| Dato: | 21.11.2023 |

## Saksframlegg

Budsjett 2024 og økonomiplan for 2024 - 2027

| **Saksnr. Utval** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 014/23 | Eldrerådet | 05.12.2023 |
| 008/23 | Råd for personar med funksjonsnedsetting | 05.12.2023 |
| 010/23 | Ungdomsrådet | 11.12.2023 |
| 099/23 | Formannskapet | 30.11.2023 |
| 087/23 | Kommunestyret | 18.12.2023 |
| 023/23 | Arbeidsmiljøutvalet | 06.12.2023 |

Utsendte saksdokument:

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|
| 22.11.2023 | 23_00080-1 Budsjettframlegg 2024 205752_1_0 | 1426248 |
| 22.11.2023 | Søknad om driftstilskudd 2024 - Nok Møre og Romsdal | 1426249 |
| 22.11.2023 | Søknad om kommunal støtte for 2024 - Landbruk Nordvest | 1426250 |
| 22.11.2023 | Søknad grunnfinansiering 2024 for Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv | 1426251 |
| 22.11.2023 | Informasjon til kommunane om vidareføring LiMR 2024 - 2026 | 1426252 |
| 22.11.2023 | Oversending av budsjettilråding 2024 frå Fjord kontrollutval | 1426253 |
| 22.11.2023 | Søknad om økonomisk støtte til Kirkens SOS Møre og Romsdal 2023-24 Fjord | 1426254 |

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
| --- | --- | --- |
| 22.11.2023 | Søknad om driftstilskudd 2024 - NKS veiledningssenter for pårørande i Midt-Norge | 1426255 |
| 23.11.2023 | Budsjett 2024 Økonomiplan 2024-2027 | 1426308 |
| 23.11.2023 | Klimabudsjett 2024 - Fjord kommune | 1426313 |
| 11.12.2023 | Høyringssvar frå statsforvaltaren - Fjord kommune - formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan 2024-2027 | 1427372 |

**Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Fjord kommunestyret vedtek budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024 – 2027 i samsvar med vedlagte budsjettdokument.
2. Investeringane vert vedteke i samsvar med vedlagte: Bevilgingsskjema investering del 2.
3. Investeringane vert finansisert ved låneopptak,tilskot, bruk av mva kompensasjon og bruk av ubunde investeringsfond i samsvar Bevilgingsskjema investering del 1.
4. For 2024 godkjenner Fjord kommunestyre låneopptak stort kr. kr. 7 125 000,-.
5. Ordførar si godtgjersle vert fastsett til 8,5 G, for tida kr. 1 008 270,- .
6. Kommunestyret i Fjord kommune vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i Fjord kommune i eigedomsskatteåret 2024, jf. eigedomsskattelova § 2. Utskriving av eigedomsskatt skjer i samsvar med kommunestyret sine fastsette reglar i skattetakstvedtektene, vedteke av kommunestyret 19 november 2019 , jf. eigedomsskattelova § 10.
7. For eigedomsskatteåret 2024 skal Fjord kommune skrive ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, det vil sei «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg, jf. eigedomsskattelova § 4 tredje ledd
8. Skattesatsen for skattepliktige eigedommar i Fjord kommune skal vere 7 promille i 2024.
9. Kommunestyret vedtek at det i eigedomsskatteåret 2024 i gamle Norddal kommune i tillegg skal skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal trappast ned over sju år og i 2026 være lik 7/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019
   som er forårsaka av nye verdsettingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er ansett som næringseigedom.
10. Kommunestyret vedtek at det i eigedomsskatteåret 2024 i gamle Norddal kommune skal skrivast ut eigedomsskatt på bygg og tomt for verk og bruk som frå og med 2019 er ansett som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
11. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd. Første termin er 20 mars, 2. termin er 20 juni, 3. termin er 20. september og fjerde termin er 20. desember.
12. Fjord kommunestyre godkjenner opptak av lån stort kr. 10 mill til bruk I startlånordninga I Fjord kommune.
13. Fjord kommunestyre ber administrasjonen legge fram sak om innføring av eigedomsskatt for næring, hus og hytter i
   Fjord kommune. Ein plan for innføring vert å legge fram for Fjord kommunestyre innan utgangen av februar 2024.

14. Fjord kommunestyre godkjenner vedlagte klimabudsjett for 2024.
15. Fjord kommunestyre godkjenner ramme for driftskreditt på inntil kr. 40 mill. Kommunedirektør får fullmakt til å iverksette bruk av driftskreditt.
16. Budsjettet for 2024 og økonomiplan 2024-2027 med dei endringane som følgjer av dei voteringane og vedtak som er gjort i møtet, vert samrøystes vedteke.

**Kommunestyret 18.12.2023:**

Høyringssvar frå statsforvaltaren – Fjord kommune – formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan 2024-2027 vart ettersendt kommunestyret per e-post den 12.12.23.

Følgjande innkomne innspel til budsjett 2024 vart ettersendt kommunestyret per e-post 15.12.23:

- Uttale til budsjett 2024 frå pårørandeforeninga i Stordal - sak som gjeld kjøkkenet ved Stordalstunet
- Svar frå kommunalsjef Jan-Ove Gravdal på uttale til budsjett 2024 frå pårørandeforeninga i Stordal - sak som gjeld kjøkkenet ved Stordalstunet
- Innspel til kommunestyret frå elevane ved Eidsdal skule i høve saka om flytting av ungdomsskulen

Innkomne innspel til budsjett 2024 i perioden 16.12 – 18.12.23 vart sendt kommunestyret per e-post 18.12.23:

- Kommentar til budsjettframlegget ang. Loftet og sjukeheimen frå Pårørandeforeninga i tidlegare Norddal kommune
- Kommentar til budsjett 2024 frå Romesh Swampillai, hovedtillitsvalgt Fagforbundet Fjord

Formannskapet si innstilling til vedtak til kommunestyret, vedteke 30.11.23:

1. Fjord kommunestyret vedtek budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024 – 2027 i samsvar med vedlagte budsjettdokument med følgjande presiseringar:
   1. Skulestrukturen med 1-10 kl skular i Eidsdal, Stordal og Valldal består som i dag for perioden 2024-2027.
   2. Administrasjonen blir beden om å utgreie samarbeid med andre kommuner og/eller private tjenesteleverandører for å løyse det tyngste og mest spesialiserte kommunale oppgåvene.
   3. Dagens administrative organisering skal evaluerast med formål å spisse og redusere antall administrative/leiande stillinger.

2. Investeringane vert vedteke i samsvar med vedlagte: Bevilgingsskjema investering del 2.
3. Investeringane vert finansisert ved låneopptak,tilskot, bruk av mva kompensasjon og bruk av ubunde investeringsfond i samsvar Bevilgingsskjema investering del 1.
4. For 2024 godkjenner Fjord kommunestyre låneopptak stort kr. kr. 7 125 000,-.
5. Ordførar si godtgjersle vert fastsett til 8,5 G, for tida kr. 1 008 270,- .
6. Kommunestyret i Fjord kommune vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i Fjord kommune i eigedomsskatteåret 2024, jf. eigedomsskattelova § 2. Utskriving av eigedomsskatt skjer i samsvar med kommunestyret sine fastsette reglar i skattetakstvedtektene, vedteke av kommunestyret 19 november 2019 , jf. eigedomsskattelova § 10.
7. For eigedomsskatteåret 2024 skal Fjord kommune skrive ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, det vil sei «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Utskrivingsalternativet omfattar også flytande

oppdrettsanlegg, jf. eigedomsskattelova § 4 tredje ledd
8. Skattesatsen for skattepliktige eigedommar i Fjord kommune skal vere 7 promille i 2024.
9. Kommunestyret vedtek at det i eigedomsskatteåret 2024 i gamle Norddal kommune i tillegg skal skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal trappast ned over sju år og i 2026 være lik 7/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er ansett som næringseigedom.
10. Kommunestyret vedtek at det i eigedomsskatteåret 2024 i gamle Norddal kommune skal skrivast ut eigedomsskatt på bygg og tomt for verk og bruk som frå og med 2019 er ansett som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. 11. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd. Første termin er 20 mars, 2. termin er 20 juni, 3. termin er 20. september og fjerde termin er 20. desember.
12. Fjord kommunestyre godkjenner opptak av lån stort kr. 10 mill til bruk I startlånordninga I Fjord kommune.
13. Fjord kommunestyre ber administrasjonen legge fram sak om innføring av eigedomsskatt for næring, hus og hytter i Fjord kommune. Ein plan for innføring vert å legge fram for Fjord kommunestyre innan utgangen av februar 2024.
14. Fjord kommunestyre godkjenner vedlagte klimabudsjett for 2024.
15. Fjord kommunestyre godkjenner ramme for driftskreditt på inntil kr. 40 mill. Kommunedirektør får fullmakt til å iverksette bruk av driftskreditt.
16. Budsjettet for 2024 og økonomiplan 2024-2027 med dei endringane som følgjer av dei voteringane og vedtak som er gjort i møtet, vert samrøystes vedteke.
17. Kommunen startar prosess med å evaluere avhending av eigendomar og kommunal eigarskapsmelding som ikkje er naudsynt for kommunens tenesteyting, ref kommunestyresak i førre perioden

Assisterande kommunedirektør/økonomisjef Arne Krohn presiserte at i pkt. 10 i formannskapet si innstilling rett årstall for eigedomsskatteåret skal vere 2025.

**Framlegg til vedtak frå Lars Kristian Øvrebust, Sp:**
*Forslag til nye underpunkt på punkt 1 i formannskapet si innstilling i sak FS- 099/23, vedteke den 30.11.23:*

***Nytt underpunkt 4:***

*Ta inn att kulturmidlane i budsjettet, kr 300 000. Kommunestyret ber samstundes om ei sak om retningslinene for kulturmidlane med sikte på ei revidering av desse. Formålet med ei slik sak er å spisse retningslinene slik at kulturmidlane når dei som treng det, samt at tildelingane er i samsvar med kommunen sine prioriteringar i dei kommunale planane.*

***Nytt underpunkt 5:***

*Ta inn att medlemskap i Utmarkskommunenes Samanslutning (USS) i budsjettet, kr 50 000.*

***Nytt underpunkt 6:***

*Kommunestyret vedtek å auke rammetilskot frå staten med 400 000 kr.*

*Kommunestyret ber og kommunedirektøren om snarleg å setje i gang prosess for omstilling og rasjonaliseringar på alle hovedkapitla. Omstillingskravet i budsjett 2024 på 1,450 mill kroner skal følgjast opp i rapporteringa etter 1. tertial i form av budsjettendring som får fram at dette innsparingskravet er realisert.*

*Dersom rasjonaliseringane fører til vesentleg endring i tenestenivået ute i einingane skal dette leggast fram for kommunestyret.*

**Jan Are Remme, H fremma fellesframlegg frå Høgre og Fjord Framstegsparti:**

**Nytt pkt. 1**
I samband med sak om budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 fremjar ein følgjande endringsvedtak til formannskapet si innstilling i same sak:

17. Fjord kommunestyre vedtek budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 i samsvar med vedlagte budsjettdokument med følgjande presiseringar:

a. Pkt 12.2 Bevilgningsoversikt drift del 1 med følgjande endringar for 2024:

i.Pkt 6 Sum bevilgninger drift, netto vert sett til kr 235 966 000
ii.Pkt 9 Brutto driftsresultat vert sett til kr 19 653 652
iii.Pkt 17 Netto driftsresultat vert sett til kr 10 828 152
iv. Nytt netto driftsresultat vert avsett til disposisjonsfond (pkt 21)

b. Pkt 12.3 Bevilgningsoversikt drift del 2 med følgjande endringar for2024:

i. Sum til disposisjon på hovedområda vert sett til kr 235 966 000
ii. Hovedområde 1 Sentraladministrasjon vert sett til kr 26 000 000
iii. Hovedområde 2 Oppvekst og kultur vert sett til kr 73 200 000
iv. Hovedområde 3 Helse, Pleie Omsorg vert sett til kr 115 000 000
v. Hovedområde 4 Teknisk, landbruk og miljø vert sett til kr 36 000 000
vi. Netto bruk av fond vert sett til 0

c. Skulestrukturen med 1-10 skular i Eidsdal, Stordal og Valldal består som i dag for perioden 2024-2027.

d. Administrasjonen vert i samband med strategisk gjennomgang av hovedområdet Oppvekst og kultur bedt om å utgreie moglegheitene for oppvekstsenter med barnehage og 1. – 10. klasse knytt til alle skulane i Fjord kommune.

e. Administrasjonen blir bedt om å utgreie samarbeid med andre kommunar og/eller private tenesteleverandørar for å løyse dei tyngste og mest spesialiserte kommunale oppgåvene innan alle hovudområda.

f. Dagens administrative organisering skal evaluerast med formål å spisse og redusere antall administrative og leiande stillingar.

g. Kommunestyret ber administrasjonen om å vurdere moglegheitene for tenesteutsetting innan teknisk drift, og komme tilbake med sak på dette til budsjettprosessen i 2024.

h. Av omsyn til beredskap og kvalitet vidareførast institusjonskjøkken ved Stordalstunet. Kjøkken ved Stordalstunet kan plasserast i annan del av lokala om ein ser det driftsmessig og økonomisk forsvarleg. Bemanninga ved institusjonskjøkken må tilpassast den kapasitet som er nødvendig, og eventuell overkapasitet ved Valldal sjukeheim må takast ned.

i. Administrasjonen vert bedt om å utgreie kjøkkenløysing for framtida basert på eksterne leverandørar/løysingar i samband med den strategiske gjennomgangen av hovedområdet Helse, pleie og omsorg.

j. Med visning til pkt 13 Næringsfond – prosjekt HUS. Kommunedirektøren blir bedt om å utarbeide plan for prosjektet. Prosjektplanen med tilhøyrande budsjett eller retningslinjer for bruk av budsjettmidlane skal godkjennast av kommunestyret.

k. Sjukefråværet skal reduserast med 10% kvart år i perioden 2024-2027

l. For at Fjord kommune over tid skal redusere sin netto renteberande gjeld og ha framtidig løftekapasitet på nye investeringar åleine eller saman med andre skal det ikkje lånast opp ytterlegare midler kommande år. For inneværende budsjettperiode skal årleg lånefinansiert investering maksimalt være 50%, øvrige midler må enten omdisponerast frå drift, tas av disposisjonsfond eller vere tilskot.

m. Investeringar som ikkje kan dekkast gjennom årleg driftsbudsjett skal behandlast i formannskap for beløp inntil 250.000 kr, og av kommunestyret ut over dette beløpet. Finansreglementet vert revidert tilsvarande.

**Pkt. 13. i formannskapet si innstilling:**
Dette punktet utgår.

Det vart halde gruppemøte.

**Nytt fellesframlegg frå alle politiske partia til nytt pkt. 1 vart lagt fram:**

Nytt punkt 1:

18. Fjord kommunestyre vedtek budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 i samsvar med vedlagte budsjettdokument med følgjande presiseringar:

1.1.
Ta inn att kulturmidlane i budsjettet, kr 300 000. Kommunestyret ber samstundes om ei sak om retningslinene for kulturmidlane med sikte på ei revidering av desse. Formålet med ei slik sak er å spisse retningslinene slik at kulturmidlane når dei som treng det, samt at tildelingane er i samsvar med kommunen sine prioriteringar i dei kommunale planane.

1.2
Ta inn att medlemskap i Utmarkskommunenes Samanslutning (USS) i budsjettet, kr 50 000.

1.3
Kommunestyret vedtek å auke rammetilskot frå staten med 400 000 kr.

Kommunestyret ber og kommunedirektøren om snarleg å setje i gang prosess for omstilling og rasjonaliseringar på alle hovedkapitla. Arbeide aktivt med tiltak med mål om å redusere sjukefråveret med 10% kvart år.

Omstillingskravet i budsjett 2024 på 1,450 mill kroner skal følgjast opp i rapporteringa etter 1. tertial i form av budsjettendring som får fram at dette innsparingskravet er realisert.

Dersom rasjonaliseringane fører til vesentleg endring i tenestenivået ute i einingane skal dette leggast fram for kommunestyret.

1.4
Pkt 12.2 Bevilgningsoversikt drift del 1 med følgjande endringar for 2024:

1 Pkt 6 Sum bevilgninger drift, netto vert sett til kr 235 966 000
2. Pkt 9 Brutto driftsresultat vert sett til kr 19 653 652
3. Pkt 17 Netto driftsresultat vert sett til kr 10 828 152
4. Nytt netto driftsresultat vert avsett til disposisjonsfond (pkt 21)

1.5
Pkt 12.3 Bevilgningsoversikt drift del 2 med følgjande endringar for 2024:

1. Sum til disposisjon på hovedområda vert sett til kr 235 966 000
2. Hovedområde 1 Sentraladministrasjon vert sett til kr 26 000 000
3. Hovedområde 2 Oppvekst og kultur vert sett til kr 73 200 000
4. Hovedområde 3 Helse, Pleie Omsorg vert sett til kr 115 000 000
5. Hovedområde 4 Teknisk, landbruk og miljø vert sett til kr 36 000 000
6. Netto bruk av fond vert sett til 0

1.6.
Skulestrukturen med 1-10 skular i Eidsdal, Stordal og Valldal består som i dag for perioden 2024-2027.

1.7.
Administrasjonen vert i samband med strategisk gjennomgang av hovedområdet Oppvekst og kultur bedt om å utgreie moglegheitene for oppvekstsenter med barnehage og 1. – 10. klasse knytt til alle skulane i Fjord kommune.

1.8
Administrasjonen blir bedt om å utgreie samarbeid med andre kommunar og/eller private tenesteleverandørar for å løyse dei tyngste og mest spesialiserte kommunale oppgåvene innan alle hovudområda.

1.9
Dagens administrative organisering skal evaluerast med formål å spisse og redusere antall administrative og leiande stillingar.

1.10.
Kommunestyret ber administrasjonen om å vurdere moglegheitene for tenesteutsetting innan teknisk drift, og komme tilbake med sak på dette til budsjettprosessen i 2024.

1.11
Av omsyn til beredskap og kvalitet vidareførast institusjonskjøkken ved Stordalstunet. Kjøkken ved Stordalstunet kan plasserast i annan del av lokala om ein ser det driftsmessig og økonomisk forsvarleg. Bemanninga ved institusjonskjøkken må tilpassast den kapasitet som er nødvendig, og eventuell overkapasitet ved Valldal sjukeheim må takast ned.

1.12.
Administrasjonen vert bedt om å utgreie kjøkkenløysing for framtida basert på eksterne leverandørar/løysingar i samband med den strategiske gjennomgangen av hovedområdet Helse, pleie og omsorg.

1.13
Med visning til pkt 13 Næringsfond – prosjekt HUS. Kommunedirektøren blir bedt om å utarbeide plan for prosjektet. Prosjektplanen med tilhøyrande budsjett eller retningslinjer for bruk av budsjettmidlane skal godkjennast av kommunestyret.

1.14
Sjukefråværet skal reduserast med 10% kvart år i perioden 2024-2027

1.15
For at Fjord kommune over tid skal redusere sin netto renteberande gjeld og ha framtidig løftekapasitet på nye investeringar åleine eller saman med andre skal det ikkje lånast opp ytterlegare midler kommande år. For inneværende budsjettperiode skal årleg lånefinansiert investering maksimalt være 50%, øvrige midler må enten omdisponerast frå drift, tas av disposisjonsfond eller vere tilskot.

1.16
Investeringar som ikkje kan dekkast gjennom årleg driftsbudsjett skal behandlast i formannskap for beløp inntil 250.000 kr, og av kommunestyret ut over dette beløpet. Finansreglementet vert revidert tilsvarande.

**Det vart røysta punktvis over nytt pkt. 1 som vart fremma som fellesforslag frå alle politiske partia:**

**Nytt pkt. 1.1.**
Samrøystes vedteke.

**Nytt pkt. 1.2**.
Samrøystes vedteke.

**Nytt pkt. 1.3.**
Samrøystes vedteke.

**Nytt pkt. 1.4.**
8 røysta for
11 røysta mot og punktet fall.

**Nytt pkt. 1.5.**
8 røysta for
11 røysta mot og punktet fall.

**Nytt pkt. 1.6**
17 røysta for
2 røysta mot
Nytt pkt. 1.6 vart vedteke.

**Nytt pkt. 1.7**
8 røysta for
11 røysta mot og punktet fall.

**Nytt pkt. 1.8**
17 røysta for
2 røysta mot
Nytt pkt. 1.8 vart vedteke.

**Nytt pkt. 1.9**
17 røysta for
2 røysta mot
Nytt pkt. 1.9 vart vedteke.

**Nytt pkt. 1.10**
9 røysta for
10 mot og punktet fall.

**Nytt pkt. 1.11**
8 røysta for
11 røysta mot og punktet fall.

**Nytt pkt. 1.12**
8 røysta for
11 røysta mot og punktet fall.

**Nytt pkt. 1.13**
Samrøystes vedteke.

**Nytt pkt. 1.14**
Lars Kristian Øvrebust, Sp fremma forslag om å trekke pkt. 1.14.
Samrøystes for at pkt. 1.14 vert trekt.
Punkt 1.14 vart trekt.

**Nytt pkt. 1.15**
8 røysta for
11 røysta mot og punket fall.

**Nytt pkt. 1.16**
9 røysta for
10 røysta mot og punktet fall.

**Det var så røysta over pkt. 2 - 12 samla i formannskapet si innstilling, vedteke den 30.11.23, i sak FS-099/23:**

**Pkt. 2 - 12**
Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

**Pkt. 13**
Det vart røysta over endringsforslaget frå H/Frp om at dette punktet utgår mot formannskapet si

innstilling, vedteke den 30.11.23, i sak FS-099/23:
11 røysta for formannskapet si innstilling
8 røysta for H/Frp sitt endringsforslag og punktet fall.

**Det var så røysta over pkt. 14 - 17 samla i formannskapet si innstilling, vedteke den 30.11.23, i sak FS-099/23:**

**Pkt. 14 - 17**
Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

**KS- 087/23 Vedtak:**

1. Fjord kommunestyre vedtek budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 i samsvar med vedlagte budsjettdokument med følgjande presiseringar:

1.1
Ta inn att kulturmidlane i budsjettet, kr 300 000. Kommunestyret ber samstundes om ei sak om retningslinene for kulturmidlane med sikte på ei revidering av desse. Formålet med ei slik sak er å spisse retningslinene slik at kulturmidlane når dei som treng det, samt at tildelingane er i samsvar med kommunen sine prioriteringar i dei kommunale planane.

1.2
Ta inn att medlemskap i Utmarkskommunenes Samanslutning (USS) i budsjettet, kr 50 000.

1.3
Kommunestyret vedtek å auke rammetilskot frå staten med 400 000 kr.

Kommunestyret ber og kommunedirektøren om snarleg å setje i gang prosess for omstilling og rasjonaliseringar på alle hovedkapitla. Arbeide aktivt med tiltak med mål om å redusere sjukefråveret med 10% kvart år.

Omstillingskravet i budsjett 2024 på 1,450 mill kroner skal følgjast opp i rapporteringa etter 1. tertial i form av budsjettendring som får fram at dette innsparingskravet er realisert.

Dersom rasjonaliseringane fører til vesentleg endring i tenestenivået ute i einingane skal dette leggast fram for kommunestyret.

1.4
Skulestrukturen med 1-10 skular i Eidsdal, Stordal og Valldal består som i dag for perioden 2024-2027.

1.5
Administrasjonen blir bedt om å utgreie samarbeid med andre kommunar og/eller private tenesteleverandørar for å løyse dei tyngste og mest spesialiserte kommunale oppgåvene innan alle hovudområda.

1.6
Dagens administrative organisering skal evaluerast med formål å spisse og redusere antall administrative og leiande stillingar.

1.7
Med visning til pkt 13 Næringsfond – prosjekt HUS. Kommunedirektøren blir bedt om å utarbeide plan for prosjektet. Prosjektplanen med tilhøyrande budsjett eller retningslinjer for bruk av budsjettmidlane skal godkjennast av kommunestyret.

2.
Investeringane vert vedteke i samsvar med vedlagte: Bevilgingsskjema investering del 2.

3.
Investeringane vert finansisert ved låneopptak, tilskot, bruk av mva kompensasjon og bruk av ubunde investeringsfond i samsvar Bevilgingsskjema investering del 1.

4.
For 2024 godkjenner Fjord kommunestyre låneopptak stort kr. kr. 7 125 000,-.

5.
Ordførar si godtgjersle vert fastsett til 8,5 G, for tida kr. 1 008 270,- .

6.
Kommunestyret i Fjord kommune vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i Fjord kommune i eigedomsskatteåret 2024, jf. eigedomsskattelova § 2. Utskriving av eigedomsskatt skjer i samsvar med kommunestyret sine fastsette reglar i skattetakstvedtektene, vedteke av kommunestyret 19 november 2019 , jf. eigedomsskattelova § 10.

7.
For eigedomsskatteåret 2024 skal Fjord kommune skrive ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, det vil sei «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg, jf. eigedomsskattelova § 4 tredje ledd

8.
Skattesatsen for skattepliktige eigedommar i Fjord kommune skal vere 7 promille i 2024.

9.
Kommunestyret vedtek at det i eigedomsskatteåret 2024 i gamle Norddal kommune i tillegg skal skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal trappast ned over sju år og i 2025 være lik 7/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er ansett som næringseigedom.

10.
Kommunestyret vedtek at det i eigedomsskatteåret 2025 i gamle Norddal kommune skal skrivast ut eigedomsskatt på bygg og tomt for verk og bruk som frå og med 2019 er ansett som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.

11.
Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd. Første termin er 20 mars, 2. termin er 20 juni, 3. termin er 20. september og fjerde termin er 20. desember.

12.
Fjord kommunestyre godkjenner opptak av lån stort kr. 10 mill til bruk I startlånordninga I Fjord kommune.

13.
Fjord kommunestyre ber administrasjonen legge fram sak om innføring av eigedomsskatt for næring, hus og hytter i Fjord kommune. Ein plan for innføring vert å legge fram for Fjord kommunestyre innan utgangen av februar 2024.

14.
Fjord kommunestyre godkjenner vedlagte klimabudsjett for 2024.

15.
Fjord kommunestyre godkjenner ramme for driftskreditt på inntil kr. 40 mill. Kommunedirektør får fullmakt til å iverksette bruk av driftskreditt.

16.
Budsjettet for 2024 og økonomiplan 2024-2027 med dei endringane som følgjer av dei voteringane og vedtak som er gjort i møtet, vert samrøystes vedteke.

17.
Kommunen startar prosess med å evaluere avhending av eigendomar og kommunal eigarskapsmelding som ikkje er naudsynt for kommunens tenesteyting, ref kommunestyresak i førre perioden

**Ungdomsrådet 11.12.2023:**

Einar Hoel frå økonomiavdelinga informerte generelt om kommunen sine inntekter og utgifter, samt budsjett.

Ungdomsrådet stilte spørsmål og fekk svar undervegs, og kom fram til følgjande uttale til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Uttale frå Fjord ungdomsråd:

- Ungdomsrådet er sterkt imot administrasjonen sitt forsalg om flytting av ungdomstrinnet ved Eidsdal skule og er enig med formannskapet om utsetting av saka til 2027.
- Når det gjeld forslag om fjerning av kulturmidlar, viser ungdomsrådet til uttale gitt i sak 048/23 Tertialrekneskap og budsjettjustering pr. 30.04.23, der det er poengtert at kulturmidlane er ein viktig del av drifta til mange av dei frivillige organisasjonane i kommune og at frivilligheita er ein viktig del av vår kommune. Ungdomsrådet er kritisk til at det igjen kjem forslag om fjerning av kulturmidlar.

Samrøystes vedteke.

**UNG- 010/23 Vedtak:**

**Uttale frå Ungdomsråd:**

Ungdomsrådet støttar formannskapet si innstilling, vedteke i møte 30.11.23, med følgjande kommentarar:

- Ungdomsrådet er sterkt imot administrasjonen sitt forsalg om flytting av ungdomstrinnet ved Eidsdal skule og er enig med formannskapet om utsetting av saka til 2027.
- Når det gjeld forslag om fjerning av kulturmidlar, viser ungdomsrådet til uttale gitt i sak 048/23 Tertialrekneskap og budsjettjustering pr. 30.04.23, der det er poengtert at kulturmidlane er ein viktig del av drifta til mange av dei frivillige organisasjonane i kommune og at frivilligheita er ein viktig del av vår kommune. Ungdomsrådet er kritisk til at det igjen kjem forslag om fjerning av kulturmidlar.

**Arbeidsmiljøutvalet 06.12.2023:**

Økonomisjef Arne Krohn ga orientering om budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027. Det er svært krevjande å få balanse for 2024. Fjord kommune har eit stort omstillingsbehov på 20-25 million. Risikobildet er utfordrande, med stor usikkerheit rund inntekter, pensjonskostnader, ein negativ demografisk utvikling, og høg lånegjeld. Dette medfører at kommunen er nøydd til å gjere nødvendige endringar i drift og struktur.

**AMU- 023/23 Vedtak:**

**Uttale frå AMU:**

I arbeidet med å fastsetje budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 blir det føreslått større struktur- og organisasjonsendringar innan fleire kommunale einingar, utgreiing av samarbeid med andre kommunar og/eller private tenesteleverandørar, samt evaluering av den administrative organisering med formål å spisse og redusere tal administrative stillingar.

Arbeidsmiljøutvalet skal arbeide for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Som ein del av dette skal AMU behandle planar om nybygg, prosessar eller ombyggingar.
I samband med moglege endringar i organisasjonen ønsker AMU å oppmode kommunedirektøren til å ta omsyn til kommunen sin rutine for omstilling. Arbeidsgjevar har eit stort ansvar for å ta vare på interessene til personalet under ein omstillingsprosess. Ein bør sikre at tilsette og organisasjonane deira blir tidleg informert og involvert.

AMU ser det som lite hensiktsmessig å redusere på tal tilsette utan at ein gjer (større) strukturendringar i organisasjonen. Ei redusering på tilsette utan ein ser på strukturen og kommuneorganisasjonen som heilskap vil gi negative konsekvensar i form av auka arbeidsbelastning på avdelinga(ne). I mange einingar er arbeidspresset allereie svært høg.
Å redusere årsverk utan endringar i organisasjonsstrukturen, vil i tillegg medføre reduksjon i

spisskompetanse og fører til eit dårlegare fagmiljø.
Dei negative konsekvensane kan også medføre til auka fråvær, kompetansetap og rekrutteringsvanskar.

I samsvar med KS sine anbefalingar ser AMU det som naturleg at arbeidet med struktur- og organisasjonsendringar, samt vurderinga om tal årsverk, styrast av kommunedirektøren. Slik får han handlingsrom til å finne gode løysingar og kan - som administrative leiar - sjå til at kommunen utviklar organisasjonen og tenesta til beste for innbyggjarane.

I samband med dette anbefaler AMU å utarbeide ein overordna plan for kommunen generelt, samt å utarbeide ein heilskapleg plan for oppvekst og helse, der ein ser på både organisasjonsstruktur og organiseringa av tenesteutøvinga. Dette for å få ein heilskapleg oversikt og budsjett i balanse, utan at det går utover kommunen sin tenestekvalitet.

**Råd for personar med funksjonsnedsetting 05.12.2023:**

Innstilling til vedtak frå formannskapet, vedteke i møte 30.11.23, vart delt ut i møte. Saka vart drøfta.

Samrøystes i samsvar med fellesframlegg til vedtak.

**RFUN- 008/23 Vedtak:**

**Uttale frå Råd for personar med funksjonsnedsetting:**

Råd for personar med funksjonsnedsetting støttar formannskapet si innstilling, vedteke i møte 30.11.23

**Eldrerådet 05.12.2023:**

Olav Løvoll fekk permisjon og gikk frå møte før behandling av saka. Egil Berge tok sete i møte som vara. 5 Representantar til stades.

Innstilling til vedtak frå formannskapet, vedteke i møtet 30.11.23, vart delt ut i møtet. Saka vart drøfta.

Fellesframlegg til vedtak:
*Eldrerådet støttar formannskapet si innstilling, vedteke i møtet 30.11.23.*

Samrøystes i samsvar med fellesframlegg til vedtak.

**EL- 014/23 Vedtak:**

**Uttale frå Eldreråd:**

Eldrerådet støttar formannskapet si innstilling, vedteke i møtet 30.11.23.

**Formannskapet 30.11.2023:**

Saka vart drøfta.

***Fellesframlegg frå Fjord Høgre og Fjord Framstegsparti:***

*Nytt pkt 1:*

*Fjord kommunestyre vedtek budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 i samsvar med vedlagte budsjettdokument med følgjande presiseringar:*

- *Skulestrukturen med 1-10 kl skular i Eidsdal, Stordal og Valldal består som i dag for perioden 2024-2027.*
- *Administrasjonen blir beden om å utgreie samarbeid med andre kommuner og/eller private tjenesteleverandører for å løyse dei tyngste og mest spesialiserte kommunale oppgåvene.*
- *Dagens administrative organisering skal evaluerast med formål å spisse og redusere antall administrative/leiande stillinger.*

*Nytt punkt 13:*

*Eigendomsskatt på hus, hytte og næring vert ikkje innført i perioden 2024-2027*

*Nytt pkt 17:*

*Kommunen startar prosess med å selje eigendomar som ikkje er naudsynt for kommunens tenesteyting, ref kommunestyresak i førre perioden.*

*H/Frp fremma følgjande endring til nytt pkt. 17:*

Nytt pkt 17:

*Kommunen startar prosess med å evaluere avhending av eigendomar og kommunal eigarskapsmelding som ikkje er naudsynt for kommunens tenesteyting, ref kommunestyresak i førre perioden.*

***Det vart røysta over dei endringspunkta som vart fremma av H/Frp mot kommunedirektøren si innstilling:***

**Nytt pkt. 1**
7 røysta for forslaget frå H/Frp
0 røysta mot
Endringsforslag frå H/Frp samrøystes vedteke.

**Pkt. 2 - 12**
Samrøystes for kommunedirektøren si innstilling.

**Nytt pkt. 13**
3 røysta for forslaget H/Frp som fall.
4 røysta for kommunedirektøren si innstilling

**Pkt. 14-16**
Samrøystes for kommunedirektøren si innstilling.

**Nytt pkt. 17**
7 røysta for forslaget frå H/Frp
0 røysta mot
Endringsforslag frå H/Frp samrøystes vedteke.

**FS- 099/23 Vedtak:**

**Innstilling til kommunestyret:**

1. Fjord kommunestyret vedtek budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024 – 2027 i samsvar med vedlagte budsjettdokument med følgjande presiseringar:
   1. Skulestrukturen med 1-10 kl skular i Eidsdal, Stordal og Valldal består som i dag for perioden 2024-2027.
   2. Administrasjonen blir beden om å utgreie samarbeid med andre kommuner og/eller private tjenesteleverandører for å løyse det tyngste og mest spesialiserte kommunale oppgåvene.
   3. Dagens administrative organisering skal evaluerast med formål å spisse og redusere antall administrative/leiande stillinger.

2. Investeringane vert vedteke i samsvar med vedlagte: Bevilgingsskjema investering del 2.
3. Investeringane vert finansisert ved låneopptak,tilskot, bruk av mva kompensasjon og bruk av ubunde investeringsfond i samsvar Bevilgingsskjema investering del 1.
4. For 2024 godkjenner Fjord kommunestyre låneopptak stort kr. kr. 7 125 000,-.
5. Ordførar si godtgjersle vert fastsett til 8,5 G, for tida kr. 1 008 270,- .
6. Kommunestyret i Fjord kommune vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i Fjord kommune i eigedomsskatteåret 2024, jf. eigedomsskattelova § 2. Utskriving av eigedomsskatt skjer i samsvar med kommunestyret sine fastsette reglar i skattetakstvedtektene, vedteke av kommunestyret 19 november 2019 , jf. eigedomsskattelova § 10.
7. For eigedomsskatteåret 2024 skal Fjord kommune skrive ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, det vil sei «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg, jf. eigedomsskattelova § 4 tredje ledd
8. Skattesatsen for skattepliktige eigedommar i Fjord kommune skal vere 7 promille i 2024.
9. Kommunestyret vedtek at det i eigedomsskatteåret 2024 i gamle Norddal kommune i tillegg skal skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal trappast ned over sju år og i 2026 være lik 7/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019
   som er forårsaka av nye verdsettingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er ansett som næringseigedom.
10. Kommunestyret vedtek at det i eigedomsskatteåret 2024 i gamle Norddal kommune skal skrivast ut eigedomsskatt på bygg og tomt for verk og bruk som frå og med 2019 er ansett

som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.

11. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd. Første termin er 20 mars, 2. termin er 20 juni, 3. termin er 20. september og fjerde termin er 20. desember.
12. Fjord kommunestyre godkjenner opptak av lån stort kr. 10 mill til bruk I startlånordninga I Fjord kommune.
13. Fjord kommunestyre ber administrasjonen legge fram sak om innføring av eigedomsskatt for næring, hus og hytter i
Fjord kommune. Ein plan for innføring vert å legge fram for Fjord kommunestyre innan utgangen av februar 2024.
14. Fjord kommunestyre godkjenner vedlagte klimabudsjett for 2024.
15. Fjord kommunestyre godkjenner ramme for driftskreditt på inntil kr. 40 mill. Kommunedirektør får fullmakt til å iverksette bruk av driftskreditt.
16. Budsjettet for 2024 og økonomiplan 2024-2027 med dei endringane som følgjer av dei voteringane og vedtak som er gjort i møtet, vert samrøystes vedteke.
17. Kommunen startar prosess med å evaluere avhending av eigendomar og kommunal eigarskapsmelding som ikkje er naudsynt for kommunens tenesteyting, ref kommunestyresak i førre perioden.

**Sakgrunnlag:**

Kommunelova har krav om at kommunestyret ein gong kvart år skal vedta rullerande økonomiplan for komande fire års periode. Lova krev at kommunestyret innan utgangen av året skal vedta budsjett for komande kalenderår. I Fjord kommune vert dette utarbeidd samla slik at første år i økonomiplanen er komande års budsjett. Det er sentrale forskrifter som gjev nærare reglar om innhaldet i økonomiplanen. Det er eit krav at planen skal vere realistisk og alle utgifter skal vere dekka inn.

**Saksopplysningar:**

Dette er budsjett for femte driftsår i Fjord kommune. Administrasjon har, så langt råd er, gått gjennom inntekter og utgifter for å få så god oversikt som mogeleg for å lage eit realistisk budsjett.

KS har utarbeidd prognose for skatteintekter og rammetilskot for budsjettåret 2024 og økonomiplanperioden 2024 – 2027.

Når det gjeld eigedomsskatt la ein saman med advokatfirma Lund Co. ein plan for innføring av eigedomsskatt i Fjord kommune. I arbeidet med eigedomsskatt la ein til grunn at det vart innført eigedomsskatt i heile Fjord kommune frå 01.01.2020. Innføring vart gjennomført i samsvar med utredning i LVK sitt notat. Prosessen med eigedomsskatt i Fjord kommune er gjennomført og var i 2023 harmonisert med satsar for eigedomskatt I tråd med opptrappingsvedtaket til 7 promille.

Når det gjeld konsesjonskraft er det informert om dette i budsjettdokument og økonomiplan.

Administrasjon har tidlegare informert om at ein over tid ser utfordringar med å få drifta av Fjord kommune I balanse. I budsjettet har kvart hovedområde fått skissert sitt krav til omstilling.

Det er orientert om aktuelle tiltak i formannskap og i kommunestyre.

Dei tiltak som er sett på for å tilpasse driftsnivået i 2024 er teke inn i budsjett for 2024 og er vist i budsjettdokument. Tiltak som det tidlegare er sett på (2021 - 2022 - 2023) vert vidareført så langt råd er i 2024 og økonomiplanperiode.

Iløpet av 2024 vil kommunedirektøren kome med planar for ytterlegare omtilling av drift for å tilpassse seg framtidige driftsrammer

Kommunedirektøren foreslår at det vert lagt fram plan om å innføre eigedomsskatt for dei område ein idag ikkje skriv ut eigedomssaktt på i Fjord kommune f.o.m 2025. Dette er i all hovedsak næring og for hus og hytter.

Rentenivået er sterkt aukande og belastar drifta vesentleg meir i 2024 enn dei siste 3 åra.

Fjord kommune mottek rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken. Dette er det teke omsyn til i budsjettet.

Når det gjeld kostnader er drifta innafor kvart enkelt rammeområde gjennomgått med alle einingsleiarar og kommunalsjefar.

Kostnadane skal vere realistiske med tanke på den oversikt ein har fått over drifta av den nye kommunen frå oppstarten I 2020. For oversikt og kommentarar til drifta for øvrig viser ein til budsjettdokumentet.

Investeringsbehovet i Fjord kommune er kartlagt. Utgangspunktet for administrasjon sine innspel er gjeldande økonomiplan. Det er prosjekt som kjem i tillegg, samt at kostnadsnivået på enkelte prosjekt er justert. I prosessen fram til budsjett er alle investeringsprosjekt samla i ein felles oversikt. Det er avhalde dialogmøte med formannskap og gruppeleiarar. Kommunedirektøren sitt framlegg går fram av vedlagte budsjettdokument Det er tydeleg informert om kva nivå investeringane i Fjord kommune må ligge på for ikkje å auke lånegjelda ytterlegare. Dette ser ein m.a. når ein får innhenta anbod på prosjekta. Prosjekt for 2024 er spesifisert i budsjettdokument.

Budsjett for Fjord kommune har konsekvensar for alle område spesifisert under. Det er umogeleg å sjå at ein kan oppretthalde driftsnivået som før, både i høve økonomi og i høve tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Derfor er det no heilt nødvendig å gjere omfattande grep for å få økonomien i balanse. Dette er omtalt i detalj i forslag til vedtak, I saksutgreiing og budsjettdokument. Samt også som vedlegg til budsjettet.

**Konsekvenser for:**

Økonomi

Miljø

Barn og unge

Folkehelse

Beredskap

Likestilling

Samfunnsdelen

**Saksvurdering og konklusjon:**

Dette er femte budsjett for Fjord kommune. Allereie hausten 2019 informerte kommunedirektøren om at I 2021 ville ein ha behov for å redusere budsjettet med 15 – 20 mill. Det vart laga sak om økonomisk omstilling som, så langt råd er, vart teken omsyn til I budsjettarbeidet for 2021, 2022 og også for 2023. Det viser seg at dei øknomiske forutsetningane fortsatt er utfordrande i 2024. Ein ser og at utfordringane vil vare ved ividare I økonomiplanperioden. Det er utarbeid forslag til tiltak som formannskap og kommunestyre må ta stilling til. Og no er det avgjerande at det vert vedtak som gir varig endring og innsparing. Ein klarer så langt ikkje å innfri vedtekne målsettingar om økonomiske måltal. Det er viktig at ein har fokus på økonomiske måltal også gjennom 2024, og at ein arbeider kontinuerleg for å forbetre drifta slik at ein kjem I posisjon til å oppfylle dei krav som Fjord kommunestyre har vedteke. Inntekter og utgifter i budsjett og økonomiplan vert vurdert til å vere realistiske og kommunedirektøren anbefaler derfor at budsjettet vert godkjend slik det ligg føre.

Bjørn Inge Ruset

kommunedirektør